



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

ÅRSRAPPORT 2014



INNHOLD

| | |
|--|----|
| Året 2014 - slik fylkesrådmannen ser det | 4 |
| Fylkeskommunen - organisasjon og ressursar | 9 |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 10 |
| Rekneskapen 2014 | 12 |
| | |
| Innbyggjarane møter fylkeskommunen | 20 |
| Klima og miljø | 21 |
| Internasjonalt arbeid | 23 |
| Innkjøpstenesta | 24 |
| Målekart for 2014 | 27 |
| Kultur | 28 |
| Opplæring | 39 |
| Plan og næring | 47 |
| Samferdsle | 59 |
| Den offentlege tannhelsetenesta | 70 |
| Bygg og eigedom | 73 |
| | |
| Det indre liv | 75 |
| Arbeidsgjeverområdet | 76 |
| Likestilling, likeverd og mangfold | 80 |
| Forvaltningsrevisjon og internkontroll | 86 |
| Verdigrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune | 88 |

Året 2014 - slik fylkesrådmannen ser det



Utsikt fra Molden til Nes og vidare innover Lustrafjorden.
Foto: Birthe Johanne Finstad

2014 vil eg særleg hugse som året der staten sitt arbeid med å omorganisere store delar av offentleg sektor, skaut fart. Og året der vår eigen fylkeskommune vart førespeglia mykje lågare del av dei fylkeskommunale totalinntektene enn det vi har hatt fram til no.

OFFENTLEG SEKTOR

Når vi sjølv er ein del av kommunesektoren, kan vi fort tru at det berre er oss som blir utfordra på nye organisatoriske løysingar. Men slik er det ikkje. Tunge statlege velferdsytalar som universitet, høgskular og sjukehus og mykje av apparatet under Justis- og beredskapsdepartementet blir òg utfordra på å organisere seg på andre måtar. Berre for å nemne nokre - i ei rekke av ganske mange.

Det spesielle med dei statlege omorganiseringane er likevel at mange piler peikar i sentraliserande retning. På dette området kunne eg ønskt meg at både regjeringa og Stortinget hadde sett litt nøyare på den geografiske fordelingsdimensjonen.

I tillegg kunne eg ønskt meg at staten hadde stilt nokre spørsmål ved departements- og direktoratstrukturen. Her har leiinga i Kommunal- og moderniseringsdepartementet nyleg uttalt at det no er så mykje på gang at dei rett og slett ikkje har kapasitet til å sjå på meir. Dette er både forståeleg og uforståeleg. Også her kunne dei dradd opp nokre få sentrale mål, og så bedt alle einingar om å setje i gang «nabopraten», på same måte som dei har gjort det mot kommunesektoren. Eller vert dette for lettvint, når det gjeld eiga verksemد?

Staten har heller ikkje vore særleg oppteken av å organisere verksemda si slik at ho er avstemt med den folkevalde region- og kommunestrukturen. Tvert imot, forskjellane mellom statleg og kommunal organisering er berre blitt større og større. Eg trur stadig fleire i kommunesektoren opplever det som utfordrande at verksemda til staten er vorten svært fragmentert, og at vi nesten aldri møter eit statleg nivå med eit meir samla ansvar. Ja, kven representerer eigentleg denne staten?

KOMMUNE- OG REGIONREFORMA

Statlege styresmakter har bestemt at alle kommunar, innan neste sommar, må ha gjort vedtak om kven dei vil slå seg saman med. Så skal dei statlege «kartteiknarane» overta før Stortinget i 2017 skal vedta korleis kommunekartet skal sjå ut - frå 2020. For fylkeskommunane sin del vedtok Stortinget i 2014 at desse bør erstattast av større og færre regionar. Denne prosessen skal gå parallelt med kommunereforma.

Eg trur at for at dette skal lukkast må statlege styresmakter ha både vilje og evne til å sjå oppgåvedelinga mellom staten og kommunesektoren i samanheng. Staten må vere viljig til å flytte oppgåver frå sentral og regional stat til eit folkevald kommunalt nivå. Dersom staten ikkje legg seg på ei slik line, trur eg stadig fleire vil ta den kjende posisjonen med at ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får. Og det er aldri eit godt utgangspunkt dersom ein ønskjer å forankre slike tunge prosessar blant folk flest.

Både fylkesordførarkollegiet og hovudstyret i KS vedtok i 2014 at generalistprinsippet må stå fast, og at klårt definerte oppgåver må førast over frå statsforvaltninga, både sentralt og regionalt, til folkevalde kommunar og fylkeskommunar/regionar. Det vil vere veldig utfordrande dersom staten ser heilt bort frå dette.

I kommunereforma ligg det ein stadig tydelegare «by-land»-dimensjon. For vel eitt år sidan var det lagt sterkt vekt på at kommunar med få innbyggjarar ikkje makta å tilby gode nok tenester. No får transport- og arealproblema i og rundt dei inneklemta byane mykje større merksemđ. Ja, mange meiner at det er her dei eigentlege problema ligg. Eller som eg nett høyrd: Må kommunestrukturen i Nordfjord endrast for at ein skal få løyst trafikkproblema på Danmarks plass (Bergen) og må ein gjere tilsvarande i Ryfylke fordi ein i Stavanger-området ikkje greier å løyse eigne problem? Spissformuleringar, men likevel verdt å tenkje gjennom.

Ved årsskiftet 2014/15 er ei ny utgreiing under oppsegling i fylket vårt. Ut frå vedtak i fylkesutvalet og med god forankring i kommunane, kan vi i 2015 få utgreidd korleis kommunesektoren sjølv ser føre seg at oppgåvedelinga mellom staten, fylkeskommunen og kommunane bør vere her i fylket. Ideen er å bruke alle utgreiingane som nyleg er framlagde nasjonalt - på fylket vårt. Dette kan auke merksemđa mot oppgåvesida i kommune- og regionreforma og gje grunnlag for interessante innspel til statlege styresmakter - i ei tid der alle snakkar om grenser og få om oppgåver.



Fylkesrådmann Tore Eriksen.
Foto: Oskar Andersen

DEN REGIONALE UTVIKLINGA

Folketaket i Sogn og Fjordane nådde i 2014 ei ny historisk høgd. Vi vart då 109 170 innbyggjarar, eller 205 personar (+ 0,2 prosent) fleire enn i 2013. Og vi opplevde, akkurat som i 2013, ein auke i 13 kommunar og ein nedgang i 13 kommunar.

Dette er likevel svakare tal enn dei måla som ligg i ulike regionale plandokument. Og ingen andre fylke hadde ein så beskjeden vekst frå 2013 til 14.

Betyr dette at vi ikkje lukkast der alle andre opplever vekst?

Eg trur vi til no har klart oss minst like godt som dei vi eventuelt bør samanlikne oss med. Sogn og Fjordane er eit fylke med eit veldig tydeleg distriktspreg. Vi har få innbyggjarar i høve arealet, vi har veldig mykje spreidd busetnad og vi manglar store (by)kommunar. Eg trur at ingen andre fylke direkte kan samanliknast med vårt.

Vi samanliknar oss likevel ofte med Nord-Trøndelag, Nordland, Hedmark og Oppland. Det er fylke som kunne notere ein vekst på frå 0,3-0,5 prosent frå 2013 til 14, altså om lag det dobbelte av oss. Men ser vi bak dei reine fylkestala, hadde også desse fylka nedgang i halvparten av kommunane. Forskjellen er at dei nemnde fylka har 2-3 bykommunar som kvar har 20 000 - 50 000 innbyggjarar. Og vi har ingen slike. Dersom vi held desse store kommunane utanfor, ser vi at veksten i resterande (104) kommunar var svakare enn veksten i fylket vårt. Leik med tal? Eg trur slike samanlikningar er vel så relevante som dei vi oftast gjer.

Min demografiske konklusjon er todelt: Vi bør nyansere dei analysane vi stadig gjer på dette området. Og vi bør dempe dei ambisjonane har hatt på plansida dei siste åra.

ØKONOMISK RESULTAT

Rekneskapen til fylkeskommunen for 2014 viser eit driftsoverskot på 43,5 mill. kr, dvs. eit resultat på same nivå som vi har hatt dei siste åra. Det er ikkje overraskande, i og med at det nye inntektssystemet tek til å verke først frå 2015/16.

Samtidig fall netto driftsresultatet vårt frå 394 til 66,7 mill. kr frå 2013 til 14. Dette viser med all tydelegheit at dette resultatet har vore ekstraordinært høgt ein periode, og at vi såleis ikkje har ein spesiell buffer for dei reduserte inntektene vi er førespegla framover.

Fellesinntektene og -utgiftene våre er i stor grad ikkje styrbare løyingar. Her har vi tidlegare hatt relativt store avvik både på skatt, lokale inntekter og pensjonsutgifter. 2014-tala viser nær balanse på desse postane samla.

På dei styrbare løyingane, som i hovudsak ligg på sektornivået, kom vi ut med ei netto innsparing på 42 mill. kr i 2014. Vi har her lagt sterkt vekt på god budsjettdisiplin. Rekneskapen tyder på at dette har gitt ei rekke innsparinger som i sum gjev eit rimeleg godt resultat. Sektornivået i fylkeskommunen har samla brutto utgifter på vel 2,8 mrd. kr, og i sum har vi her ei budsjettgjennomføring på nær 98,5 prosent.

Samferdslesektoren hadde eit netto mindreforbruk på 8,6 mill. kr, dvs. omlag 1 prosent av den samla ramma. Innsparinga kom i hovudsak på kollektivsida og då på bilrutene (7,9 mill. kr). Det vart her mindreforbruk på både skuleskyss, ungdomskort, ruteproduksjon og administrasjon. Resten av innsparing ligg på trafikktryggingsutvalet.

Opplæringssektoren kom ut med eit netto mindreforbruk på 22 mill. kr. Dette skriv seg frå straum til skulebygg (3 mill. kr), ufordelte midlar til utdanningsprogramma (5,5 mill. kr), tilpassa opplæring (2,5 mill. kr) og tilskot til lærebedrifter (7,5 mill. kr).

Samla sett auka utgiftene til opplæring med omlag 11 mill.kr (1,4 prosent) frå 2013 til 14. Det betyr i praksis ein realnedgang på ca. 13 mill.kr frå året før.

Forvalningssektoren står for netto 9,0 mill. kr av innsparinga. Rekneskapen viser ei innsparing på politisk styring (1,9 mill. kr), meir inntekter/mindreforbruk på drift av stab, avdelingar og tenesteeiningar (3,1 mill. kr), eit mindreforbruk på bygg- og eigedomsforvaltninga (1,0 mill. kr) og på administrasjonsbygninga (0,9 mill. kr). Vi fekk ei insparing på 2,0 mill. kr på personalretta tiltak (bedriftshelsetenesta, tillitsvaldordninga og HMT-tiltak).

Dei andre sektorane har berre mindre avvik. Kultursektoren fekk eit lite meirforbruk (0,3 mill. kr) og plan og næring eit mindreforbruk (2,6 mill. kr). Tannhelsetenesta kom ut med ei unytta løying (3,5 mill. kr) som inngår i resultatoverføringsordninga.

Førebelse KOSTRA-tal for 2014 viser at utgiftene pr. innbyggjar i dei ulike sektorane ligg godt over landsgjennomsnittet. Desse avvika har vore relativt stabile dei siste åra. Noko av grunnen til dette er at fylkeskommunen vår - i følgje inntektssystemet - har eit utgiftsbehov som ligg tilsvarande over landsgjennomsnittet.

INNTEKTSUTSIKTER TIL FYLKESKOMMUNEN

Regjeringa la i mai 2014 fram kommuneproposisjonen for 2015. Her la dei opp til ei gradvis innføring av eit nytt fylkeskommunalt inntektssystem (2015-19). Den såkalla systemeffekten for fylkeskommunen vår viser pr. dato ein inntektsnedgang på 278 mill. kr pr. år frå 2019. Vi er samtidig førespela ein tapskompensasjon på 54 mill. kr, slik at den faktiske reduksjonen vert 224 mill. kr.

Den sentrale prosessen viste at regjering og Storting her drog i ulike retningar: Medan systemeffekten auka frå framlagt kommune-propisisjon til framlagt statsbudsjett frå 264 til 278 mill. kr (regjeringa), auka Stortinget den samla kompensasjonen, først med 30 mill. kr, så med nye 60 mill. kr. Dette siste gjorde at Sogn og Fjordane, som er det fylket som er den store systemtaparen, fekk auka den samla kompensasjonen frå 26 til 54 mill. kr.

Slik fylkesrådmannen ser det må målet vere å få Stortinget med på ei vidare opptrapping av nemnde tapskompensasjon fram mot 2019. Det vil i så fall kunne avgrense det samla tapet vårt til ca. 135 mill. kr pr. år. Også ein slik inntektsreduksjon vil setje det statlege prinsippet om likeverdige tenester på ein hard prøve.

LÅGARE INNTEKTER - KVA SÅ?

Eg meiner vi har kome godt i gang med å tilpasse oss til eit lægre inntektsnivå. Vi fekk i 2014 til relativt gode prosessar på politisk side, og dette ser no ut til å bli følgd opp gjennom ei rekke politisk klarerte utgreiingsprosessar. Eg trur det er viktig at vi her greier å samarbeide på ein ryddig og føreseieleg måte.

Mykje merksemrd har så langt vore retta mot ulike driftsrelaterte tenester. Men det er òg viktig kva vi gjer når det verkeleg store «utgiftssakene» kjem på bordet. Går vi då for dei dyraste alternativa, eller vel vi noko meir nøkternt? Fylkestinget gjorde kanskje nøkterne val når dei bestemte seg for den «nest beste løysinga» for Høyangertunnelen (oktober) og gjekk for vedlikehaldsalternativet ved Sogn Jord- og Hagebrukskule (desember). Kanskje bør vi bli flinkare til å tenkje «godt nok» på alle nivå?

Det er tilsvarende viktig å vurdere kva vi skal gjøre i den grad det blir realisert verdiar i organisasjonen vår. Prioriterer vi då å få ned den altfor høge lånegjelda, eller handlar vi meir kortsiktig og vel å satse på nye investeringstiltak?

Det kan fylle oss med tungsinn å berre jobbe med reduksjonstiltak. Eg viser difor til at fylkesordføraren for ei tid tilbake varsla at vi kanskje òg burde ta ein «felles sats». Det gjorde ho ved å vise til den nye verdiskapingsplanen vår. Det ligg eit stort arbeid bak denne, både politisk og administrativt. Kanskje bør vi finne eitt eller to tiltak i planen, som vi alle kan stille oss bak? Det vil vere å ta bod nr åtte på alvor!

TI BOD

Då det nye inntektssystemet vart lagt fram i mai/juni 2014, forma både fylkesrådmannen og finansutvalet ti bod som vi med fordel bør sjå mot. Eg trur det kan vere greitt å minne oss alle om desse:

1. Innbyggjarane sitt beste må heile tida ha stor merksemd - det er dei vi er til for.
2. Respekt for alle tilsette. Fylkestinget, fylkesutvalet, finansutvalet og fylkesrådmannen må, som overordna arbeidsgjevarorgan, handsame alle tilsette med respekt. Vi må framstå som ein god og ansvarleg arbeidsgjevar.
3. Følgje gjeldande lover og forskrifter - for til både innbyggjarar, brukarar og tilsette.
4. Oppgåver kan vere lovpålagte - men sjeldan måten vi løyser dei på. Organisering og strukturar er til vanleg ikkje lovregulerte, desse må vi vere budde på å gjøre noko med.
5. Tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg konsekvensutgreidde før dei eventuelt vert vedtekne.
6. Planlegge/budsjetttere realistisk. Det må vere mogleg å gjennomføre alle vedtak om reduksjonar.
7. Ostehøvelen er ikkje kraftig nok. Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.
8. Brems og framleis litt gass. Vi bør framleis prøve å ta vare på nokre vekstelement innafor dei samla prioriteringane våre.
9. Sikre rett og nok kompetanse. Vi må i den fasen vi no går inn i sikre at vi har nok strategisk kompetanse på økonomisk, juridisk og organisatorisk side.
10. Beting av eksterne rammevilkår. Vi må i fellesskap arbeide for å betre dei eksterne rammevilkåra til fylkeskommunen.

EIGARSKAPSARBEIDET

Fylkestinget gjorde i 2014 vedtak om å starte ein prosess med tanke på å avvikle eigarskapen i Luna Industri AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS og Norsk Fjordhestsenter AS.

Dette arbeidet er så vidt starta, og det står att å sjå kva endringar fylkestinget vil gjere.

NYTT VERDIGRUNNLAG

Fylkestinget vedtok i desember eit nytt fylkeskommunalt verdigrunnlag. Vedtaket viser

- at det som går føre seg i fylkeskommunen skal vere demokratisk forankra
- at vi skal tilby gode tenester
- at vi skal arbeide slik at vi har/opparbeider høg tillit
- at vi er utviklingsorienterte

Dette er kopla mot at dei overordna normene våre skal vere

- open
- med innsikt
- med integritet
- med respekt

Det er ikkje utan vidare enkelt å utleie kva dette betyr for meg og oss, korkje i den litt store samanhengen eller i kvarldagen. Eg trur likevel det er lurt at vi både i «plenum» og kvar for oss bruker litt tid på slikt. Det gjev faktisk mening, og kanskje òg litt politisk og administrativ «avkastning»?

SLUTTORD

Den fylkeskommunale årsrapporten og tilhøyrande rekneskap er den viktigaste attendemeldinga fylkesrådmannen gir til fylkestinget. Begge delar er heimla i kommunelova § 48.

Etter rapporteringsåret 2012 har hovudutvala ikkje lagt fram eigne årsmeldingar. Det vart samtidig lagt til grunn at årsrapporten og tilstandsrapporten for vidaregående opplæring skulle samordnast.

Det endrar ikkje føremålet med den administrative årsrapporten.

Som følgje av desse endringane vert årsrapporten også lagt fram i hovudutvala.

Eg vil takke fylkestinget for godt samarbeid også i 2014. Eg opplever at både administrasjonen og eg har tillit i det politiske miljøet og vonar at vi viser oss denne tilliten verdig. Eg vil òg takke medleiarar, tilsette og organisasjonane for eit godt og utviklande samarbeid.

Leikanger, 31. mars 2015

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Fylkeskommunen

- organisasjon og ressursar



Over høgfjellet.
Foto: Sverre Hørnevik

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane styrer fylkeskommunen. Det gjer dei ved å velje representantar til fylkestinget, som er det øvste politiske organet i fylkeskommunen. Hovudansvarsområda er opplæring, tannhelse, samferdsle, kultur, næringsutvikling, fylkesvegar, energipolitikk og planlegging.

Vidaregåande opplæring for ungdom og voksne er det største tenesteområdet til fylkeskommunen. Vi har tolv vidaregåande skular med plass til vel 4400 elevar. Fylkeskommunen har også ansvaret for at lærlingar og lærekandidatar får vidaregåande opplæring i bedrift.

Kultursektoren arbeider med å ta vare på kulturminne av regional og nasjonal verdi. Vi forvaltar spelemiddelordninga, administrerer Den kulturelle skulesekken og driv musikkarbeid i form av fylkes- og distriktsmusikarordningane. Vi støttar det frivillige kulturlivet og driv ungdomsarbeid.

Fylkeskommunen er den største vegeigaren i fylket med totalt 2607 km fylkesveg. Statens vegvesen har det vegfaglege ansvaret for fylkesvegnettet på vegner av fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har også ansvar for kollektivtrafikktilbodet i fylket. Vi har fleire ordningar som er etablerte for å gje ungdom eit trygt og godt offentleg transporttilbod. Trygt heim for ein 50-lapp og ungdomskort er døme på slike.


Fylkeskommunen arbeider med planlegging etter plan- og bygningslova. Dette inkluderer samarbeid med og rettleiing av kommunane. Folkehelse, tettstadforming, prinsippet om universell utforming, omsynet til oppvekstvilkår for barn og unge og estetisk utforming er viktige omsyn her.

Det er ei overordna oppgåve for fylkeskommunen å leggje til rette for næringsutvikling i heile fylket. Vi er med og gjere det mogleg å skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Samstundes vidareutviklar vi eksisterande næringar. Vi samarbeider tett med kommunane og Innovasjon Norge for at næringslivet og etablerarar skal lukkast.

Den offentlege tannhelsetenesta behandler alle grupper klientell. Det er 28 tannklinikkar i Sogn og Fjordane, av desse er fem klinikkar ikkje dagleg bemanna.

POLITISK ORGANISERING

Fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune har 39 medlemmer. Styringsforma er formannskapsprinsippet.



Kart 1: Politisk organisering.

POLITISK ORGANISERING 2015-19


Fylkestinget har vedteke at den politiske organiseringa i fylkeskommunen for valperioden 2015-19 vert endra. Frå 2015 vert den politiske organiseringa slik:

- Fylkestinget skal ha 31 medlemer.
- Fylkesutvalet skal ha 9 medlemer.
- Fylkeskommunen skal ha 3 hovudutval, kvart med 9 medlemer: hovudutvalet for samferdsle, hovudutvalet for opplæring og hovudutvalet for næring og kultur.
- Kontrollutvalet skal ha 5 medlemmer.



ADMINISTRATIV ORGANISERING

Hovudrolla til sentraladministrasjonen i fylkeskommunen er å vere politisk sekretariat. Hovudoppgåvene er drift, forvaltning og utvikling. Kart ein og viser den politiske og den administrative organiseringa av fylkeskommunen.



Kart 2: Administrativ organisering

Rekneskapen 2014

Dei siste åra har rekneskapen vore gjort opp med overskot. Overskotet for 2014 er 43,5 mill. kr. Resultatet skuldast i all hovudsak innsparingar på sektornivå.

NYTT INNTEKTSSYSTEM

Det nye inntektssystemet vert sett i verk først frå 2015, og det har såleis ikkje noko med rekneskapen for 2014 å gjere. Vi vil heller ikkje få store utslag av det nye systemet i 2015, fordi vi dette året får ein tapskompensasjon som nær veg opp førespeglad reduksjon. Først frå 2016 vil inntektsrammene til fylkeskommunen gå vesentleg ned, fram til dei i 2019 - ved full innføring av nytt system - er reduserte med heile 224,5 mill. kr årleg.

DRIFTSREKNESKAP

| Økonomisk oversikt - drift (mill. kr) | Budsjett 2014 | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|--|------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|
| Skatt på inntekt og formue | 545,0 | 547,0 | 534,3 | 508,4 | 473,9 |
| Rammetilskot | 1 565,5 | 1 566,2 | 1 632,1 | 1 663,2 | 1 493,7 |
| Andre statlege overføringer | 120,0 | 164,6 | 133,6 | 97,8 | 103,1 |
| Konsesjonskraft og utbyte* | 105,8 | 104,3 | 131,8 | 95,9 | 136,2 |
| Andre driftsinnt, eks. renter* | 249,1 | 512,2 | 606,0 | 485,1 | 514,3 |
| Sum driftsinntekter | 2 585,5 | 2 894,3 | 3 037,8 | 2 850,5 | 2 721,1 |
| Driftsutgifter eks. avskrivningar | 2 350,9 | 2 677,7 | 2 525,4 | 2 396,9 | 2 281,5 |
| Brutto driftsresultat | 234,6 | 216,6 | 512,5 | 453,6 | 439,6 |
| Renteinntekter* | 21,0 | 24,5 | 28,2 | 24,6 | 27,9 |
| Renteutgifter | 72,0 | 58,3 | 58,2 | 53,9 | 47,4 |
| Avdrag på lån | 101,4 | 116,1 | 88,2 | 80,5 | 75,5 |
| Netto driftsresultat | 82,2 | 66,7 | 394,3 | 343,8 | 344,6 |
| Bruk tidl. år mindreforbruk | 45,5 | 45,5 | 50,5 | 27,4 | 30,7 |
| Bruk av disposisjonsfond | 31,5 | 200,9 | 154,9 | 114,5 | 70,0 |
| Bruk av bundne fond | 10,9 | 161,4 | 93,0 | 37,4 | 79,2 |
| Sum bruk av avsetninger | 87,9 | 407,9 | 298,4 | 179,3 | 179,9 |
| Avsett til disposisjonsfond | 85,2 | 222,6 | 247,2 | 180,7 | 125,6 |
| Avsett til bundne fond | 0,2 | 123,7 | 115,1 | 86,5 | 96,7 |
| Overført til investeringsrek | 84,7 | 84,7 | 284,8 | 205,4 | 274,7 |
| Rekneskapsmessig meir-/mindre-forbruk | - | 43,5 | 45,5 | 50,5 | 27,4 |

*Netto inntekt konsesjonskraft 54,9 mill. kr og utbytte 49,4 mill. kr er trekt som lokale inntekter.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter




Diagram 1.

Netto driftsresultat vert ofte nytta som indikator på kor god økonomi ein kommune eller fylkeskommune har. Det er tilrådd å ha eit netto driftsresultat i storleiksorden tre prosent (av samla driftsinntekter). Fylkeskommunen vår har dei seinare åra hatt eit netto driftsresultat i storleiksorden 12-13 prosent.

Ved framlegginga av nytt inntektssystem i 2014 vart det frå sentralt hald vist til det gode netto driftsresultatet til Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2010-13. Ut frå dette vert det hevda at fylkeskommunen vår ville tote eit klårt lægre inntektsnivå.

Fylkesrådmannen uttrykte då at netto driftsresultat er eit dårleg uttrykk for den økonomiske stoda. Dette ser vi tydeleg i rekneskapen for 2014, som viser eit netto driftsresultat på 66,7 mill. kr, eller 2,3 prosent. Dette er ein nedgang på heile 327 mill. kr frå 2013 då vi hadde eit netto driftsresultat på 13,2 prosent.

Fylkeskommunane samla hadde eit netto driftsresultat på 2,8 prosent i 2014.

Den store endringa i netto driftsresultat kjem i hovudsak frå lægre overføringer av driftsmidlar til investeringar. Dette har igjen samband med ferdigstillinga av dei to store investeringsprosjekta - Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet - i 2013.

Renter og avdrag




Diagram 2.

Nivået på rente og avdragsbelastninga i prosent av samla driftsinntekter har auka frå 4,9 prosent til 6,1 prosent frå 2013 til 2014. Dette betyr at 6,1 prosent av alle inntektene til fylkeskommunen vert nytta til å dekke renter og avdrag.

I høve resten av landet har vi gått frå å vere om lag som gjennomsnittet av fylkeskommunane i 2013, til å ha ei rente-/avdragsbelastning som er om lag 1 prosentpoeng høgare enn snittet i 2014. Utfordringane med den høge lånegjelda vil òg bli større i åra som kjem. Den store reduksjonen i rammetilskot som følgje av nytt inntektssystem, kombinert med venta auke i rentenivået medfører at rente- og avdragsbelastninga vert ein vesentleg større del av dei samla driftsinntektene.

Avdragsbetaling på langsiktig gjeld i drifta utgjorde 116 mill. kr. i 2014. I tillegg er 36 mill. kr utgiftsført som ekstraordinært avdrag i investeringsrekneskapet, som følgje av sal av eigedom. I 2014 er samla avdrag auka med omlag 64 mill. kr samanlikna med 2013.

Brutto renteutgifter er på 58 mill. kr. Dette er om lag same nivå som i 2013. Eit noko lågare rentenivå gjer at vi - trass i auka gjennomsnittleg lånegjeld - ikkje har hatt auke i renteutgiftene.

Driftsutgifter spesifisert sektorvis

| Sektor (mill. kr) | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2013 | Prosentvis vekst |
|-------------------------------|----------------|----------------|------------------|
| Forvaltning og fellesutgifter | 120,0 | 118,0 | 1,7 |
| Opplæring | 814,5 | 795,3 | 2,4 |
| Tannhelse | 83,6 | 80,9 | 3,3 |
| Plan og næring | 111,9 | 137,2 | -18,5 |
| Kultur | 74,2 | 79,3 | -6,4 |
| Samferdsle | 884,1 | 1 007,3 | -12,2 |
| Sum | 2 088,3 | 2 218,1 | -5,9 |

Tabell 2.

Sum netto driftsutgifter er redusert med 5,9 prosent frå 2013 til 2014. Tek vi omsyn til løns- og prisveksten for komunesektoren på 3,1 prosent, er realnedgangen på 9 prosent. Dei sektorane som har hatt størst nedgang er plan og næring med 18,5 prosent og samferdsle med 12,2 prosent. Hovudforklaringane ligg i nedgangen i regionale utviklingsmidlar for plan og næring sitt vedkomande og bortfall av driftsmidlar til investeringsprosjekta Bremangersambandet og Dalsfjordsambandet (105 mill. kr) på samferdsle. Nedgangen for kultur skuldast reduserte kostnader til ungdomskort, fylkesjubileet og utviklingsmidlar.

Budsjettavvik

| Sektor (mill. kr) | Budsjett 2014 | Rekneskap 2014 | Avvik |
|-------------------------------|---------------|----------------|-------|
| Forvaltning og fellesutgifter | 129,0 | 120,0 | 9,0 |
| Opplæring | 836,5 | 814,5 | 22,0 |
| Tannhelse | 83,6 | 83,6 | 0,0 |
| Plan og næring | 114,5 | 111,9 | 2,7 |
| Kultur | 74,0 | 74,2 | -0,2 |
| Samferdsle | 892,8 | 884,1 | 8,7 |
| Sum sektornivå | 2 130,4 | 2 088,3 | 42,1 |
| Fellesutgifter og -inntekter | -2 130,4 | -2 131,8 | 1,4 |
| Rekneskapsresultat | 0,0 | -43,5 | 43,5 |

Tabell 3.

Fellesutgifter og fellesinntekter

Fellesutgifter og -inntekter har ei samla innsparing på 1,4 mill. kr. Det skriv seg frå ei innsparing på kapitalutgifter på 1,2 mill. kr, ei meirinntekt på rentekompensasjon for fylkesveganlegg på 0,9 mill. kr, skatt/rammetilskot på 0,3 mill. kr, avdrag utlån 0,4 mill. kr og ei mindreinntekt på konsesjonskraft på 1,5 mill. kr.

Sektorane

Samferdslesektoren hadde eit samla netto mindreforbruk i 2014 på 8,6 mill. kr, dvs. omlag 1 prosent av den samla ramma på sektor-en. Innsparingane kjem i hovudsak på kollektivsida, med eit mindreforbruk på 7,9 mill. kr på løyvinga til birluter. Det er her registrert mindreforbruk i samband med skuleskyss, ungdomskort, ruteproduksjon og administrasjon. Resterande innsparing ligg til trafikktryggingsutvalet.

Opplæringssektoren hadde i 2014 eit samla netto mindreforbruk på om lag 22 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er straumutgifter skulebygg på omlag 3 mill. kr, ufordelte midlar til utdanningsprogramma på 5,5 mill. kr, tilpassa opplæring på 2,5 mill. kr og tilskot til lærebedrifter på 7,5 mill. kr.

Innsparinga på ufordelte midlar til utdanningsprogramma er i hovudsak knytt til midlar øyremerka tilbod om fagopplæring i skule og påbygg for elevar som har fullført fagbrev. Tilboda kom i gang seint på året og vart difor ikkje belasta budsjettet i 2014.

På bakgrunn av prognostisert auke i tilskot til lærebedrifter vart denne anslagsløyvinga auke i 2014. Trass i aktivt arbeid for å styrke fagopplæringa og auke gjennomføringa er det framleis mangel på læreplassar innan fleire fagområde. Tal inngåtte lærekontraktar vart difor lågare enn forventa.

Dei vidaregåande skulane hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 5 mill. kr i høve budsjettløyvinga i 2014. Dei vidaregåande skulane har resultatoverføring, og det påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet.

Samla har opplæringssektoren auka utgiftsnivået sitt med omlag 11 mill. kr frå 2013 til 2014. Dette utgjer ein auke på 1,4 prosent. Budsjettet for 2014 la opp til ein auke på 3,1 prosent. Det betyr i praksis at opplæringssektoren har ein realnedgang i utgiftsnivået sitt på omlag 13 mill. kr frå året før.

Forvaltning står for netto 9,0 mill. kr av innsparinga. Dei største postane her er eit mindreforbruk på politisk styring på 1,9 mill. kr, meirinntekter/mindreforbruk på drift av stab, avdelingar og tenesteeiningar på 3,1 mill. kr, eit mindreforbruk på bygg- og eigedomsforvaltninga på 1,0 mill. kr og på administrasjonsbygninga på 0,9 mill. kr. På personalretta tiltak er det ei samla innsparing på 2,0 mill. kr knytt til bedriftshelsetenesta, tillitsvaldordninga og HMT-tiltak.

Dei andre sektorane har mindre avvik som i sum utgjer 2,3 mill. kr i netto innsparingar. **Kultursektoren** har eit meirforbruk på 0,3 mill. kr, **plan og næring** eit mindreforbruk på 2,6 mill. kr, medan **tannhelsetenesta** har resultatføringsordning og får med resultatet sitt på 3,5 mill. kr over til 2015.

INVESTERINGAR

| Hovudtal (mill. kr) | Budsjett 2014 | Rekneskap 2014 | Avvik | Rekneskap 2013 |
|-----------------------------|---------------|----------------|--------------|----------------|
| Forvaltning | 12,9 | 10,9 | 2,0 | 6,5 |
| Opplæring | 103,8 | 80,5 | 23,3 | 89,2 |
| Tannhelse | 7,0 | 5,3 | 1,7 | 5,6 |
| Kultur | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 4,9 |
| Samferdsle | 386,2 | 403,3 | -17,1 | 611,5 |
| Investering i anleggsmidlar | 509,9 | 500,0 | 9,9 | 717,7 |
| Avdrag, avsetjingar, aksjar | 1,7 | 42,7 | -41,0 | 95,5 |
| Finansieringsbehov | 511,6 | 542,7 | -31,1 | 813,2 |
| Bruk av lånemidlar | 155,7 | 151,9 | 4,8 | 316,7 |
| Inntekter frå sal av anlegg | | 37,7 | -37,7 | |
| Tilskot til investeringar | 85,3 | 82,8 | 2,5 | 135,6 |
| Mva-kompensasjon | 91,8 | 88,4 | 2,5 | 0,0 |
| Mottekne avdrag på utlån | 2,9 | 0,5 | 2,4 | 2,4 |
| Andre inntekter | 0,0 | 5,9 | -5,8 | 5,5 |
| Overført frå drifta* | 84,7 | 84,7 | -0,1 | 284,8 |
| Bruk fond | 91,2 | 90,9 | 0,3 | 68,2 |
| Sum finansiering | 511,6 | 542,7 | -31,1 | 813,2 |

*Mva-kompensasjon til investering utgjorde 114 mill. kr i 2013.

Tabell 4.

Som tabellen viser investerte fylkeskommunen i 2014 for 500 mill. kr. Tilsvarande tal i 2013 var 717,7 mill. kr. Investeringane fordeler seg slik på sektorane:

- 10,9 mill. kr til forvaltning
- 80,5 mill. kr til opplæring
- 5,3 mill. kr til tannhelse
- 403,3 mill. kr til samferdsle

Avvika i høve budsjettet skuldast i hovudsak forseinkingar i gjennomføringane av investeringane.

I tillegg har fylkeskommunen utgiftsført 42,7 mill. kr i ekstraordinære avdrag, avsetjing til fond og aksjekjøp. Det vesentlege her er ekstraordinære avdrag på lån som utgjer 36 mill. kr.

Av det samla finansieringsbehovet på 542,7 mill. kr, utgjer låneopptaket 152 mill. kr eller 28 prosent. Tilsvarande tal i 2013 var 39 prosent.

BALANSE

| Oversikt - balanse (mill. kr) | Rekneskap 2014 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2011 |
|-------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Sum anleggsmidlar | 6 896,0 | 6 489,4 | 5 839,3 | 5 112,7 |
| Faste eigendomar og anlegg | 4 766,0 | 4 445,8 | 3 883,5 | 3 236,9 |
| Utstyr, maskinar og transportmidlar | 132,4 | 131,8 | 129,0 | 123,8 |
| Utlån | 8,5 | 10,5 | 10,7 | 10,5 |
| Aksjar og andelar | 598,6 | 596,7 | 595,2 | 593,7 |
| Pensjonsmidlar | 1 390,5 | 1 304,6 | 1 220,9 | 1 147,7 |
| Sum omløpsmidlar | 1 079,8 | 1 234,2 | 1 122,7 | 946,0 |
| Kortsiktige fordringar | 118,1 | 207,7 | 125,6 | 129,1 |
| Premieavvik | 32,7 | 18,7 | 25,6 | 11,8 |
| Obligasjonar | 101,8 | 0,0 | | |
| Kasse, postgiro, bankinnskot | 827,3 | 1 007,8 | 971,5 | 805,2 |
| SUM EIGENDELAR | 7975,8 | 7 723,6 | 6 962,0 | 6 058,7 |
| Sum eigenkapital | 3 558,8 | 3 306,7 | 3 087,2 | 2 763,7 |
| Dispositionsfond | 316,1 | 381,5 | 349,7 | 284,0 |
| Bundne driftsfond | 265,1 | 302,8 | 280,6 | 231,5 |
| Ubundne investeringsfond | 15,3 | 15,0 | 22,7 | 27,3 |
| Bundne investeringsfond | 2,1 | 1,6 | | |
| Rekneskapsmessig mindreforbruk | 43,5 | 45,5 | 50,5 | 27,4 |
| Kapitalkonto | 2 958,5 | 2 602,2 | 2 425,5 | 2 235,3 |
| Endr RK-prinsipp - AK Drift | -41,8 | -41,8 | -41,8 | -41,8 |
| Sum langsiglig gjeld | 3 956,2 | 3 930,3 | 3 489,7 | 2 902,4 |
| Pensjonsforpliktelsar | 1 680,4 | 1 630,0 | 1 514,3 | 1 389,8 |
| Andre lån | 2 275,7 | 2 300,3 | 1 975,3 | 1 512,6 |
| Sum kortsiktig gjeld | 460,9 | 486,5 | 385,2 | 392,6 |
| SUM EIGENKAPITAL OG GJELD | 7 975,8 | 7 723,6 | 6 962,0 | 6 058,7 |

Tabell 5.

Balansen gjev eit oversyn over eigedelane og gjelda til fylkeskommunen.

Bokført verdi av eigedomar og utstyr har auka med om lag 1,8 mrd. kr i siste fireårsperiode, noko som avspeglar det høge investeringsnivået vi har hatt.

Lånegjelda

Lånegjelda til fylkeskommunen har i perioden 2011-2013 auka med nær 800 mill. kr. I løpet av 2014 er lånegjelda blitt redusert med 25 mill. kr til 2275 mill. kr.




Diagram 3.

Lånegjelda er noko redusert frå 2013 til 2014. Samtidig har samla driftsinntekter vorte reduserte med om lag 140 mill. kr. I åra 2010-2014 har lånegjelta auka med om lag 1 mrd. kr, mens inntektene i same periode har auka med om lag 250 mill. kr. Lånegjelta har auka frå å utgjere om lag 50 prosent av samla driftsinntekter i 2010, til å utgjere om lag 80 prosent i 2014.




Diagram 4.

Lånegjelta til fylkeskommunen utgjer om lag 20 845 kr pr innbyggjar - ein reduksjon på 270 kr pr. innbyggjar i høve førre år. Landssnittet (for fylkeskommunane) ligg på 9475 kr pr. innbyggjar.

Disposisjonsfond

Avsette disposisjonsfond har vore stabilt høge over fleire år. Hovudgrunnen til oppbygginga av disposisjonsfonda er den vedtekne strategien for bruken av lokale inntekter (utbytte og konsesjonskraft). Jf. strategien er minimumsnivået på bufferfondet sett til 70 mill. kr og skal vera ei sikring mot framtidige endring i rammeføresetnadane. Disposisjonsfonda utgjer 315 mill. kr pr. utgangen av 2014, noko som utgjer 11 prosent av sum driftsinntekter. Samla for alle fylkeskommunane i landet utgjer disposisjonsfonda 7,6 prosent av sum driftsinntekter.

Dei avsette disposisjonsfonda våre vil vere avgjerande i dei komande åra for å tilpasse oss til eit lægre inntektsnivå. Vesentlege delar av disponibele disposisjonsfond er budsjetterte bruk i komande økonomiplanperiode.

KOSTRA

| Utvalde nøkkeltal i perioden 2011-2014 for Sogn og Fjordane | | | | | Ref. fylke | Landet u/Oslo |
|---|--------|--------|--------|--------|------------|---------------|
| Indikatorar (mill. kr) | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2014 | 2014 |
| Finansielle nøkkeltal i % av brutto driftsutgifter | | | | | | |
| Netto driftsresultat | 14,7 | 12,2 | 13,2 | 2,3 | 2,9 | 3,0 |
| Netto avdrag | 2,8 | 2,8 | 3,0 | 4,1 | 3,1 | 2,8 |
| Netto renter | -1 | -0,1 | -0,9 | -0,5 | -0,6 | 0,0 |
| Netto lånegjeld | 55,2 | 67,0 | 75,4 | 79,0 | 47,9 | 58,2 |
| Arbeidskapital eks. premieavvik | 20,2 | 25,3 | 24,5 | 20,6 | 11,6 | 10,7 |
| Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar | | | | | | |
| Brutto driftsutgifter | 22 059 | 23 189 | 24 577 | 26 112 | 18 367 | 14 854 |
| Brutto driftsinntekter | 24 730 | 25 920 | 27 344 | 26 056 | 18 625 | 15 073 |
| Frie inntekter | 18 184 | 19 978 | 19 882 | 19 353 | 14 432 | 11 607 |
| Netto lånegjeld | 13 651 | 17 377 | 20 619 | 20 574 | 8 912 | 8 776 |
| Fordeling av brutto driftsutgifter i prosent | | | | | | |
| Adm., styring og fellesutg | 5,6 | 6,1 | 5,3 | 4,8 | 5,1 | 4,9 |
| Videregående opplæring | 38 | 37,4 | 36,0 | 34,2 | 41,3 | 46,5 |
| Tannhelsetenesta | 4,2 | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 4,7 | 4,2 |
| Fys. planl./ kulturminne osb | 1,4 | 1,2 | 2,4 | 2,3 | 2,3 | 2,4 |
| Kultur | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 4,7 | 4,8 | 4,4 |
| Samferdsle | 34,2 | 36,3 | 34,5 | 35,5 | 30,9 | 29,1 |
| Næringsutvikling | 8,2 | 7,0 | 7,7 | 8,6 | 5,9 | 3,7 |

Tabell 6.

Frå 2014 har vi endra reknesaksføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa.

KOSTRA er eit nasjonalt rapporteringssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Førebelse tal for 2014 vart lagt fram 16. mars 2015, mens dei endelege tala vart lagt fram 15. juni 2015. Det vert presentert KOSTRA-nøkkeltal i tabellen over. I tillegg har dei sektorane som har relevante nøkkeltal, presentert eigne tabellar. Nøkkeltala for vår fylkeskommune vert for 2014 samanlikna med «referanse-fylkeskommunar» og heile landet utan Oslo. Referansefylkeskommunane er dei same som vart nytta i Agenda Kaupang-rapporten frå 2010. Desse er: Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Telemark, Hedmark, Troms og Nordland.

Sogn og Fjordane har eit netto driftsresultat vesentleg betre enn samanlikna med dei andre i perioden. For 2014 er vi under landssnittet. Sogn og Fjordane har vidare vesentleg høgare inntekter og utgifter pr. innbyggjar enn landet i heile perioden. Den netto lånegjelda vår er over dobbel som høg som landet.

Innbyggjarane møter fylkeskommunen



Tre barnehagar i Leikanger kommune fekk i desember 2014 utmerkinga "trafiksikker barnehage". Her i Nybø barnehage. Bilbeltedyret Tarkus syng saman med borna i Nybø barnehage.
Foto: Marit Brennset/Sogn og Fjordane fylkskommune

Klima og miljø

Handlingsprogrammet for fylkesdelplanen for klima og miljø vart vedteke i oktober 2013 og gjeld fram til ny rullering i oktober 2015. Handlingsprogrammet er delt i tre kategoriar:

- utsleppsreduksjon
- klimatilpassing
- sjekkliste for klima- og miljøtiltak i kommunane tufta på nasjonale føringer

Fleire av tiltaka i handlingsprogrammet gjeld drifta og verksemda til fylkeskommunen. Andre tiltak inngår i verkeområda til Fylkesmannen, Innovasjon Norge, Statens vegvesen, Noregs vassdrags- og energidirektorat og andre aktørar, der fylkeskommunen ofte er samarbeidspart, men ikkje har det overordna ansvaret.

Fylkeskommunen har hatt fire hovudstrategiar for å bidra til reduserte utslepp av klimagassar i 2014:

- stimulere til eit berekraftig næringsliv
- bistå kommunane i heilskapleg samfunnsplanlegging
- styrke dei samfunnsbyggande organisasjonane
- redusere utslepp frå eiga drift

BEREKRAFTIG NÆRINGSILV

Fylkeskommunen har hatt ei sentral rolle i oppbygginga av eit nettverk for samfunnsansvarleg næringsliv i fylket. Nettverket vert leia av NHO og tel nærmare 40 bedrifter frå ulike bransjar. Desse bedriftene tek eit ansvar for berekraftig samfunnsutvikling som går utover vanlege forventingar til næringslivet.

Gjennom nettverket har fylkeskommunen jobba for bevisstgjering i næringslivet knytt til klima og miljø, inkluderande arbeidsliv lokalt og arbeidstilhøve hjå leverandørar internasjonalt. Meirverdien som ligg i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar er også tema.

Bedriftene ser samfunnsansvaret som eit strategisk grep for å ruste seg for framtida. Nokon definerer miljø og berekraft som den viktigaste drivaren for innovasjon og utvikling i bedrifta. Arbeidet med samfunnsansvar gjer at bedriftene utmerkar seg som attraktive arbeidsgjevarar. Det er difor eit viktig element i etableringa av og rekrutteringa til arbeidsplassar i fylket.

HEILSKAPLEG SAMFUNNSPLANLEGGING I KOMMUNANE

Fylkeskommunen nyttar sjekklista i klimaplanen i konkret oppfølging av klima- og miljøarbeidet i kommunane. Det skjer i hovudsak gjennom faste treffpunkt som Planforum, når kommuneplanar vert lagde ut på høyring, samt i enkelsaker der kommunane ber om rådgjeving. I 2014 har det vore 14 møte i Planforum, inkludert synfaringar, der ulike kommunar har lagt fram 18 større plansaker til diskusjon med dei regionale fagetataane. Klima og miljø er eitt av fleire tema i desse møta. Døme på aktuelle problemstillingar er tilrettelegging for gåande og syklande, moglege trugslar mot naturmangfold, ureining knytt til arealbruk samt bruk av dyrka mark eller rekreasjonsområde.

Det overordna strategiarbeidet mot kommunane vert koordinert gjennom den regionale styringsgruppa for klima- og miljøsamarbeid. Denne gruppa, sett saman av KS, Fylkesmannen og fylkeskommunen, har hatt tre planleggings- og arbeidsmøte i løpet av 2014. Der har vi hatt oppre tema som klimatilpassing og beredskap, oppfølging av analysearbeidet som vart gjennomført i 2013, og korleis vi kan involvere fleire aktørar i det regionale strategiske klima- og miljøarbeidet.

SAMFUNNSBYGGANDE ORGANISASJONAR

Omristinga til eit meir berekraftig samfunn krev eit felles løft der fylkeskommunen òg har eit ansvar for å engasjere innbyggjarane. Som ein kanal til å nå ut med klima- og miljøarbeidet har fylkeskommunen inngått samarbeid med organisasjonar som kan spele ei viktig rolle i ei berekraftig samfunnsutvikling frå grasrotnivå. Naturvernforbundet, 4H, United World College, Ugt Entreprenørskap, Norsk Bremuseum og Sogn Jord- og Hagebrukskule er alle samfunnsaktørar som formidlar eit verdigrunnlag med omsyn til miljøet både lokalt og globalt.

Fylkeskommunen har i 2014 samarbeidd med 4H om prosjekta «Møteplass: Naturen» og «Matens veg frå jord til bord», samt

utarbeidning av brosjyrar og kursmateriell. Vidare har vi støtta eit samarbeidsprosjekt i regi av Sogn Jord- og Hagebruksskule, United World College og Dale vidaregåande skule som set økologisk og lokal mat i skulekantinene i sentrum. I tillegg bidreg fylkeskommunen til arbeidet til Ungt Entreprenørskap, både som jurymedlem på gründercampar for miljø og energi, samt gjennom ein eigen miljøpris til ungdomsbedrifter.

Styrking av desse samfunnsbyggande organisasjonane har vore viktig for å bygge ein lokal og regional kunnskapsbase på klima og miljø, styrke det haldningsskapande arbeidet og i gjennomføringa av lokale miljøtiltak.

REDUSERE UTSLEPP FRÅ EIGA DRIFT OG VERKSEMD

Fylkeskommunen jobbar med å redusere energibruk i eigen bygningsmasse. Investeringar gjort dei seinare åra er venta å bidra til å nå målet om maksimalt 130 kWh/m² i 2015. Det er sett i drift varmepumpeanlegg ved fleire vidaregåande skular, og fossile varmekjelder vert berre nytta til spisslast eller reserve. Totalforbruket av olje har gått frå 325 141 KWh i 2013 til 55 593 KWh i 2014. Del av varmebruk på bygg med oljekjel har gått ned frå 6,4 prosent i 2013 til 1,2 prosent i 2014. I tillegg har vi utarbeidd CO₂-rekneskap for materialval i anbodsprosessar for nybygg.

Ved sida av kantineprosjektet om økologisk og lokal mat, har fylkeskommunen jobba aktivt opp mot elevråda for å setje klima og miljø på dagsorden i den vidaregåande skulen. Elevane har kome med forslag til eigne satsingar og tiltak dei kan gjennomføre i skulekvarldagen. I tillegg har skulane fått høve til å laste ned magasinet Tograder gratis til inspirasjon og læring. Samstundes har Norsk Bremuseum gjennomført ei undersøking blant lærarane om klimaundervisinga og arrangert ei fagsamling om klimakunnskap og -formidling.




Diagram 5.




Diagram 6.

Internasjonalt arbeid

Den internasjonale strategien som vart vedteke i 2013 har gjeve føringane for det politiske og administrative arbeidet i 2014. Hovudbodskapen var at det internasjonale engasementet skal vere ei forlenging av oppgåvane fylkeskommunen elles utfører.

EUROMONTANA - SAMARBEID I FJELLREGIONAR

Fylkesordføraren er styremedlem i Euromontana, som er ein interesseorganisasjon for europeiske fjellregionar. Arbeidet er dels fagleg og dels politisk. I 2014 har organisasjonen arbeidd mest med landbruk som tema. Saman med alliansepartar har organisasjonen fått gjennomslag i EU for eit regelverk som beskyttar fjellprodukt som omgrep, knytt til marknadsføring av mat. Tanken er at nisjeprodusentar skal kunne ta ut høgare pris på grunnlag av dokumentert kvalitet og positive assosiasjonar, til reint miljø og miljøvennlig produksjon.

Fylkesordføraren har gjennom Euromontana òg hatt eit særleg ansvar for tema ungdom. I samarbeid med ungt entreprenørskap i Sogn og Fjordane er det sett i gang samarbeidsprosjekt både i Bulgaria og i Romania, gjennom EØS-finansieringsordninga.

UNGDOMSUTVEKSLING

Satsinga på internasjonalisering i den vidaregåande opplæringa er vidareført. Det siste året har om lag 100 elevar, lærarar og andre fagpersonar gjennomført utvekslingsopphald i ulike europeiske land. Rolla til fylkeskommunen er å administrere ordninga gjennom tildeling av stipend, handsaming av søknadar og rapportering. I 2014 har vi òg jobba med ein større prosjektsøknad innanfor ERASMUS- programmet for fagopplæring.

KULTURSAMARBEID

På kultursida har vi samarbeidd med Riksantikvaren og ulike partnarar frå Polen om lokale kulturminne. Vi har òg vidareført samarbeidet som vart etablert gjennom tingstadnettverket i 2008, der Gulatingset og tingstadar frå Grønland, Island, Færøyane, Shetland, Skottland og Isle of Man er medlemer.

SAMARBEID I EU

Vest-Norges Brüsselkontor vert mykje nytta som rådgjevar for fylkeskommunen når det gjeld aktuelle saker på den europeiske dagsorden, samt finansierings- og samarbeidsmulegheiter i EU- og EØS-systema. Dei har òg bidrige til planlegging og gjennomføring av studieturar.

NORA

Sogn og Fjordane fylkeskommune, ved fylkesdirektør Svein Arne Skuggen Hoff, representerer Vestlandsrådet i NORA (Nordisk Atlanterhavssamarbeid). I 2014 har fylkeskommunen delteke i arbeidsutvalet i NORA. Det er gitt økonomisk støtte gjennom NORA til prosjekt i Atlanterhavsområdet på tilsaman 3,6 mill. danske kroner. Prosjekta er valde ut frå at dei kan bidra til å styrke verdiskapinga og god samfunnsutvikling i regionen. NORA har og tatt initiativ til å utvikle ein ny strategi for Atlanterhavsområdet, med bakgrunn i nye føresetnader for utviklinga og koplinga til ulike strategiar i Norden og EU.

Innkjøpstenesta

Innkjøpstenesta styrer etter ein innkjøpsstrategi vedteken i fylkestinget i 2012. Mykje av arbeidet er retta mot samarbeidspartane i Sogn og Fjordane fellesinnkjøp (SFFI). Innkjøpstenesta får nesten halvparten av midlane sine frå samarbeidspartane.

INNKJØP I FYLKESKOMMUNEN I TAL

Fylkeskommunen gjorde innkjøp av varer og tenester for totalt 1,7 mrd. kr i 2014. Dette inkluderer investeringskjøp og kjøp frå kommunar og andre fylkeskommunar. Det inkluderer også overføringer til Statens vegvesen på 950 mill. kr.

Fordelt mellom sektorane, og fordelt på driftskjøp og investeringskjøp, er tala slik:

| Sektor (mill. kr) | Driftsinnkjøp 2014 | Investeringskjøp 2014 |
|----------------------------|--------------------|-----------------------|
| Sentraladministrasjonen | 78,6 | 63 |
| Opplæring | 258,9 | 12,8 |
| Tannhelse | 26,7 | 4,2 |
| Nærings og plan og samfunn | 11,7 | - |
| Kultur | 21,9 | - |
| Samferdsle | 880 | 327,2 |

Tabell 7.

Kvar sektor har brukt mellom 200 leverandørar og 2000 leverandørar. Leverandørar knytt til reiseutgifter er ikkje inkluderte.

Tal leverandørar pr sektor




Diagram 7.

AVTALAR

Innkjøpstenesta forvaltar 70 rammeavtalar per 31.12.2014. Fylkeskommunen handla for 100 mill. kr kroner på avtalane i 2014.

KONKURRANSAR

Innkjøpstenesta har i 2014 gjennomført ellev konkuransar med estimert verdi over 500 000 kr. Tre av konkurransane førte ikkje fram til kontrakt. Innkjøpstenesta fekk klage på fire av konkurransane, ein av klagane vart tatt til følgje, og konkuransen vart avlyst. Tre klagar vart avviste. I tillegg har innkjøpstenesta vore rådgjevande instans i fleire konkuransar under 500 000 kr.

LEVERANDØROPPFØLGING

Innkjøpstenesta har brukt mykje tid på leverandørroppfølging, og vi har hatt oppfølgingsmøte med leverandørar innan fire vareområde. I tillegg kjem oppfølging av leverandørane som enkelte einingar har hatt. Dette gjeld særleg IKT. Arbeidet gjort kring leverandørroppfølging i 2014, vil danne grunnlag for eit meir systematisk arbeid kring leverandørroppfølging i framtida.

Innkjøpstenesta har gjort seg ei erfaring med at leverandørermøte er positivt for samarbeidet, og vi tek med oss innspel frå leverandørane som er viktige for gjennomføring av konkuransen i neste runde.

LEVERANDØRUTVIKLING

Eit viktig område i innkjøpsstrategien til fylkeskommunen er leverandørutvikling. Stikkord er

- bruk av utviklingskontraktar
- kjøpsstrategi som passar små- og mellomstore bedrifter i fylket
- regional utviklingsaktør, stille krav om god distribusjon i fylket
- stille krav om å vere lærebodrift

Innkjøpstenesta er involvert i leverandørutviklingsprogrammet til NHO i Sogn og Fjordane.

RUTINAR

Innkjøpstenesta har i 2014 jobba med å få på plass skrivne rutinar for innkjøp, og å oppdatere og samordne malar vi nyttar. Dette er eit kontinuerleg arbeid og vil halde fram i 2015. Rutinane og malane vert lagde ut på www.sfj.no.

EHANDEL I FYLKESKOMMUNEN

Ehandel er eit elektronisk tingingssystem i fakturasystemet. Faktura vert kopla opp mot ordre, slik at vi får eit verktøy for betre fakturakontroll. Ehandel er på inga måte avgrensa til leverandørar vi har rammeavtalar med, men kan brukast mot alle leverandørar vi handlar frå.

Ehandel kom på plass reint teknisk våren 2014, og er rulla ut til dei fleste vidaregåande skulane i løpet av hausten. Prosjektet er fortsatt i oppstartsfasen. I 2014 handla vi for 1,4 mill. kr gjennom ehandelsplattforma, ca. halvparten av dette var i desember. I desember vart 52 ordre sende gjennom ehandelsplattforma. Innkjøpstenesta får stadig fleire spørsmål, noko som tyder på at dei som gjer innkjøp, er blitt meir medvitne om kva offentleg innkjøp er.

Ehandel har vist seg å vere eit stort omstillingsarbeid som omfatter endringar i vanar og rutinar hjå mange tilsette. Det er på mange måtar eit samarbeidsprosjekt mellom innkjøpstenesta og løn- og rekneskapstenesta.

SGN OG FJORDANE FELLES INNKJØP (SFFI)

SFFI består av fylkeskommunen, 25 kommunar (Solund kommune kom til i løpet av året), Helse Førde, Difi, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Energi. Vi har i haust arbeidd med å innføre ein ny prisstruktur for kommunane som er med i samarbeidet. Fordelingsnøkkelen mellom små og store kommunar er endra til fordel for dei små kommunane, og ein prisauke er lagt på for å dekke ein ekstra tilsett til ehandel. På bakgrunn av dette vil det verte laga til nye samarbeidsavtalar for alle. SFFI vil òg verte betre forankra i rådmannsutvalet til KS.

SFFI er per 31.12.2014 med i 61 av dei 70 avtalane innkjøpstenesta forvaltar. Vareområda der det er flest samarbeidspartar med, er:

- hotell
- mat
- straum
- telefoni
- møbler
- medisinske forbruksvarer
- kontor- og reinhaltsartiklar

Fem av konkurransane som har vore gjennomførte i 2015 har vore også for SFFI. Dette gjeld telefoni (vart avlyst), forvaltning av elektrisk kraft, annonsering, gassar og medisinske forbruksvarer.

Alle avtalane vert publiserte i «innkjøpshandboka», der kvar samarbeidspart berre får tilgang til eigne avtalar. Innkjøpshandboka har ca. 1100 brukarar.

Det har vore arrangert ei samling for SFFI. Samlinga blei arrangert i samarbeid med brebandsprosjektet i regi av næringsavdelinga i fylkeskommunen. 38 deltagarar frå 20 av samarbeidspartane detok.

20 av kommunane i fylket er med i ehandelsprosjektet. Ein felles prosjektleiar er tilsett i innkjøpstenesta. Prosjektet er delt i tre puljar: Nordfjord-kommunane og Flora, Sogne-kommunane, og Sunnfjord-kommunane (SYS-kommunane). For Nordfjord- og Sogne-kommunane er alt det tekniske på plass, og systemet har vore i bruk omkring eit år. For SYS-kommunane står det att nokre tekniske tilpasningar. Prosjektet vil jobbe vidare med implementering i 2015. Det er eit krevjande prosjekt der gevinstane ikkje vert tydelege før etter det har vore i bruk ei stund. Men erfaringa så langt tilseier at vi vil sjå hovudvinstane ved at systemet gjer det lettare å følgje opp leverandørar og lettar innføringa av gode innkjøpsrutinar internt.



På veg mot Kyrkjestølen
Foto: Sverre Hjørnevik

Målekart for 2014

Målekartet var gjennom ei betydeleg forenkling i 2013. I budsjettet for 2014 vart målekartet difor justert slik at det vart enklare og meir tenleg for styring og rapportering. Målekartet for 2014 er laga som eitt felles målekart, som erstattar både det tidlegare overordna målekartet og dei sektorvise målekarta. Det felles målekartet tek omsyn til at sektorane har noko ulike oppgåver, og eit tydeleg sektorskilje ligg framleis til grunn. Det forenla styrings- og rapporteringssystemet set tre overordna område i sentrum:

- (T) Tenesteyting – tenester med høg kvalitet og brukarane i sentrum.
- (R) Regional utvikling – tilrettelegging for samhandling, satsing og vekst i fylket.
- (M) Medarbeidar og organisasjon – trivsel, kompetanse og effektivitet i oppgåveløysinga.

Desse tre ligg fast for alle organisatoriske eininger og sektorar. Dei enkelte sektorane har identifisert inntil seks suksessfaktorar for verksemda si innan dei tre overordna områda. Dette er suksessfaktorar som må inntrefte for at vi skal kunne seie at fylkeskommunen skal lukkast i å levere gode tenester. Vidare vert det identifisert suksessfaktorar og måleindikatorar som måler prestasjonane våre. Suksessfaktorane utgjer dei mest sentrale elementa i utviklinga av eitt felles, forenla målekart.

Målekartet har fire sentrale omgrep:

- Dei tre områda som er sams for alle sektorar og tenesteeiningar:
 - (T) Tenesteyting
 - (R) Regional utvikling
 - (M) Medarbeidar og organisasjon
- Suksessfaktorar: Våre aller viktigaste bidrag for at vi lukkast innan dei tre over. Desse har sektorane definert sjølv.
- Måleindikator: Måleeining- og metode som fortel oss så konkret som muleg korleis prestasjonen vår innanfor suksessfaktorane er.
- Ambisjonsnivå: Kva resultat ønskjer vi å oppnå, og kor stort avvik toler vi frå ønskt resultat før vi set i verk tiltak?

«Medarbeidar og organisasjon» har ikkje ei sektorinnretning. Dette er felles for heile organisasjonen. Målekartet for fylkeskommunen skal rullerast årleg i samband med utarbeidingsa av dei årlege budsjetttdokumenta. Målekartet viser samanhengen mellom dei overordna måla i den fylkeskommunale verksemda definert gjennom nasjonale mål og føringar, lover og forskrifter og i dei regionale planane.

Evaluering og resultat i målekartet vert omtalt for kvar sektor, med unntak for «Medarbeider og organisasjon», der resultatet vert omtalt samla for heile fylkeskommunen.

Kultur

Nettobudsjett for kultur i 2014 var på 74,009 mill. kr med slik fordeling:

| Teneste | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Justert budsjett 2014 | Vedteke budsjett 2014 |
|-------------------------|-------------------|-------------------|--------------------------|--------------------------|
| ALLE | 79 310 | 74 234 | 74 009 | 71 655 |
| Bibliotek | 6 584 | 6 847 | 6 853 | 6 662 |
| Kulturminnevern | 14 968 | 14 697 | 13 765 | 13 135 |
| Museum | 14 401 | 16 877 | 16 877 | 16 877 |
| Kunstformidling | 11 431 | 9 919 | 10 036 | 9 745 |
| Kunstproduksjon | 10 312 | 11 077 | 11 057 | 11 057 |
| Idrett | 2 860 | 2 697 | 3 072 | 3 041 |
| Andre kulturaktivitetar | 18 753 | 12 120 | 12 349 | 11 138 |

Tabell 8.

Sektoren forvalta i tillegg ca 50 mill. kr i statlege tilskot til kulturaktivitet i fylket (Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle Spaserstokken, freda bygg, spelemidlar og andre statlege tilskot).

POLITISKE SAKER

Hovudutvalet for kultur handsama 63 saker i 2014. Det er ikkje registrert avvik i oppfølging av vedtaka. Fylkestinget handsama saka om avvikling av bokbåttenesta i Sogn og Fjordane.

NYNORSKFYLKET

Fylkeskommunen og Nynorskfylket (forum for nynorsk i Sogn og Fjordane) gjennomførte ein nynorskdag med kulturministeren 29. april. Tema var vilkåra for det nynorske språket. Om lag 50 inviterte deltakarar frå offentleg, privat og frivillig sektor deltok. Kulturministeren deltok også på møte med Nynorsk Avissenter. Nynorskfylket la også vekt på «nynorskløyvingar» i statsbudsjettet for 2015.

KULTURSTRATEGI 2015-2018

Hovudutvalet for kultur vedtok ny kulturstrategi 25.11.14. Denne peiker ut satsingar og strategiar for kulturarbeidet med vekt på frivillig sektor, kulturarv og kunst og kultur.

FYLKESKULTURPRISEN

Fylkeskulturprisen 2014 vart tildelt Kari Støfringsdal frå Jølster for hennar langvarige arbeid for matkultur.



Foto: Marit Brennset

GRUNNLOVSJUBILEET 2014

Grunnlovsjubileet vart markert med storstilt folkefest på Tusenårsstaden Gulatinget laurdag 28. juni, og gudsteneste søndag 29. juni. Stortingspresident Ole mic Thommessen var hovudgjest. I tillegg deltok gjester frå Island, Shetland, Orknøyane. Søndag 29. juni vart det også arrangert jubileumsfeiring på den freda futegarden Alværn i Høyanger, der eidsvollsmannen Ole Elias Holck hadde heimen sin.

Som del av grunnlovsmerkinga i 2014 var det øyremerkt statlege midlar til dei frede anlegga som Eidsvollsmennene budde i. Embetsmannsbygningane på Christinanelyst i Solvorn, Loftesnes i Sogndal og Alværn i Høyanger fekk til saman 1,68 mill. kr til diverse restaureringstiltak.

Fylkesarkivet skreiv artiklar med stoff frå kvart prestegjeld i fylket i samband med grunnlovsjubileet. Desse finn du på nettstaden til Fylkesarkivet: <http://www.fylkesarkiv.no/Grunnlovsjubileet>

FYLKESBIBLIOTEKET

Våren 2014 lanserte vi felles e-bokordning for fylket, saman med folkebiblioteka og biblioteka i vidaregåande opplæring. Fylkesbiblioteket stod for innkjøp av systemet og opplæring, medan dei deltakande biblioteka forplikta seg på årlege mediebudsjett til ei felles e-boksamling. Fylkesbiblioteket administrerer òg transportordning og samsøk for fylket.

Opplæringstilbod til bibliotekfeltet i fylket skal prioritere informasjonskompetanse, litteraturkunnskap, digital kompetanse, formidling og leiing.

Gjennom prosjektet "Lettare litteraturnett" utviklar vi ein mal for digital formidling av lokale forfattarskap i samarbeid med Nordland fylkeskommune. Innhold frå Wikipedia, Nasjonalbiblioteket og andre aktuelle kjelder skal gjerast tilgjengelege i ein portal på nett, med søkjefunksjonar tilpassa lokale og regionale behov.

I forprosjektet "Lesarhistoria - ny veg til lesaren" vart det gjort avtalar med bibliotek, skular og barnehage om samarbeid. Her handlar det om å vidareutvikle formidlinga med utgangspunkt i mangfaldet av trykte og digitale tekstar som barn og unge les. Nasjonalbiblioteket har løvt midlar til hovudprosjektet, som skal gjennomførast i samarbeid med Høgskolen i Oslo og Akershus.

Fylkesbiblioteket tok i 2014 eit større koordineringsansvar for Nettverk for bibliotekarar i vidaregåande opplæring. Nettverket har to til tre samlingar i året, med ulike bibliotekfaglege og formidlingsrelevante tema. Vi etablerte også Forum for formidling av barne- og ungdomslitteratur og førebudde ei ordning med lesegledarar - formidlarar - i samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa.

I Sogn og Fjordane auka tal Bok til alle-bibliotek til 16 i 2014. Dette er folkebibliotek som har særlege tiltak for grupper med lese- og skrivevanskar. Fylkesbiblioteket er motivator for ordninga og kontaktledd mellom den landsdekkande satsinga Lesar søker bok og folkebiblioteka.

Utlånet frå klassesetsamlinga er meir enn dobla i perioden 2010-2014. Utlån av nynorskbøker til mellomtrinnet dominerer. Lærarar og bibliotekarar i fylket abonnerer på nyheitsbrev om nynorsk barne- og ungdomslitteratur frå fylkesbiblioteket. Fylkesbiblioteket samarbeider med Den kulturelle skulesekken om formidling innan litteratur.

Fylkeskommunen syter for at statistikk frå folke- og skulebiblioteka vert kvalitetssikra og levert til Nasjonalbiblioteket. Bokbåten auka tal stogg i jubileumsåra 2013 og 2014. Båten hadde knapt 50 stopp i 19 kommunar, og utlånet auka til 16 851 i 2014 (auke på 7,4 prosent frå 2013). Kulturprogrammet om bord samla 2 269 personar.

KULTURMINNE

Fylkeskommunen har mål om at kulturminna skal vere ein ressurs for identitet og utvikling av Sogn og Fjordane. For å nå målet arbeider vi både forvaltnings- og utviklingsretta.

Prosjektet Lokale kulturminneplanar som starta i 2012, held fram. Prosjektet er kommuneretta og har som mål å styrke lokal kulturminneforvaltning. 24 kommunar i fylket er i gang med planarbeidet.

Fylkeskommunen og kommunane Vågsøy og Eid har delteke i EØS-prosjektet «HOME: Heritage of my Environment», eit samarbeidsprosjekt mellom Noreg og Polen. Målet med prosjektet er å styrke lokal kulturminneforvaltning ved å betre rettleiarar og rådgjevingsmateriell for arbeidet med kulturminneplanar i kommunane.

Vi handsama til saman 273 kommunale arelasaker der vi vurderte omsynet til kulturminne og kulturmiljø. Fylkeskommunen gjennomførte 39 kulturminneregistreringar.

Fylkeskommunen deltek i det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet med tre prosjekt:

- Kongevegen over Filefjell
- Kystpilegrimsleia Rogaland-Nidaros
- Reiseliv i industriens vogge

Målet med prosjekta er å synleggjere eigenverdien til kulturminna, verdiskapingspotensialet dei har, og korleis dei kan nyttast som ressurs i lokal samfunnsutvikling.

Kystpilegrimsleia vart formelt lansert i 2014. Dette vart markert med seglas med hurtigruteskipet M/S Nordstjernen og hovudmarkering på klosterøya Selja.

Kongevegen over Filefjell fekk Vakre vegars pris i 2014.



Handsama planar

- Kommuneplanar og kommunedelplanar: 13
- Områdereguleringsplanar: 8
- Detaljreguleringsplanar: 69
- Dispensasjonssøknader: 113

Diagram 8.

Det vart i 2014 gjort eit spennande funn av ei rikt utstyrt smedgrav frå vikingtid i Sogndal. Funnet er vurdert som eit av dei fem største arkeologiske funna i Noreg dette året.

Brannen i Lærdal i januar råka mange bustadhus, mellom dei var også fleire hus i den verna og bevaringsverdige delen av Lærdal sentrum. Deltaking i møte og på synfaringar i samband med attreisingsarbeidet har vore prioritert. Med støtte frå Riksantikvaren, er det no oppretta eiga byantikvarstilling i Lærdal.

Kvernsteinsbroa i Hyllestad er nominert til verdsarvlista som del av ein transnasjonal serienominasjon. Verdsarvkomiteen skal ta stilling til søknaden medio 2015. Som del av det førebuande arbeidet var ICOMOS (International Council on Monuments and Sites) på synfaring i Hyllestad hausten 2014.

FYLKESARKIVET

Mengda tilgjengeleg arkiv aukar i omfang og det er stor interesse for dette stoffet. Viktig informasjon om ein skildpersonar og 'lokalmiljø og rettar for ein skildpersonar vert tilgjengeleg gjennom avleveringar frå offentlege organ og private verksemder. Publikumspågangen og førespurnader er i ferd med å stabilisere seg på eit høgt nivå, etter at vi dei siste åra har hatt ein jamn auke.

Fylkesarkivet har prioritert ordning, registrering og digitalisering av offentlege arkiv i 2014. I tillegg har vi også teke på oss ordningsprosjekt for kommunane og fylkeskommunen.

Fylkesarkivet fekk i 2014 inn seks arbeidararkiv frå Lærdal. Avleveringa var ein viktig tilvekst til Arbeidararkivet i Sogn og Fjordane, som dokumenterer historia til fagforeiningane og dei politiske partia på venstresida i fylket vårt.

På musikkfeltet har vi prioritert å rydde opp i eksisterande samlingar gjennom digitalisering, konvertering og indeksering av musikk lagra på spoleband, kassett og VHS-video. Det blei gjort lydopptak av to konserter på Førdefestivalen og indeksert ni timer med videomateriale etter Hydro Aluminium Årdal.

Det er publisert om lag 9000 stadnamn for Stryn kommune og 9000 stadnamn for Luster kommune i 2014.

Fylkesarkivet har jobba med planlegging og utvikling av nytt websystem for å gjøre samlingane meir tilgjengelege og lettare å bruke.

FOTO

Innan foto har vi jobba mest med ordning og bestandsregistrering i samlinga. Vi har samarbeidd med Sunnfjord museum om Fauske-samlinga. Kring 4500 biletar frå Horne-samlinga vart digitalisert i samarbeid med Flora kommune. Nordfjord folkemuseum har sagt opp leigeavtalen for lokala til fotoarkivet, og arbeidet er sett i gang for å tilpasse lokale i Fylkeshuset.

MUSEUM OG TUSENÅRSSTADEN GULATINGET

Musea i Sogn og Fjordane fekk ei fylkeskommunal løyving på 15,837 mill. kr til drift i 2014. Grunnlovsjubileet var sentralt i formidlinga for alle musea. Arbeidet med fellesmagasin i Movika tok ei ny vendig då fylkeskommunen utfordra Musea i Sogn og Fjordane til å vurdere ei alternativ løysing. Fylkeskommunen har også delteke på møte mellom Musea i Sogn og Fjordane og kommunane (gjennom regionråda) om ny avtale om driftstilskot til musea.



Foto: David Zadig

Drifta på Tusenårsstaden Gulatinget var i 2014 prega av førebuing og gjennomføring av den store grunnlovsmerkinga 28. og 29. juni. I tillegg har vi arbeidd med å utvikle kontakten både med Eidsvoll 1814 og andre regionale tingstader i Norge og å halde vedlike det nord-atlantiske tingstadnettverket.


KULTURFORMIDLING

Området kunstformidling omfattar Den kulturelle skulesekken (DKS), musikk, digital kulturformidling og kultur og helse.

Den kulturelle skulesekken

Alle elevane i grunnskulen fekk fire profesjonelle kulturtildelningar, og det vart gjennomført 39 turnear fordelt på ulike kunstuttrykk. Dei vidaregåande skulane Sygna og United World College vart med i ordninga frå hausten 2014. DKS-konferansen samla mange av kulturkontaktene på skulane til presentasjon og drøfting av programmet for det komande skuleåret. Fylket var også i 2014 pilot for Rikskonsertane si utprøving av grendekonsertar knytt til DKS-turnear.

Turnear i Den kulturelle skulesekken
Totalt 39



Digram 9.

Musikk

Eit utvida samarbeid med Rikskonsertane om barnehagekonsertar omfattar no fire turnear i året for born i alderen 3-5 år. Dei 15 distriktsmusikarane vart nytta av Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane symfoniorkester, Førde kyrkjekor og Gloppen Musikkfest. Omorganiseringa av fylkesmusikarordninga, der fylkeskommunen ønskjer å styrke distriktsmusikarordninga med fleire stillingar innan folkemusikk, vart utsett grunna den krevjande økonomiske situasjonen i fylkeskommunen. I dag er det tre folkemusikkarar som er tilsette, fordelt på til saman to stillingar. Samarbeidet fylkeskommunen har med Bergen Filharmoniske orkester omfattar no også Florø, i tillegg til Førde, Gloppen og Sogndal.

Digital kulturformidling

Den viktigaste satsinga i 2014 var grunnlovsjubileet 1814-2014, meir kultur og kulturarv på Wikipedia, samt opplæring i bruk av digitaltfortalt.no som formidlingskanal for immaterielle kulturminne.

Kultur og helse

Prosjekt, utviklingsarbeid og å initiere forsking står sentralt i arbeid med kultur og helse i fylket. Prosjektet MOSAIK (bruk av musikkterapi for integrering) vart avslutta i 2014. I tillegg har vi gitt rettleiing, kurs, forelesingar, undervisning og nettverksarbeid til kommunane i fylket. Om lag ein mill. kr frå Den kulturelle spaserstokken vart fordelt til alle kommunane i fylket etter søknad.

Utviklingsavtaler

Vi har inngått utviklingsavtale med Gloppen musikkfest og gjort eit førebuanande arbeid for utviklingsavtale med Sogn og Fjordane idrettskrins.

KUNSTPRODUKSJON

Knutepunkt og kulturinstitusjonar

Desse fire profesjonelle kunstproduserande institusjonane er viktige i kulturlivet i fylket:

- Sogn og fjordane Teater
- Opera Nordfjord
- Førdefestivalen
- Norsk Country Treff

Fylkeskommunen nytta i alt elleve mill. kroner til dei fire institusjonane. Dette utløyste om lag 35 mill. kr frå stat og kommunar til arbeidet dei gjer i fylket.

Kulturdepartementet gjennomførte i 2014 evaluering av Førdefestivalen og Norsk Countrytreff som knutepunktfestivalar. Fylkeskommunen og vertskommunen ga innspel til evalueringa.

IDRETT

Vi har i 2014 arbeidd mykje med kompetanseheving til frivillige lag og organisasjonar. Vi har gjennomført seks spelemiddelkurs på vårparten og oppfølgingssamlingar på hausten med om lag 90 deltagarar. Målet har vore å auke kvalitet på spelemiddelsøknadane til anleggsutbygging. Vi har også jobba mykje med oppfølging av kommunar som har revisjon av kommuneplanar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. IFærre fekk godkjent søknadar om spelemidlar i 2014 enn i 2013. Det resulterte i om lag ein mill. kr mindre i tilskot i 2014 samanlikna med 2013. 53 anlegg fekk om lag 29 mill. kr..




Diagram 10.

Lokale kulturbrygg

Åtte søknader fekk tilSAMAN 5,6 mill. kr til opprusting og fornying av lokale kulturbrygg.

ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Området omfattar barne- og ungdomssatsingar, tilskot til frivillig sektor og utviklingsarbeid.




Diagram 11

Fylkestinget for ungdom (FFU) og ungdomspolitisk utval (UPU)

Fylkestinget for ungdom vart gjennomført i mars med 34 røysteføre delegatar og 22 observatørar frå 23 kommunar og 14 organisasjoner og politiske parti. I november arrangerte UPU ei årleg samling for ungdomsråda i fylket, der hovudtema var opplæring av medlemmane i ungdomsråda. 32 deltagarar frå 15 kommunar deltok. Retningslinjer for drift av ungdomsråd vart også vedteke på samlinga.

Ungdomens kulturmönstring

Fylkesmönstringa i Ungdommens kulturmönstringa vart i 2014 arrangert over to dagar med 300 deltagarar. Førde kommune var teknisk arrangør. Fem sceneinnslag, eitt litteraturinnslag og fire utstillingsarbeid deltok på den nasjonale UKM-festivalen i Trondheim.

Prosjekt plankompetanse

Pilotprosjektet Cultural planning (kultur for samfunnsplanlegging) vart gjennomført og avslutta i samarbeid med Norsk Kulturforum. Dette var eit toårig prosjekt med mål å styrke plankompetansen til kulturarbeidarane. Prosjektet er del av LUK-arbeidet (Lokalsamfunnsutvikling i kommunane).

KOSTRA NØKKELTAL

| Utvalde inndikatorar for kultursektoren 2012-2014 | SFJ 2012 | SFJ 2013 | SFJ 2014 | Ref. fylke 2014 | Landet u/ Oslo 2014 |
|---|----------|----------|----------|-----------------|---------------------|
| Netto driftsutgifter i alt til kultursektoren per innbyggjar | 463 | 474 | 772 | 481 | 353 |
| Brutto driftsutgifter kultursektoren per innbyggjar | 887 | 916 | 1 216 | 883 | 661 |
| Brutto investeringsutgifter kultursektoren per innbyggjar | 162 | 45 | 0 | 6 | 2 |
| Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutgifter | 2,5 | 2,5 | 3,8 | 3,4 | 3 |
| Netto driftsutgifter bibliotek per innbyggjar | 54 | 63 | 59 | 47 | 33 |
| Netto driftsutgifter mus  a per innbyggjar | 138 | 132 | 159 | 99 | 86 |
| Netto driftsutgifter kunstformidling/produksjon | 142 | 182 | 181 | 163 | 114 |
| Netto driftsutgifter idrett per innbyggjar | 87 | -55 | 261 | 87 | 57 |
| Netto driftsutgifter andre kulturaktivitetar per innbyggjar | 217 | 153 | 112 | 84 | 63 |

Tabell 9:

F  r 2014 har vi endra rekneskapsf  ringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa.

Bassenget i Trivselshagen.
Foto: Per Koppdal



MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|--|--|--|---|
| Tenesteyting (T) | | | |
| T1: Gode tenester innan kulturformidling. | T1.1: Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg. | T1.1-1: 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta. | Ikkje gjennomført. Utsett til 2015 |
| | T1.2: Godt publikumsarbeid ved kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking. | T1.2-1: 75 prosent av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta. | Ikkje gjennomført, utsett til 2015 |
| T2: Gode tilbod innan språk og litteratur. | T2.1: Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg. | T2.1-1: Positiv utvikling over tid. | Ikkje gjennomført, utsett til 2015 |
| T3: Vi dokumenterer og digitaliserer historiske kjelder, og gjer kultur tilgjengeleg. | T3.1: God etterspurnad etter digitaliserte samlingar, ressursar og tenester. | T3.1-1: Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire viktige historiske kjelder vert tilgjengelege. | Arbeid med å få meir om kultur og meir kulturarvdata på Wikipedia og Digital fortalt, gjer at fleire finn informasjonen gjennom søk på nett. På heimesida til Fylkesarkivet er publikumspågangen i ferd med å stabilisere seg på eit høgt nivå. |
| | | T3.1-2: Positiv utvikling over tid: Fleire nettressursar for arkiv, bibliotek, og museum skapar etterspurnad og bruk. | Kulturnett.no har hatt auke i trafikk. Sfj1814.no etablert som nettstad for grunnlovsjubileumsarrangement. 8956 e-bokutlån registrerte første år av ordninga. Fylkesarkivet skal gjøre det enklare å søke og finne både foto og anna arkivmateriale. Mengda tilgjengeleg arkiv aukar i omfang. |
| Regionalutvikling (R) | | | |
| R1: Rolla til kulturområdet samfunnsutviklinga vert styrkt. | R1.1: God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbakemeldingar. | R1.1-1: Positiv utvikling over tid: Fleire kulturtilsette i kommunane får kompetanse innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kulturutvikling. | Cultural planning (kultur for samfunnsplanlegging) gjennomført. Regionvise biblioteksamarbeid er etablerte i Nordfjord og Sunnfjord. HAFS og Sogn er i gang med drøftinger. |

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|---|---|---|---|
| | | R1.1-2: Positiv utvikling over tid: Fleire kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. | Gjennomført kurs i spelemidlar, Starta opp studium i munnleg formidling, gjen- nomført fire kurs om e-bokordninga, seks konferansar om formidling og litteratur, fire kurs om prosjektutvikling i bibliotek. Kommunearkivordninga gjennomførte kontaktkonferanse for kommunane. |
| | | R1.1-3: Ambisjon: Utarbeide kultur- strategi for Sogn og Fjordane i 2014. | Gjennomført (vedteken i hovudutvalet for kultur i november 2014). |
| | | R1.1-4: Ambisjon: Tiltak i regional plan for fysisk aktivitet vert sette i verk frå 2014. | Arbeidet vert vidareført i 2015. |
| | R1.2: Tal innspel til kommu- nale planstrategiar. | R1.2-1: Tal for resultatmål. | Innspel på ti kommunale planstrategiar. |
| R2: Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarv-verdiar i Sogn og Fjordane. | R2.1: Tal kommunar som kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunns- utviklinga. | R2.1-1: Alle kommunar kartlegg kulturminne. Merk: >20 kom- munar har også sett i gang arbeidet med utarbeiding av lokal kulturminneplan. | 24 kommunar i gang |
| | | R2.1-2: Positiv utvikling over tid: Fleire verdiskapings- prosjekt baserte på utvikling av kulturminneverdiar vert initierte. | Fylkeskommunen skal følge opp initiativ og idear til lokale prosjekt. |
| R3: Dialogen og samhandlinga med kulturaktørane vert vidareutvikla. | R3.1 Tal regelmessige møteplassar. | R3.1-1: Årlege dialogmøte mellom frivillig sektor/ kultur- arrangørar og kulturinstitusjonane. | Dialogmøte kulturstrategi. Årlege bibliotekdagar. |
| | | R3.1-2: Deltaking frå fylkeskommunen på minst eitt møte med kvart regionale kulturnettverk. | Delteke på møte i Nordfjord og Sunnfjord. |
| | | R3.1-3: Fylkeskommunen inngår årleg min. tre nye utviklingsavtalar med fag- miljø og frivillig sektor. | Inngått avtale med Gloppe musikkfest. Avtale med Sogn og Fjordane idrettskrins under utarbeiding. |



Opplæring

Med heimel i opplæringslova § 13-10 er fylkeskommunen som skuleeigar pålagd å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa. Tema skal vere læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for fylkestinget. Årsrapport 2014 dekkjer krava som ligg til ein slik tilstandsrapport.

ØKONOMISKE RAMMER

| Teneste | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Utgifter til lokale | 66 994 | 65 091 | 66 726 |
| Vedlikehald og drift av skulebygg | 34 157 | 40 889 | 43 551 |
| Forvaltning og fellesutgifter | 45 764 | 48 142 | 51 430 |
| Fellesutgifter | 6 250 | 7 807 | 7 534 |
| Eleveksamten | 2 697 | 2 469 | 2 738 |
| Elev- og lærlingombod | 872 | 885 | 862 |
| Pedagogisk leiing mv. | 72 065 | 64 305 | 79 307 |
| Pedagogiske fellesutgifter | 15 402 | 16 778 | 18 209 |
| Gjesteelevar | 4 929 | 4 447 | 4 485 |
| PC-ordninga | 2 876 | 2 751 | 2 795 |
| Utdanningsprogramma | 338 193 | 341 735 | 331 426 |
| Gratis læremiddel | 17 | 161 | 170 |
| Jordbrukskulegardar | 2 598 | 2 874 | 3 041 |
| Fagskuleutdanning | 21 613 | 22 006 | 22 296 |
| Landslinjer | 3 021 | 3 278 | 4 206 |
| Tilpassa opplæring | 66 748 | 63 666 | 67 478 |
| PP-tenesta | 11 385 | 12 039 | 12 596 |
| Oppfølgingstenesta | 6 075 | 5 469 | 7 016 |
| Fagopplæringsnemnda | 126 | 147 | 219 |
| Opplæring i bedrift | 69 564 | 75 297 | 82 986 |
| Fagprøvar | 9 249 | 10 611 | 10 386 |
| Vaksenopplæring | 4 554 | 5 616 | 5 654 |
| Opplæring i sos-/med.institusjonar | 7 388 | 6 411 | 7 337 |
| Privatisteksamen | 2 740 | 3 319 | 2 861 |
| Tilskot til elevorganisasjonar | 20 | 17 | 40 |
| Karriererettleiing | 670 | 22 | 1 145 |
| Opplæring - andre område | 642 | 1 226 | - |
| Resultat skulane | -1 119 | 6 992 | |
| T O T A L T | 795 290 | 814 450 | 836 494 |

Tabell 10.

Driftsresultat for sektoren samla

Opplæringssektoren hadde i 2014 eit nettobudsjett på 836,5 mill. kr. Rekneskapen viser eit samla mindreforbruk på 22,0 mill. kr (etter resultatoverføring på skulane).

Dei største postane med mindreforbruk er straumutgifter skulebygg på omlag 2 mill. kr, ufordelte midlar til utdanningsprogramma/pedagogisk leiing 4,0 mill. kr, tilpassa opplæring på 2,5 mill. kr og tilskot til lærebedrifter på 7,5 mill. kr.

Innsparinga på ufordelte midlar til utdanningsprogramma/pedagogisk leiing er i hovudsak knytt til midlar øyremerkte tilbod om fagopplæring i skule (vg3) og tilbod om påbygging til generell studiekompetanse for elevar som har fullført fagbrev. Tilboda om vg3 kom i gang seint på året og vart difor ikkje belasta budsjettet i 2014. Det vart ikkje sett i gang eigne grupper for påbygging etter oppnådd fagbrev.

Innsparinga på anslagsløyvinga "tilpassa opplæring" er i hovudsak knytt til ufordelte midlar til dei vidaregåande skulane, og at berre to av tre innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar kom i gang skuleåret 2014-2015.

Anslagsløyvinga "tilskot til lærebedrifter" vart auka i 2014. Trass i aktivt arbeid for å styrke fagopplæringa og å auke gjennomføringa er det framleis mangel på læreplassar på fleire fagområde. Tal inngårte lærekontraktar vart difor lågare enn venta.

Dei vidaregåande skulane hadde ei samla innsparing på ordinær drift på om lag 5,1 mill. kr i høve budsjettløyvinga i 2014. Meir-/mindreforbruk på skulane i høve budsjettet for 2014 kjem i tabellen over fram som ein del av avvika på dei einskilde tenesteområda. Dei vidaregåande skulane har resultatoverføring, og resultata på skulane påverkar såleis ikkje det samla rekneskapsresultatet for fylkeskommunen.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde eit samla mindreforbruk på i overkant av 1,3 mill. kr i 2014. Skulen har med dette redusert det akkumulerte meirforbruket frå 2,5 mill. kr i 2013 til 1,2 mill. kr i 2014. Skulen har resultatoverføring.

Landslinetilboda hadde eit samla mindreforbruk i 2014 på i underkant av 1,9 mill. kr. Mindreforbruket er knytt til Sogn Jord- og Hagebrukskule, og har mellom anna samanheng med stram budsjettstyring og periodisering av prosjekttilstskot. Skulen har eit akkumulert mindreforbruk på 1,3 mill. kr. Skulen har resultatoverføring.

Opplæringssektoren samla har eit mindreforbruk i 2014 på om lag 2,7 prosent i høve budsjettet.

Nærare om rekneskapsresultatet på dei vidaregåande skulane (utan landslinene)

Samla hadde skulane i 2014 ei innsparing på 5,1 mill. kr knytt til ordinær skuledrift. Sju skular hadde meirforbruk på den ordinære drifta i 2014, medan seks skular hadde mindreforbruk. Storleiken på meirforbruket varierer frå om lag 0,1 mill. kr til om lag 2,0 mill. kr, medan mindreforbruket varierer frå om lag 0,4 mill. kr til om lag 3,2 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit mindreforbruk på 7,2 mill. kr knytt til ordinær skuledrift.

På anna verksemد hadde skulane eit mindreforbruk i 2014 på 0,6 mill. kr. Akkumulert hadde skulane samla eit mindreforbruk på 10,7 mill. kr knytt til anna verksemد.

Fylkeskommunen har resultatoverføring, der eventuelt meirforbruk og mindreforbruk ved dei vidaregåande skulane vert overført til året etter. Denne ordninga gir skulane større handlingsrom, eit meir langsiktig perspektiv og høve til å styre mot planlagde over-/underskot einskilde år.

Fylkesdirektøren vil også i 2015 jobba særleg med oppfølging av skular med større avvik. Oppfølging av driftsresultata ved dei vidaregåande skulane er eit tema mellom anna i samband med styringsdialogen fylkesdirektøren har med skulane.

AKTIVITETSTAL

Søkjartal

Det var i 2014 totalt 5307 søkjrarar til vidaregåande opplæring, 40 fleire enn i 2013. Avgangskullet frå grunnskulen gjekk ned, og auken skuldast at det samstundes var fleire i gruppa med ungdomsrett (rett til tre år i løpet av fem år) som søkte vidaregåande opplæring.

Av det totale søkjartalet søkte 600 opplæring i bedrift. Dette er 20 fleire enn i 2013, noko som kan ha samanheng med at det var fleire elevar på vg2 yrkesfag skuleåret 2013-14 enn det var i 2012-13 og at det var færre søkjrarar til påbygg skuleåret 2014-15 enn det var i 2013-14.

4927 av søkerane til vidaregåande opplæring hadde ungdomsrett, av desse 551 til bedrift.

Kjelde: Vigo

Elevar i vidaregåande skule

Skuleåret 2014-15 vart 4121 søkerar tekne inn til dei fylkeskommunale vidaregåande skulane, mot 4216 året før. Sogn og Fjordane fylkeskommune betalar for 52 elevar som går på skular i andre fylke. 80 elevar frå Sogn og Fjordane går på privatskule i eige fylke.

Over halvparten av elevane Sogn og Fjordane betalar for i andre fylke, kjem inn under Hordalandsavtalen. Dei fleste innanfor avtalen går på Austrheim vidaregåande skule, medan nokre går på skulane på Voss. Av tungtvegande grunnar vert det òg i enkelte tilfelle kjøpt elevplassar i andre fylke. Dei resterande er elevar som går på programområde som Sogn og Fjordane ikkje tilbyr.

Kjelde: Vigo

Lære- og opplæringskontraktar

Søkerar med ungdomsrett som har fått godkjent lærekontrakt i 2014, er 65,2 prosent mot 69,0 prosent i 2013. Gjennomsnittet for landet i 2014 er 68,7 prosent. Ved utgangen av 2014 var det registrert 1022 løpende lærekontraktar. I 2014 var det 551 søkerar med ungdomstett som søkte læreplass. 359 var registrerte med læreplass ved utgangen av året.

Kjelde: Skoleporten, Utdanningsdirektoratet.

Søkerar utan tilbod om læreplass

Tal søkerar med ungdomsrett utan tilbod om læreplass i 2014 var 17 (tre prosent av tal søkerar med ungdomsrett).

Hovuddelen av dei som ikkje fekk læreplass søkte til faga kjøretøy, industrimekanikar og matros.

Fylkesdirektøren har gjennomført ulike tiltak for å redusere talet på søkerar utan tilbod om læreplass i 2014. Til dømes vart alle utan læreplass pr. 15. august inviterte til eit møte der dei mellom anna fekk informasjon om vg3 i skule.

Fylkeskommunen starta i 2014 opp vg3 i skule i faga kjøretøy, industrimekanikar og matros. Omlag 30 prosent av dei som fekk tilbod, takka ja. I tillegg har vi gjennomført eigne kvalifiseringsopplegg for dei som ikkje var kvalifiserte til læreplass.

Dette syner at når ungdommane ikkje får førstevalet sitt om læreplass, vel dei andre løysningane som ikkje fører dei fram til fagarbeidarkompetanse.

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Oversynet nedanfor viser i prosent gjennomføring på normert tid for Sogn og Fjordane og landssnittet i 2014.

| | Studieførebuande | Yrkesfag | Samla |
|------------------|------------------|----------|-------|
| Sogn og Fjordane | 90 | 64,7 | 76,7 |
| Landssnittet | 86,4 | 57,5 | 70,6 |

Tabell 11.

Sogn og Fjordane har eit resultat over landssnittet, både samla og når vi skil mellom studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Manglande gjennomføring på normert tid i bedrift skuldast mellom anna omval, overgang til påbygging til generell studiekompetanse, uttak av friår og fråfall. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å styrke fagopplæringa og auke gjennomføringa på normert tid, mellom anna gjennom betre formidlingsprosess og tett oppfølging i læretida.

I Sogn og Fjordane vel omlag 50 prosent yrkesfaglege utdanningsprogram. Tala viser likevel at Sogn og Fjordane er blant dei fylka som har færrest søkerar til læreplass. Årsakene kan vere mange. Etter to år på yrkesfag vel mange å ta påbygg, noko som kan vere utfordrande teoretisk. Ein del av ungdomane vel å arbeide etter to år på yrkesfag, andre tek omval. Likevel ser vi no ei positiv utvikling.

Fylkeskommunen har i haust gjennomført felles møte med opplæringskontor, politikarar, fagopplæringsnemnd, rektorar og elevrepresentantar om overgangen frå vg2 til lære og vg3. Vi arbeider også tett på skulane for å få dei til å utvikle gode lokale planar for bruk av prosjekt til fordjuping på vg1 og vg2 saman med næringslivet.

Fylkeskommunen bad i ansvarsbrevet til skulane hausten 2014 rektorane om å rapportere på det systemretta arbeidet som vert gjort for å auke gjennomføringa. Kort oppsummert viser rapporteringa at dei vidaregåande skulane har utvikla gode samarbeidsrutinar med ungdomsskulane om overføring av viktig informasjon, gjennom eit felles årshjul. Det har også dei seinare åra vore tettare dialog mellom dei vidaregåande skulane om informasjon om elevar som skiftar skule. Dette er viktig for å kvalifisere elevane i alle fag.

Kartleggingsprøvane på vg1 vert gjennomførde i rekning, lesing og engelsk på alle skulane. Det er ei negativ utvikling i resultata i lesing. Fylkeskommunen har difor tilbydd etterutdanning i lesing og lesestrategiar til programfaglærarar og fellesfaglærarar. Dei vidaregåande skulane kan vidareutvikle fleire systemretta tiltak for oppfølging av kartleggingsprøvane. Alle dei vidaregåande skulane er med på nasjonal Fyr-satsing (fellesfag, yrkesretting og relevans) i løpet av ein treårsperiode.

Fylkeskommunen har i 2014 hatt møte med alle skulane om korleis skulane brukar prosjekt til fordjuping (PTF), og kva nettverk skulane har med det lokale næringslivet. Skulane har i liten grad involvert det lokale næringslivet i utarbeiding av læreplanar. Dette samarbeidet er viktig å utvikle for å gjøre formidling av lærlingar og overgangen mellom vg2-vg3/lære lettare. Arbeidet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring er avhengig av god samhandling med kommunane og det lokale næringslivet. Det er eit sjølvstendig moment å auke statusen til yrkesfaga.

Fylkeskommunen har også gjennomført andre tiltak for å auke gjennomføringa:

- Læreplakkurs for ungdom som ikkje fekk læreplass etter vg2
- Tilrettelegging på individnivå for å følgje opp og kvalifisere elevar og lærlingar
- Nettverksarbeid mellom dei vidaregåande skulane og det lokale næringsliv om organisering av lokale læreplanar i PTF og bruk av PTF
- Dialogmøte med kommunane om grunnopplæringa (1-13).
- Tett oppfølging av skulane og praksis i klasserommet i høve grunnleggande dugleikar, yrkesretting og relevans i yrkesfaga.

VAKSENOPPLÆRING

Fylkeskommunen starta i 2014 13 nye tilbod om vidaregående opplæring for vaksne i yrkesfaga. I tillegg vart tre praksiskandidatkurs avslutta våren 2014. Det var tilbod om opplæring i fem fag til generell studiekompetanse. Alle faga vart tilbydde i Førde, medan matematikk og norsk òg gjekk i Sogndal og på Nordfjordeid. Engelsk vart berre tilbydd som nettundervisning.

For 2014 vart løyvinga til vaksenopplæring auka med 1 mill. kr. Det førte til at det totale deltakartalet gjekk kraftig opp frå 221 i 2013, til 304 i 2014. Omlag 55 prosent av desse har vaksenrett. Tal deltakarar med vaksen- eller fullføringsrett er størst i fag med standpunkturdering, minst i praksiskandidatkursa.

Alle vaksne med vaksenrett skal få tilbod om opplæring mot ønskt sluttkompetanse, men ventetida kan verte lang i einskilde småfag.

Utviklinga med fleire vg1- og vg2-løp med standpunktcharakterar i yrkesfaglege utdanningsprogram held fram. Av desse vart fire grupper i helsefag, spesielt organiserte for flyktningar/minoritetsspråklege vidareførde. I tillegg vart det starta opp eit tilsvarande kurs i service og samferdsel med sikte på sluttkompetanse i yrkessjåførfaget.

Det vart sett i gang fire praksiskandidatkurs i helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.

GJENNOMFØRING I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

76,7 prosent av elevane i Sogn og Fjordane gjennomfører vidaregåande opplæring på normert tid. I dei studieførebuande utdanningsprogramma gjennomfører 90 prosent, medan dei yrkesfaglege utdanningsprogramma har lågare grad av gjennomføring, 65 prosent.

Vala til elevane våre er i aukande grad mot studiespesialiseringe retning og ikkje mot ei yrkesfagleg karriere. Korleis skal vi samhandle her i fylket for å endre denne trenden? Å drive god opplæring er ein dynamisk prosess som krev at alle som er aktørar i dette arbeidet må sjå framover og vere i utvikling.

EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Dei vidaregåande skulane har for skuleåret 2014-2015 ei oppfylling på om lag 93,5 prosent, omlag som året før.

På studieførebuande utdanningsprogram er oppfyllinga om lag 94 prosent, som året før. Dei yrkesførebuande utdanningsprogramma har ei oppfylling i overkant av 93 prosent, også om lag som året før.

Oppfylling per nivå:

- vg1: 97 prosent (som året før)
- vg2: 90 prosent (92 prosent året før)
- vg3: 94 prosent (som året før).

(Kjelde: Søkjær og opplæringsstatistikk 2014-2015)

SÆRSKILDE POLITISKE SAKER

Fylkestinget

- Sak 12/14: Tilbod om International Baccalaureate (IB), som eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og UWC Røde Kors Nordisk
- Sak 13/14 Fagskulen i Sogn og Fjordane - avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve
- Sak 14/14 Investeringar og drift ved Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Sak 28/14 Lokal inntaks- og formidlingsforskrift
- Sak 32/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 - konsekvensar av eventuelle endringar i planlagde bygginvesteringar for opplæringssektoren
- Sak 46/14 Opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016
- Sak 48/14 Sogn Jord- og Hagebruksskule
- Sak 52/14 Delegering av mynde til å gjere endringar i vedtekten for Fagskulen i Sogn og Fjordane

Hovudutvalet for opplæring

- Sak 1/14 Høyring - Framlegg om endringar i privatskulelova - innføring av mellombels dispensasjonsføresegn
- Sak 3/14 Finansiering av utvikling (kjøp) av nytt felles skuleadministrativt system
- Sak 4/14 Revisjon av forskrift til ordensreglement på dei vidaregåande skulane 2014
- Sak 5/14 Handlingsplan for internasjonalisering i vidaregående opplæring i Sogn og Fjordane, for perioden 2014-2017
- Sak 6/14 Innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar
- Sak 7/14 Revidert utviklingsplan for pedagogisk-psykologisk teneste for vidaregående opplæring 2014-2017
- Sak 8/14 Justering av opplæringstilbodet 2014-2015
- Sak 13/14 Kompetanseutvikling i vidaregående opplæring 2014/15
- Sak 17/14 Høyring - Fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregående opplæring
- Sak 18/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - prioritering i opplæringssektoren
- Sak 21/14 Evaluering av ordninga "Spissa idrettstilbod i vidaregående opplæring"
- Sak 24/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2019 - sektorbudsjett for opplæring
- Sak 26/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2017-2019 - målekart 2015 og utgreiingsområde for tilpassing til økonomiske rammer på lang sikt (2017-2019)
- Sak 29/14 Høyring - framlegg til endringar i utdanningsstøttelova og i forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for undervisningsåret 2015-2016
- Sak 30/14 Høyring - framlegg til endringar i privatskulelova
- Sak 31/14 Yrkessval 2.0 - Omdømmeprosjekt
- Sak 33/14 Opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016

KOSTRA NØKKELTAL

| Utvalde indikatorar for opplæringssektoren 2012-2014 | SFJ 2012 | SFJ 2013 | SFJ 2014 | Ref. fylke 2014 | Landet u/Oslo 2014 |
|--|----------|----------|----------|-----------------|--------------------|
| Netto driftsutgifter til videregående opplæring, per innbyggjar 16-18 år | 169 016 | 178 794 | 182 958 | 170 271 | 155 978 |
| Økonomisk belastning 510-562 videregående opplæring i skule per elev | 161 128 | 163 637 | 170 420 | 153 291 | 145 886 |

Tabell 12.

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa

| Utvalde indikatorar for opplæringssektoren 2011-2013 | SFJ 2011 | SFJ 2012 | SFJ 2013 | Landet u/Oslo 2013 |
|--|----------|----------|----------|--------------------|
| Del elevar og lærlingar som har bestått vgo i løpet av fem år | 76,3 | 75,9 | 77,3 | 70,7 |
| Del elevar som har sluttar i løpet av året - alle årssteg | 4,1 | 3,5 | 4,1 | 4,9 |
| Del av elevar som starta på yrkesfag som har oppnådd yrkeskompetanse/fag-/svennebrev i løpet av fem år | 40,6 | 37,5 | 39,5 | 32,4 |
| Del elevar med direkte overgang fra vidaregående opplæring til høgare utdanning | 44,4 | 40,2 | 41,3 | 44,8 |
| Del bestårte fag- og svenneprøvar | 93,9 | 93,9 | 92,6 | 91,1 |
| Del elevar vg2 yrkesfaglege utd. prog. i fjor, i lære i år | 33,4 | 41,9 | 44,4 | 37,6 |

Tabell 13.

I tabellen er det nytta 2013-tal. Tala for 2014 er ikkje klare før i juni 2015.

MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|--|--|--|---|
| Tenesteyting (T) | | | |
| T4: Læringsmiljø. | T4.1: Trivsel i vidaregående opplæring. | T4.1-1: Elevar >4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga. | Snittverdi: 4,3.: Ambisjonsnivået er ikke nådd. Fylkesdirektøren vurderer tilbakegangen som svært liten, og det er uråd å identifisere faktorar som gir utslag. |
| | | T4.1-2: Lærlingar >4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga. | Snittverdi: 4,3. Ambisjonsnivået er ikke nådd. Fylkesdirektøren vurderer tilbakegangen som svært liten og det er uråd å identifisere faktorar som gir utslag på denne variabelen. |
| | T4.2: Meistring i vdaregående opplæring. | T4.2-1: Elevar >3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga. | Snittverdi: 4. Ambisjonsnivået er nådd. |
| | | T4.2-2: Lærlingar >4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga. | Snittverdi: 4,1. Ambisjonsnivået er nådd. |
| T5: Læring. | T5.1: Karakterutvikling/ resultat. | T5.1-1: 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landssnittet. | 17 fag med sentralt gitt eksamen har resultat over landssnittet. Ambisjonsnivået er nådd. |
| | | T5.1-2: 25 prosent av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: Bestått/ Mykje godt. | 26 prosent av lærlingane som tok fag- og sveineprøve fekk bestått mykje godt. Ambisjonsnivået er nådd. |
| | T5.2: Standpunktakrakter og eksamensresultat i norskfaget. | T5.2-1: <0,4 karaktergrader i avvik. | Avviket mellom standpunkt og eksamensresultat i norskfaget våren 2014 er 0,3. Ambisjonsnivået er nådd. |
| T6: Gjennomføring. | T6.1: Gjennomføringsgrad. | T6.1-1: I 2015 skal 77 prosent av dei som byrja i vidaregåandeopplæring i 2010 ha gjennomført opplæringa. | 76,7 prosent av elevane som byrja i 2010 gjennomfører på normert tid. Ambisjonsnivået er ikke nådd. |
| Regional utvikling (R) | | | |
| R4: Samsvar mellom dimensjonering av opplærings-tilbodet og behovet for fagarbeidrarar. | R4.1: Grad av samsvar mellom tilgang til lærelassar og tal søkjalar til lærelass. | R4.1-1: Alle med ungdoms- eller voksenrett som søker lærelass som første ønske får tilbod. | Ambisjonsnivået vart ikke nådd. |



Plan og næring

ØKONOMI

Sektoren plan og næring hadde eit budsjett på 121,65 mill. kr til utviklingstiltak i fylket i 2014. Midlane gjekk til næringsarbeid, regional planlegging, folkehelsearbeid, lokal samfunnsutvikling, miljø, naturressursar og administrasjon.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gav i tillegg 43 mill. kr i kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Flora, Sogndal og Førde. Midlane vart forvalta av stiftinga Interkommunal næringsretta utviklingsordning Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF), på grunnlag av ein handlingsplan som var godkjend av hovudutvalet for plan og næring. Sogn og Fjordane fekk 39,5 mill. kr til utbygging av breiband i fylket i 2014.

| Større satsingar (mill. kr) | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|---|----------------|----------------|---|---------------|
| Bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge | 41,7 | 39,7 | 32,7 | 32,7 |
| Omstettingsarbeid i kommunar | 7,2 | 8 | 8,6 (medrekna 1,5 mill. kr dekka med midlar frå tidlegare år) | 7,1 |
| Kommunale næringsfond | 18,5 | 18,5 | 15,6 (medrekna 1 mill. kr dekka med fondsmidlar) | 14,6 |
| Reiseliv | 10,9 | 10,5 | 9,5 | 9,5 |
| Tettstadutvikling | 5,2 | 4,9 | 3,5 | 3,5 |
| Folkehelse | 4,7 | 4,7 | 4,8 | 4,8 |

Tabell 14.

REGIONAL PLANLEGGING

I 2014 har vi jobba med følgjande regionale planar:

- Regional plan for verdiskaping - sjølvé planen vedteken i fylkestinget i juni 2014, og handlingsplan 2015-2018 vedteken i fylkestinget i desember 2014
- Regional plan for folkehelse - arbeid med planprogram
- Arbeidet med regional plan for kysten startar opp i løpet av 2015. I 2014 har vi arbeidd med å fullfinansiere kartleggingsprosjektet Marine Grunnkart. Det ligg føre ein signert avtale mellom fylkeskommunen og Norges geologiske undersøkelse (NGU) som skal gjennomføre prosjektet over tre år
- Regional plan for vassforvaltning

Fylkeskommunen er mynde for utarbeiding av forvaltningsplan for vassressursane. Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 vart med tilhøyrande tiltaksprogram sendt på seks månaders høyring 1. oktober 2014.

VERDISKAPINGSPLANEN - SAMORDNAR INNSATSEN FOR Å LEGGE TIL RETTE FOR FLEIRE ARBEIDSPLASSAR

Fylkestinget har sett folketalsutvikling som hovudutfordringa for Sogn og Fjordane. I verdiskapingsplanen er målet om folketalsutvikling ført vidare til ein ambisjon om arbeidsplassvekst. Vi skal skape attraktive arbeidsplassar som gjer at folk vel å busette seg i Sogn og Fjordane.

Verdiskapingsplanen er utarbeidd av Høgskulen i Sogn og Fjordane, NAV, KS, Innovasjon Norge, LO, NHO, Fylkesmannen og fylkeskommunen. Det er arbeidd med seks ulike tema i planen etter bestilling frå fylkespolitikarane

- kunnskap og nyskaping
- fornybar energi
- sjømat
- reiseliv
- olje og gass
- landbruk

Verdiskapingsplanen vart vedteken i fylkestinget i juni 2014 og skal gje retning for arbeidet med verdiskaping i fylket. Handlingsplanen for 2015-2018 vart vedteken i fylkestinget i desember 2014.

KOMMUNANE ER VIKTIGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Kommunal planlegging

Det er ei heilt sentral oppgåve for fylkeskommunen å støtte opp under kommunal planlegging. Arbeidet med strategisk kommuneplanarbeid har vore viktig for å hjelpe kommunane til å bli langsiktige og strategiske utviklingsaktørar

Fylkeskommunen har i 2014 gitt administrative innspel til varsel om start av to kommuneplanar og fråsegn til offentleg ettersyn av utkast til arealdelen på fire planar. Regionalt planforum har gjennomført 17 møte. Samfunnssdelen av kommuneplanen var tema i eit møte. I 2014 gav fylkesutvalet høyningsuttale til samfunnssdelen av kommuneplanen til to kommunar.

Fylkeskommunen har delteke fagleg og økonomisk i fleire lokale planprosessar i 2014 som t.d. «Pilot Måløy», «Pilot Reed» og kommunedelplan for Dale sentrum. Vi er òg sentrale i eit prosjekt for kartlegging av havbotn i kystkommunane frå Florø til Selje. Prosjektet er no fullfinansiert og vert starta opp våren 2015. Data frå prosjektet kan nyttast vidare i kommunal planlegging.

Reguleringsplanar er i liten grad prioriterte i 2014. Vi har gitt nokre fråsegner eller enkel attendemelding til om lag ti planar. Vi har òg gjeve planjuridisk og planfagleg rettleiding gjennom telefon og e-post.

Tettstadutvikling og stadforming

Fylkeskommunen har tildelt 3,543 mill. kr til stadanalysar og kommunale opprustingsprosjekt i sentrumsområde i 2014. Støtta gjekk til prosjekt i kommunane Fjaler, Stryn, Gloppen, Solund, Jølster, Luster og Vågsøy. I tillegg har fylkeskommunen løyvd midlar til utvikling av ny kunnskap om tettstadforming. Tilskota støttar kartlegging av bakgrunn, registrering og analysar av ein stad og gode og attraktive møteplassar, som torg, parkar og allmenningstrukturar for ålmagenta.

Fylkeskommunen har gitt fagleg og økonomisk støtte til fleire pilotprosjekt innan stadanalyse, arealbruk og miljøvennleg bustadbygging. Metodikken «Open form» har vore sentral i arbeidet med stadanalyse og områdereguleringsplan i Måløy og stadanalyse og arealbruk på Reed og på Flolid i Gulen. Vi har òg gitt økonomisk støtte til gjennomføring av eit fagseminar om bruk av lys i stadforming. Fylkeskommunen har tidligare gitt økonomisk støtte til pilotprosjektet TUN+ på Lomelde i Sogndal, som har stor overføringsverdi når det gjeld buform, klima og miljø. I 2014 løyvde fylkeskommunen 100 000 kr til eit elevprosjekt hjå Sogndal vidaregåande skule. Fleire aktørar er med å sponse prosjektet, som skal starte opp hausten 2015. Her skal elevane vere med på å sette opp eit visningshus i massivtre på Lomelde i samarbeid med verksemda Massiv Lust.

Næringsutvikling i kommunane

Kommunane er ofte første møtepunktet for gründerar og småbedrifter, og det er ei prioritert oppgåve for fylkeskommunen å støtte opp om kommunane og arbeidet dei lokale næringsselskapa gjer med næringsutvikling.

Frå 2011 styrka vi innsatsen gjennom prosjektet «Kommunal næringsutvikling», for å betre det kommunale næringsapparatet og samhandlinga mellom dei ulike aktørene. Vi har satsa mykje på kompetanseheving, slik at næringsarbeidarane skal vere betre i stand til å møte etablerarar og bedrifter på ein god måte. Høgskulekurset i næringsutvikling vart godt motteke, til liks med dei andre kursa som femna om alt frå sakshandsaming til innkjøpsreglement og kurs i prosjektleiingsprosessen. Kursa har vorte gode møtestadar for næringsmedarbeidarane, og det er elles gjennomført samlingar innan kommunale næringsfond.

Fylkeskommunen har arbeidd med å styrke informasjonen ut mot etablerarar og småbedrifter, mellom anna gjennom nettsida driftig.no. Her finn ein kontaktpersonar i kvar kommune, kalender med aktuelle tilbod til etablerarar og småbedrifter, inspirasjonshistorier og gode råd. Kontakten med kommunar og næringsselskap er styrka gjennom kommunebesøk og dei nemnde kursa og samlingane.

Det var 70 personar som gjekk på etablerarkurs i 2014, vel 30 prosent fleire enn året før. I løpet av dei tre siste åra har om lag 170 personar gått på etablerarkurs, der dei gjennom dei fire samlingane får trening i å starte si eiga bedrift. I ettertid har 57 prosent av kursdeltakarane meldt at dei har etablert bedrift eller har ein idé under utvikling.

Den styrke innsatsen/kommuneprosjektet har vore eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, landbruksavdelinga til Fylkesmannen og kommunane. Den forsterka innsatsen er evaluert, og evalueringa syner at innsatsen har vore rimeleg vellukka. Aktiviteten vert for det meste vidareført som ei driftsoppgåve i næringsavdelinga til fylkeskommunen, i samråd med dei andre samarbeidspartnerane. Dette er ein del av oppfølginga av verdiskapingsplanen.

Løyvingane til kommunale næringsfond var 15,63 mill. kr i 2014, av dette ein mill. kr som vart dekka med fond. Dette er ein nedgang på nærmere tre mill. kr frå 2013. Kommunane må ha oppdaterte planar innan næringsutvikling og tilfredsstillande førstelineteneste for etablerarar for å få støtte frå fylkeskommunen.

Breiband og mobildekning

Breiband og mobildekning er i dag å sjå på som basisinfrastruktur på linje med straum, vatn og avløp. Tilgang til breiband av god kvalitet og med tilstrekkeleg kapasitet er ein føresetnad for vidare utvikling av fylket. Fylkeskommunen har i dag ei rolle som bindeledd mellom Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (tidlegare Post- og teletilsynet) og kommunane. Vi gjev råd til kommunane på ei rekke område og arbeidar med å styrke kompetansen om breibandutbygging i kommunane:

- søkje om statlege midlar på vegne av kommunane (fylkesprosjekt)
- standardisere prosessar og rutinar for gjennomføring av utbyggingsprosjekt
- standardisere anbodsdocument og kontraktar
- evaluere tilbod og hjelpe til forhandlingar
- bygge kompetanse i og mellom kommunane (nettverk- og arenabygging)
- leverandøroppfølging

I 2014 fekk Sogn og Fjordane 39,5 mill. kr til 23 breibandprosjekt i 23 kommunar i fylket. Dei statlege midlane løyste ut ni mill. kr frå fylkeskommunen og fem mill. kr frå kommunane. Dette gjer at leverandørane kan gå inn med sin del, og det vert bygd ut breiband for om lag 90 mill. kr i 2015.

Sogn og Fjordane er framleis det fylket med därlegast breibanddekning i Noreg. Spreidd busetnad og utfordrande topografi med fjell og fjordar gjer utbygginga kostbar. Det er derfor behov for auka satsing på breiband og mobil i mange år framover. Sogn og Fjordane tok initiativ til, og leiar framleis Nasjonalt Breibandråd, som er intresseorganet til fylkeskommunane i brebandsaker.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har delteke i den nasjonale satsinga «Lokal samfunnsutvikling i kommunane» (LUK). Kjernen i LUK-arbeidet er å styrke utviklingskompetansen og kapasiteten i fylkeskommunen for å støtte kommunane til å bli gode utviklingsaktørar. I 2014 har vi jobba særleg med å vidareutvikle statistikk og analyse til nytte i det langsiktige strategiske arbeidet til kommunane. Det er levert spesifikke analysar etter bestilling frå kommunane. 2014 var siste året det vart gjeve sentrale løyingar til satsinga.

BULYST

Sogn og Fjordane har vore med i den nasjonale Bulyst-satsinga for å styrke arbeidet med stad- og samfunnsutvikling. I 2014 var det tre aktive Bulyst-prosjekt i Sogn og Fjordane. Dette var Preform i Fjaler, Solund til 1000 og Bygdeutvikling Nye Bremanger. Satsinga er no avslutta, men det står att ein mindre pott til fullføring av Solund til 1000.

VERDSARV, NATUR- OG KULTURPARKAR

2013 var siste året i det femårige programmet «Naturarven som verdiskapar», der fylket har delteke med prosjekta Kystarven i HAFS-kommunane, «Mellan Fjell og Fjord» i Luster kommune og «Nærøyfjorden Verdsarvpark» i kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss.

Prosjektet «Verdsarvparken» er sett saman av partnarar frå lokalbefolking, landbruk, næringsliv, frivillige organisasjonar og forvalting i området. Samarbeidet bygger på ei forpliktande partnarskapsavtale for å fremje verdsarvverdiane i området Nærøyfjorden gjennom berekraftig utvikling. Arbeidet skal legge grunnlag for ny verdiskaping og utvikling av landskaps- og kulturarvressursane i området. Satsing på natur og kulturarven er nedfelt i den regionale planstrategien. I 2014 vidareførte fylkeskommunen den økonomiske støtta til verdsarvparken ved å nytte frigjorte midlar.

OMSTILLING

Kommunane Askvoll, Hyllestad og Lærdal hadde omstillingsstatus i 2014. Det vart løvd totalt 8 612 000 kr. Vel sju mill. kr av dette var budsjettmidlar frå 2014, medan resten var disponibele midlar frå tidlegare år.

Midlane vart fordele slik:

- Askvoll 2 172 000 kr
- Hyllestad 3 000 000 kr
- Lærdal 3 440 000 kr

Den eksterne vurderinga av omstillingsarbeidet (programstatusvurderinga) i Askvoll og Hyllestad hausten 2014 viser framgang på dei aller fleste resultatindikatorane i høve til 2013. I Lærdal vart den første programstatusvurderinga gjennomført hausten 2014. Denne konkluderer med at Lærdal er komne godt i gang med omstillingsprogrammet. Styret er aktivt, og medlemene har variert og god kompetanse. Administrasjonen arbeider strukturert og målretta.

SATSING PÅ KUNNSKAP

Det vart i 2014 planlagt ei satsing på kunnskap som del av verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane. Satsinga har fire viktige arbeidsområde:

- forsking og utvikling
- opplæring
- tilgang til kunnskap gjennom rekruttering
- utvikling av kunnskapsintensive, tenesteytande næringar

Satsinga skal setjast i verk i 2015.

FORSKING OG UTVIKLING (FOU)

Fylkeskommunen arbeider saman med Noregs forskingsråd aktivt for å mobilisere næringslivet til å ta i bruk FoU i utviklingsarbeid sitt. 2014 vart eit overgangsår der tredje periode av VRI-prosjektet vart planlagt (VRI står for Verkemiddel for regional forsking, utvikling og innovasjon). Vestlandsforskning tok over prosjektleiinga frå 2014. Verkemidlet «kompetansemekling» er vellukka. Meklinga medverkar til konkret samarbeid mellom bedrifter og forskingsmiljø. Nærare informasjon: www.facebook.com/vrisfj.

I 2014 gjekk utviklingsavtalen mellom fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning ut. Gjennom utviklingsavtalen har vi medverka til å utvikle innovasjonsforskinga til institusjonane, reiselivsforskning og dessutan styrke formidling av viktig forsking for fylket.

REGIONALT FORSKINGSFOND VESTLANDET

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde to utlysingar for hovudprosjekt i 2014. For forprosjekt var det fortløpende utlysingar. Forskningsfondet tok imot søknader innan tema berekraftig matproduksjon, energi, offentlege utviklingsoppgåve på Vestlandet og reiseliv.

Regionalt forskingsfond Vestlandet gav støtte til seks søknader om forprosjekt og fire søknader hovudprosjekt frå Sogn og Fjordane i 2014. I tillegg kunne deltakarar frå Sogn og Fjordane vere partnarar i søknader frå andre fylke.

Forprosjekt frå Sogn og Fjordane som fekk støtte i 2014:


- Brødrene Hillersøy AS, Bulandet: Norsk makrellstørje som råstoff for sushi: En ny næring for fiskeflåten langs Vestlandskysten
- Tool Tech AS, Førde: Choke turbine for producing hydroelectricity. Development of a choke turbine technology for exploiting the flowing energy from wellflow
- Sogndal kommune: Utviklingsprosess for løysing av brukarkonfliktar mellom terrengsykling og hjorteinteresser for å styrke lokal verdiskaping
- Simas Nærings AS: Kompost med jordforbetrande effekt til frukt- og bærnæringa

- Stryn kommune: Samhandling i lokalt folkehelsearbeid
- Svanøy Havbruk, Svanøybukt: Ørretrogn til konsum

Hovudprosjekt frå Sogn og Fjordane som fekk støtte i 2014:

- Nærøyfjorden Verdsarvpark: Besøksforvaltning og lokalsamfunnsutvikling
- Aurland kommune: Klimatilpasning og endringer i kommunal risikohåndtering/beredskap. Instrumentering, prosessforståelse som grunnlag for tidleg varsling.
- Sognefrukt AS, Leikanger: Integrert bekjempelse av eplebladlus og pæresuger
- Seaweed AS, Værlandet: Brunalger til mat - dyrking av råvarer og prosessering av trygge og sunne produkter gjennom utvikling av forskningsbasert kunnskap

Sogn og Fjordane sin del av total støtte - prosent kumulativt år for år



Fra 2010 til 2014 har Sogn og Fjordane fått 26 mill. kr i støtte til hovudprosjekt, som svarar til 18,7 prosent av fondet som har gått til hovudprosjekt.

Etter fordelingsnøkkelen til Kunnskapsdepartementet skulle Sogn og Fjordane hatt 21,7 prosent av midlane.

I Sogn og Fjordane har vi derfor definert 21,7 prosent av fondet som eit mål å nå. Status for måloppnåing i perioden 2010 til 2014 er illustrert i figuren som «resultat» og «mål». Det var ein liten positiv tendens i 2014, men framleis ligg fylket under målsetjinga. Fleire aktørar arbeider godt saman for å få fleire søknader av høg kvalitet frå Sogn og Fjordane.

Diagram 12.

INNSATS FOR Å UTVIKLE KUNNSKAPSINTENSIVE, TENESTEYTADE NÆRINGAR

Fylket må få større del av dei ekspansive, tenesteytande næringane. Innovasjon Norge har hovudsvar for denne delen av satsinga på kunnskap. Fylkeskommunen har formulert oppdrag til både INU-FSF og Innovasjon Norge. Fylkeskommunen samarbeider med SIVA, mellom anna i samband med vidareutvikling av tre næringshagemiljøa Gulen-Masfjorden, Sognefjorden næringshage og Næringshagane i Nordfjord. Næringshagane hadde 56 målbedrifter i 2014.

Innovasjon Norge har brukt 22,2 mill. kr i tilskot til dei tenesteytande næringane (eks. reiseliv). 4,0 mill. kr av dette var til nyetablerarar.

Dei to inkubatormiljøa vart vidareutvikla: Inkubator administrert av Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS og industriinkubator administrert av Fram Flora AS. Fram Flora hadde i 2014 to bedrifter i pre-inkubasjon og fem inkubatorbedrifter. Kunnskapsparken hadde ei pre-inkubasjonsbedrift i 2014 og 12 inkubatorbedrifter.

OPPLÆRING

Fylkeskommunen medverka til å få finansiering frå Innovasjon Norge til to prosjekt innan ordninga Kompetansemekling i regionale næringsmiljø.

- Utgreiing om grunnlag for IKT-utdanning ved høgskulen. Søkjar: IT-Forum saman med Vestlandsforskning.
- Kartlegging og mobilisering for kompetanseutvikling. Søkjar Maritim Foreining i Sogn og Fjordane

REKRUTTERING

Prosjektet kompetansebygging, utvikling og rekruttering vart fullført ved utgangen av 2014. Rapporten er forfatta av Reidar Sandal og Trond Strømgren på oppdrag frå næringsseksjon i Sunnfjord og Sogn. Det er delfinansiert med midlar frå stiftinga Rekomp.

Den viktigaste delen av rapporten gir råd om tiltak for å betre rekrutteringa av kvalifisert arbeidskraft. Rapporten presenterer også statistisk materiale for å vurdere trøng for arbeidskraft. Eit kapittel handlar om rekruttering av utanlandsk arbeidskraft.

Rekrutteringsarbeidet er elles konsentrert om aktiviteten i Framtidsfylket AS og i Karrieresenteret. NAV er ein viktig samarbeidspartner i dette arbeidet.



INTERKOMMUNAL NÆRINGSRETTA UTVIKLINGSORDNING - FØRDE, SOGNDAL OG FLORA (INU-FSF)

Kommunane Førde, Sogndal og Flora har høgare arbeidsgjevaravgift enn andre kommunar i fylket og får kompensasjon for dette gjennom statsbudsjettet. Denne kompensasjonen var i 2014 på 43 mill kr. Av desse gjekk åtte mill. kr til bedriftsretta støtte gjennom Innovasjon Norge, dvs. til tilskot og lån til bedrifter. Elles gjekk dei største løyingane i 2014 til:

- tettstadutvikling (Førde, Flora og Sogndal) - 7,5 mill. kr
- sunnfjord næringspark - 7 mill. kr
- reiseliv - 4 mill. kr (midlar som vert forvalta av fylkeskommunen)
- inkubator i Sogn og Fjordane - 2,5 mill. kr
- subsea bachelorutdanning i Florø - 2 mill. kr

TILRETTELEGGING FOR AUKA OLJE- OG GASSVERKSEMD I SGN OG FJORDANE

Fjord Base i Flora har ein sentral plass i petroleumsnæringa i Sogn og Fjordane. Statoil er den største kunden på basen. GdF Suez driv logistikk- og støttefunksjonar til Gjøa frå Florø. Knarr-feltet, med BG Norge som operatør, er under utvikling, og selskapet byggjer opp ei base- og driftsavdeling på Fjord Base. Feltet kjem i drift tidleg i 2015.

Det er (og vert framleis) opparbeidd infrastruktur for ny aktivitet på Lutelandet i Fjaler. Eit sentralt satsingsområde er å rive utrangerte offshoreinstallasjonar. 2014 markerte eit gjennombrot for denne satsinga, då Veolia-gruppen fekk oppdraget med å fjerne Yme-plattforma. Yme skal demonterast på Lutelandet. Veolia vonar at Yme-prosjektet vil bli følgd av ei rekke prosjekt på Lutelandet.

Innan verdiskapingsplanen har Maritim forening Sogn og Fjordane hovudansvar for å utvikle leverandørverksemdene. Dei organiserer arbeidet gjennom utviklingsprogrammet «Supply Chain Network Sogn og Fjordane», som har som overordna målsetting å doble den petroleumsrelaterte omsetnaden i løpet av ein femårsperiode (frå 2013).

Basekampen

Statoil står for mykje av aktiviteten på Fjord Base. Selskapet har der logistikk-senteret sitt for rør, i tillegg har dei aktivitetar innan annan forsyning, forpleining og subsea. Statoil vedtok i november 2013 å endre seglingsmønsteret på norsk sokkel. Kampen mot desse endringane har (i alle fall så langt) ikkje ført fram. Kombinert med låg oljepris som set leiteverksemd og prosjekt på vent, vil dette medføre tap av aktivitet frå 2015.

SUBSEAUTDANNING

Hausten 2013 starta subsea-bachelor-utdanning opp i Florø med i overkant av 30 studentar. Eit nytt kull vart teke opp i 2014.

Fullfinansiering over statsbudsjettet vart ikkje realisert slik mange hadde håpa, men nytt opptak er sikra i 2015, ved at Statoil brukar midlar frå Gjøaavtalen.

FORNYBAR ENERGI

Fornybar energi er også eit satsingsområde i verdiskapingsplanen. Fylket har store fornybarressursar, ikkje minst innan vass- og vindkraft. Det har mot slutten av 2014 vore arbeidd med å få etablert «Energiforum Sogn og Fjordane». Dette vil i tilfelle erstatte Vindkraftforum og markere ei breiare satsing.

Høgskulen i Sogn og Fjordane fekk i 2014 godkjent eit strategisk høgskuleprosjekt innan fornybar energi. Prosjektet ber namnet RELEASE (Renewable Energy Projects: Local Impacts and Sustainability) og inneber ei stor og prestisjefyldt satsing over fleire år.

HAVBRUK OG FISKERI

Havbruk og fiskeri er eitt av satsingsområda i verdiskapingsplanen, og det vart vedteke at tre tema skal følgjast opp i gjennomføringsfasen:

- Program rekruttering og kompetanse innan sjømatnæringane. Ansvarleg her er næringsavdelinga i fylkeskommunen. Eitt tiltak vi arbeider med ein undervisningskonsesjon for havbruk i tilknyting Måløy vidaregåande skule.
- Avtale om innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane. Innovasjon Norge er ansvarleg.
- Avtale om arealplanlegging. Plan og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen er ansvarleg. Arbeider med å strukturere prosjekt på opparbeidning av marine grunnkart for fire kystkommunar.

Partnarskapsarbeidet AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning) starta opp i 2013. Arbeidet hadde grunna manglende personalressursar ikkje hatt aktivitet frå våren 2013 til våren 2014. Dette programmet har som mål å bidra til meir kunnskapsbasert akvakulturforvalting, på tvers av kommunegrenser, forvaltningsnivå og -organ og i samarbeid med akvakultur- og villaks-interesser. Programgruppa fungerer òg som fagpanel for vurdering av søknadar til Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane. Fondet har årlege tildelinger.

Vestlandsamarbeidet marin sektor (VestMarin)

Dette er eit marint samarbeid for næringsutvikling innan havbruk, fiskeri, sjømat og bioteknologi, der Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane deltek. Programmet delfinansierte i 2014 ulike prosjekt og konferansar. Det arrangerte også felles vestlandsstand under Aqua-Nor, samarbeide om felles politiske høyringar og utarbeidde høyringssaker til Vestlandsrådet.

Fylkeskommunen er med i eit internasjonalt marint samarbeid gjennom Nordsjøkommisjonen og faggruppa Marine Resources Group. Tema har er mellom anna kystsoneplanlegging, rekruttering til marine næringar og fiskeripolitikk.

Sogn og Fjordane fylkeskommune arrangerte saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Fiskeridirektoratet region Vest og Fiskeri- og havbruksnæringens landsforeining (FHL) eit Miljøseminar i Florø i 2014. Seminaret var det tredje i rekka, og vi hadde denne gongen tema knytt til overvaking av miljø, makroalgedyrrking saman med fiskeoppdrett, ny oppdrettsteknologi og verdiskapingsplan og ringverknadsanalyse av oppdrettsnæringa i Sogn og Fjordane.

Målgruppa for seminaret var næringsutøvarar, akvakulturforvaltning, forsking, kommunar, konsulentar og andre interesserte.

REISELIV

Fylkeskommunen løvdde 9,9 mill. kr til reiseliv i 2014. Ei eiga styringsgruppe samansett av offentlege og private aktørar har ansvaret for oppfølging og koordinering av arbeidet i regi av planen. Denne styringsgruppa har òg disponert reiselivsmidlar frå kompensasjonsordninga/INU-midlar.

I 2014 har vi mellom annna arbeidd vidare med tilgjengeleggjering gjennom tilrettelegging for infrastruktur gjennom ulike prosjekt. To mill. kr har blitt lyst ut og tildelt ulike infrastrukturprosjekt, som skal medverke til å auke reiselivsaktiviteten i fylket. Generelt har 2014 vore eit positivt år for reiselivet i Noreg. Men Sogn og Fjordane har ikkje klart å utnytte den positive utviklinga på linje med andre delar av landet, heller ikkje om vi ser bort frå den svake vintersesongen på Vestlandet.

Reiselivsplanen legg opp til å styrke vinter- og skuldersesongar, og tildelingar legg vekt på at prosjekt skal støtte opp om å skape heilårsarbeidsplassar og utnytte samspelet mellom ulike næringar. Sidan reiselivsplanen tredde i kraft i 2010 har det vore positive teikn på auke i skulder- og vintersesongen til og med 2013. Vi får derfor tru at 2014 såleis var eit unntak, og at utviklinga snur til det positive att i 2015.

Å utvikle reiselivsnæringa er eit arbeid som krev lang tidshorisont for å sjå reelle resultat. Auka profesjonalisering og utvikling av aktivitetsbasert turisme er viktig for å få til dette. Der spelar Innovasjon Norge ei viktig rolle. Det er brei semje om «vandring» i vidaste forstand som berande element i reiselivssatsinga.

LANDBRUK

Fylkeskommunen er høyringsinstans for nasjonale prosessar og har løfta fram dei viktigaste produksjonane til fylket i fråsegna til jordbruksoppgjer. Vidare har fylkeskommunen fordelt 1,7 mill. til tiltak som skal auke rekrutteringa og kompetansen i landbruket i fylket. Av dette av 1,6 mill. kr 2014-midlar frå staten, medan det resterande av disponibele midlar frå tidlegare år. Nettbasert agronomutdanning er det største og mest målretta tiltaket som gjev nye næringsutøvarar i fylket riktig og god kompetanse, og der etterspurnaden aukar for kvart år.

BEDRIFTSRETTE STØTTE GJENNOM INNOVASJON NORGE (IN)

Fylkeskommunen løvdde 32,7 mill. kr til Innovasjon Norge i 2014. Hovudsatsingane var i samsvar med føringane i tilsegnsbrevet og innafor desse områda:

- Reiseliv:
Tilskotsløyvingane til reiselivsnæringane har auka også i 2014. Det har vore satsa mest på opplevings- og aktivitetsturisme i tillegg til bedriftsnettverk. IN Sogn og Fjordane har ansvar for Aktørprogrammet som eitt av tre delprogram i Reiselivsplansen for Sogn og Fjordane 2010-2025. Målet for arbeidet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Satsinga vert koordinert med reiselivssatsinga til Innovasjon Norge nasjonalt, innafor dei tre arbeidsområda: entreprenørskap, vekst i bedrifter og innovasjonsmiljø. Tenestene IN tilbyr er rådgjeving, kompetanse, nettverk, profilering og finansiering.
- Fornybar energi, olje og gass:
IN har i 2014 arbeidd vidare med å stimulere til å få etablert eit bedriftsnettverk med sentrale bransjeaktørar. Ambisjonen er at ein gjennom etablering av bedriftsnettverk, kan utvikle ei sterkt samarbeidsklyngje som er relevant for ein arenasøknad. På kompetansesida har det vore gjennomført eit FRAM-program med søkjelys på energieffektiv rehabilitering av einebustader. Det er også rekrytert til FRAM-program for leverandørbedrifter med energieffektive løysingar til bygg.
- FoU, innovasjon og marknadsorientering:
IN har vidareført og vidareutvikla arbeidet med forretningsmodellering. «Lean Startup» er også lansert som er ein metode for oppstartsbedrifter. Metoden fører til at dei kjem raskare i gang og sparar mykje tid og pengar. «Lean Startup» legg opp til at bedrifa frå starten av utviklar produkt/tenester saman med potensielle kundar og let desse avgjere om ideen er god eller därleg. IN har også eit tilbod om hjelp for å kome i gang med profesjonell design og har formidla designar til fleire bedrifter med utgangspunkt i designbehovet til den enkelte.
- Kunnskapsintensiv verksemd:
IN ser ei positiv utvikling i næringa og brukar aktivt kompetanseprogram og finansieringsverkemiddel for å stimulere til auka verdiskaping og sysselsetting i desse næringane. Det har i løpet av dei siste åra vakse fram bedriftsmiljø i fylket som hevdar seg godt nasjonalt, og som har internasjonale ambisjonar når det gjeld vidare vekst og utvikling. IN har i løpet av 2014 kopla Sogn og Fjordane-bedrifter til fire internasjonale kompetanseprogram; Tech INCubator i Silicon Valley, Global Entrepreneurship Training i Boston, TechCity Executive Accelerator i London og Entrepreneurial Marketing i New York.
- Sjømatnæringer:
IN har finansiert fleire prosjekt i 2014 der sjømatbedrifter i Sogn og Fjordane samarbeider tett med marknadsaktørar for å utvikle nye nisjeprodukt/konsept som har potensial både når det gjeld til margin og volum. Innovasjon Norge sitt utekontor har også bidrige med kunnskap om marknadsmulegeheter internasjonalt. På flåtesida har IN medverka aktivt med låne-finansiering i samarbeid med lokale bankar både når det gjeld fornying og styrking av driftsgrunnlag. I løpet av 2014 vart det overlevert fire nybygg til reiarlag innan ringnot- og kystnotgruppa, som IN har medverka med finansiering til.
- Nettverkssamarbeid og -prosjekt i næringslivet:
Bedriftsnettverk er eit viktig verkemiddel for bedriftene. IN har vore pådrivar for og har finansiert fleire bedriftsnettverks-prosjekt, spesielt gjeld dette innan reiselivet og marin sektor. På landbruksida er «Arenaprosjektet Frukt og Bær» det viktigaste nettverksprosjektet. Målet er å utvikle ei sterke, meir marknadsorientert og innovativ næringsklyngje basert på dei naturgevne føresetnadene og dei miljøa som vi har innan denne sektoren i regionen vår. Arbeidet i prosjektet kan vise til særskilde resultat, og verdien av frukt og bær frå mottaka i Sogn og Fjordane har auka monaleg.

- Kommunal næringsutvikling:
IN har delteke i styringsgruppa i prosjektet «Kommunal næringsutvikling», som har gjort ein ekstra innsats inn mot kommunane for å styrke næringsutviklingsarbeidet. IN er rådgjevar for kommunane og har også bidrige med opplæring av førstelinetenesta når det gjeld sakshandsaming av det kommunale næringsfondet.
- Omstillingsarbeidet i kommunane:
IN spelar ei viktig rolle i arbeidet med dei kommunane som vert definerte som omstillingskommunar. Det gjeld for tida Askvoll, Hyllestad og Lærdal. IN tilbyr verktøy og tenester som skal hjelpe til med å få eit meir solid næringsliv og gjere kommunane meir attraktive for næringslivet.

GRÜNDERPRISEN FOR UNGDOM

Gründerprisen for ungdom gjekk til Sigrid Henjum og Sander Buene. Dei er gründerane bak selskapet Sogndal Lodge og Guiding AS. Verksemda held til i Sogndal og tilbyr guiding innan bre, fjell, kajakk og klatring i tillegg til overnatting og pakketurar.

FOLKEHELSE

Aktiviteten på folkehelseområdet svarar på nasjonale og regionale utfordringar og skjer i samarbeid med kommunane, frivillige organisasjonar, Fylkesmannen, Høgskulen, Helse Førde og andre eksterne partar. Arbeidet rettar seg mot heile og store grupper i befolkninga og mot eit mål om å etablere kloke, varige løysingar og eventuelt endringar innan etablerte samfunnsmessige strukturar.

Trygge lokalsamfunn (TL)

13 kommunar starta hausten 2011 eit langsiktig arbeid for å førebygge skadar og ulykker etter TL-modellen. Fire av kommunane har politiske vedtak på at dei skal jobbe fram mot ei godkjenninng som «Trygt lokalsamfunn». Desse kommunane fungerer som modell-kommunar for dei andre kommunane, samtidig som dei får tilpassa rettleiing for å få til gode prosessar fram mot si eiga godkjenninng.

Universell utforming

Vi har delteke på nasjonale samlingar og fått nye statlege midlar som skal brukast til kartlegging av sentrumsnære turvegar som er, eller skal bli, universelt utforma. 17 slike turvegar i 15 kommunar vart registrerte

Danseverkstadane

Kommunane får støtte og oppfølging som skal sikre ei god lokal vidareføring og stabil drift av danseverkstadane. Hausten 2014 starta nye ungdomar frå fleire kommunar ei omfattande opplæring som instruktørar.

Ernæring

Fylkeskommunen får årleg 100 000 kr frå staten og satsinga på Fiskesprell til å auke kompetanse og stimulere til eit sunnare kost-hald i barnehagar. Det vart gjennomført kurs for heile personalgrupper i 16 barnehagar i 2014. 56 barnehagar i Sogn og Fjordane deltek i «5 om dagen»-programmet. Det er også gjennomført eit matkurs for mannlege innvandrarar i samarbeid med flyktningenestenesta i Sogndal.

Fylkeskommunen gjennomfører årleg ei nettverkssamling for kantinetilsette ved alle dei vidaregåande skulane. Tema for samlinga var bruk av økologiske råvarer og produkt, meir bruk av vegetabiliske matvarer og større variasjon i kantina.

Konferansar og samlingar

Vi gjennomfører årleg to konferansar på folkehelseområdet. I 2013 samarbeidde vi med Fylkesmannen om den eine, ein felles konferanse for Sjumilssteget og Folkehelsedagane. Konferansen var i Loen og samla 220 deltakarar. Vi samarbeidde også om ei samling i Sogndal for folkehelsekoordinatorar og sjumilsstegkoordinatorar i kommunane. Den andre konferansen handlar om fysisk aktivitet og skjer i samarbeid med Høgskulen. I tillegg hadde vi to eigne erfaringssamlingar for folkehelsekoordinatorane i løpet av året. 25 personar frå kommunane og fylkeskommunen deltok også på Folkehelsekonferansen 2014 i Oslo.

Helseovervakning

I 2014 vart det lagt ned eit relativt stort arbeid for å få på plass ei oversikt over helsetilstanden i fylket. Dette resulterte i dokumentet «Kunnskapsgrunnlag - Oversikt over folkehelsa i Sogn og Fjordane» og rapporten «Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fjordane». Elevar på 6., 8. og 10. klassetrinn vart kartlagde.

Kunnskapsgrunnlag

Oversikt over folkehelsa i Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med krav og føringer som er lagt til fylkeskommunen når det gjeld oversikt over helsetilstanden.

Rapporten «Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fjordane 2013» er ei kartlegging av elevar på 6., 8. og 10. klassetrinn, for å få fram kvantitative data lokalt og å kunne samanlikne situasjonen mellom ulike stader og utviklinga over tid. Dei lokale folkehelsekoordinatorane i fylket har, saman med skular og skulehelseteneste, vore sentrale samhandlingspartar i arbeidet med å gjennomføre undersøkinga. Utvalde resultat frå kartlegginga finst elektronisk i Samhandlingsbarometer.no og i Fylkesspegelet.

Psykisk helse

Fylkeskommunen har gitt økonomisk støtte til to langsigte, store og viktige prosjekt for å fremme god psykisk helse og tidleg intervensjon blant barn i barnehage og skulealder: «Psykologisk førstehjelp i barnehage og skule» i regi av Sogn Regionråd og «Føre-byggande arbeid i skulen» i regi av SMISO (Senter for incest og seksuelle overgrep). Sistnemnde prosjekt rettar seg ut mot 5-klasseelevar i heile fylket. Begge prosjekta involverer lærarar og skuleleiar i tillegg til helsestasjon og barnevernet.

Utviklingsavtalar med frivillige

Fylkeskommunen har siste åra teikna fire nye treårige partnarskaps- eller utviklingsavtalar om folkehelse med frivillige: Redningsselskapet, fotballkretsen, skikrinsen og DFS Fjordane krets (Det frivillige skyttarvesen).

Kartlegging av arbeidet med folkehelse i kommunane

Seint på året gjennomførte vi ei undersøking i kommunane for å kartlegge korleis folkehelselova er forankra og vert gjennomført. Kommunane svarer også på kva som er dei største utfordringane i å få til god integrering av folkehelseområdet administrativt og politisk, og kva hjelp dei treng frå fylkeskommunen. Resultatet av undersøkinga vert klar i løpet av 2015.

MILJØ OG RESSURSFORVALTNING

Vasskraft/kraftliner

Fylkeskommunen uttalte seg til 17 konsesjonssøknader, og sendte administrativ uttale til fem planendringssaker.

Fylkeskommunen er uttalepart til konsesjonspliktvurderinga til NVE når det gjeld minikraftverk og mikrokraftverk (installasjon opp til 1 MW). Tre saker er handsoma administrativt.

Fylkeskommunen har gjeve uttale til fire saker angåande kraftliner og transformatorar med spenningsnivå over 22 kV. Fylkeskommunen har også handsoma to saker om bruk av forkjøpsrett.

Enøk-fondet til fylkeskommunen

Saldo i februar 2014 var ca. fem mill. kr. Tolv ulike søkjrar fekk tilsaman 1 847 250 mill. kr i 2014. I tråd med handlingsprogrammet til klima og miljøplanen skal tildeling frå enøk-fondet halde fram til det er tomt.

Uttalar

Fylkeskommunen gav uttale til rapport frå Reiten-utvalet om organisering av straumnettet. Vi har også sendt eit innspel til arbeidet med energimeldinga via Samarbeidande Kraftfylke.

Vassforvaltning

Arbeidet med forvaltningsplan for vassforvaltning er del av regional planlegging og omtala der. Det er gjennomført to fagseminar for å styrke kunnskapen om relevante tema. Det eine seminaret handla om problemstillingar rundt rømt oppdrettsfisk og lakselus. Det andre seminaret hadde miljømål og tiltak i regulerte vassdrag som tema. Godt oppmøte på begge seminara vitnar om stor interesse. Fylkeskommunen fekk i 2014 overført 0,885 mill. kr frå Miljødirektoratet til planarbeidet.

Vilt- og fiskeforvaltning

Fylkeskommunen handsoma 18 søknader om tilskot til vilttiltak for til saman 2,3 mill. kr i 2014. Ramma for tildeling var på 0,5 mill. kr, og elleve søkjrar fekk midlar. Det største tilskotet på 0,3 mill. kr gjekk til «Prosjekt forvalting av hjortebestand» i regi av Sogn og Fjordane skogeigarlag.

FRILUFTSLIV

Fylkeskommunen har hatt to dialogmøte med dei frivillige organisasjonane som vi har utviklingsavtalar med. Fylkeskommunen var også i 2014 med på å dele ut støtte til merking og gradering av turløyper i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen bidrog med 0,35 mill. kr og Gjensidigestiftelsen bidrog med 0,65 mill. kr.

FYLKESATLAS OG GEOGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM

Fylkesatlas er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Her er det samla tilgang til sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og temakart som natur, kultur, landbruk, planlegging og andre kartfesta tema.

Målgruppene er sakshandsamarar hjå Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane og private. I 2014 var det ca. 43 000 besøkande på sida. Av dei var det 20 000 som var unike besøkande.

Ved utgangen av 2014 har fylkeskommunen 17 datamaskiner med programvare for geografisk informasjonssystem (GIS). GIS vert brukt til registrering av kulturminne, vegprosjekt, eigdomsoversikt, kartillustrasjoner, geografiske analysar med meir.

FYLKESSPEGEL FOR SOGN OG FJORDANE

Fylkesspegelen er ein felles nettstad for kontinuerleg statistikk og kunnskap om utviklinga i fylket. Det er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NAV Sogn og Fjordane. Fylkesspegelen konsentrerer seg om regionale problemstillingar og legg til rette for analysar av bu- og levekår og utfordringar i kommunane.

FYLKESTINGET HANDSAMA

- Sak nr. 1/14 Årsrapport 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sak nr. 8/14 Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane
- Sak nr. 17/14 Tertiarrapport 1/14
- Sak nr. 21/14 Kartlegging av sjø og sjøbotn
- Sak nr. 30/14 Tertiarrapport 2/14
- Sak nr. 32/14 Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)
- Sak nr. 38/14 Høyring - Endringar i lov om Innovasjon Norge
- Sak nr. 40/14 Verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane - Handlingsplan for 2015-2018

MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|---|--|--|---|
| Regionalutvikling (R) | | | |
| R5: Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar. | R5.1: Avslutta prosjekt registrert i databasen regionalforvaltning.no. | R5.1-1: Ambisjon Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige/ikke sette i gang prosjekt. | Bra oversyn på regionalforvaltning.no. |
| | | R5.1-2: Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt. | Stort sett samsvar. |
| R6: Bestillarkompetanse. | R6.1: Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet. | R6.1-1: Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskapning. | Oversyn over oppdrag i verdiskapingsplanen. |
| R7: Nøgd regional partnarskap. | R7.1: Nøgd partnarskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg. | R7.1-1: Samla skår på 80 prosent nøgde partnarar. | Bra tilbakemeldingar på arbeidet med å styrke næringsarbeidet til kommunane. Ikke gjennomført noko større undersøking blant partnarane. |
| R8: Rask sakshandsaming. | R8.1: Tal marine saker handsama i tråd med forskrift. | R8.1-1: Alle sakene handsama i tråd med forskrift. | 20 av 30 saker handsama innan 22 veker. Snitt-tida samla sett ligg under 20 veker. Lenger tid skuldast som regel behov for å hente inn meir opplysningar og/eller sein uttale frå andre etatar. |
| | R8.2: Informasjonsnivå til søkerarar, god skriftleg standard. | R8.2-1: Alle søkerane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard. | Har klare rutinar, og det er berre unntaksvis dette ikkje vert følt godt opp. |
| R9: Gode prosessar i arbeidet med regionale planar. Involvering, forankring, eigarskap og engasjement. | R9.1: Omfang/breidd i involveringa knytt til utarbeiding av planprogram for folkehelseplanen. | R9.1-1: Alle kommunane er med i arbeidet med planprogrammet. | Kommunane involverte gjennom folkehelsekoordinatorane i to omgangar. Andre tenesteleirar/rådmenn frå om lag ti kommunar deltok også |
| R10: God prosjekt- og prosesskompetanse i fylkeskommunen og i kommunane. | R10.1: Omfang støtte til interkommunal plan og utviklingsarbeid. | R10.1-2: Etablere utviklingsavtalar med alle regionråda. | Det er etablert avtalar med alle dei fire regionråda. |
| R11: Sterke regionale samfunnsbyggande organisasjonar. | R11.1: Tal forpliktande utviklingsavtalar mellom einskildorganisasjonar og fylkeskommunen. | R11.1: Etablere tre til fire avtalar. | Etablert sju avtalar med einskildorganisasjonar |

Samferdsle

Fylkeskommunen har ansvaret for

- kollektivtrafikktilbodet inkludert skuleskyss
- løyvetildeling
- drift og vedlikehald av 2607 km fylkesveg
- investeringar på fylkesvegnettet

I 2014 hadde samferdslesektoren eit samla driftsbudsjettpå 893,2 mill. kr. Rekneskapsresultatet syner eit forbruk på 884,6 mill. kr. Midlane vart nytta slik:

| Fordeling av driftsmidlar i samferdslesektoren | i mill. kr |
|--|------------|
| Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak | 404,2 |
| Bilruter | 255,4 |
| Fylkesvegferjer | 96,2 |
| Båtruter | 119,1 |
| Tilrettelagt transport | 9,2 |
| Totalt | 884,1 |

Tabell 15.

Fordeling av driftsmidlar i samferdslesektoren




Diagram 13.

FYLKESVEG

Sams vegadministrasjon

Statens vegvesen har det operative ansvaret for oppfølging av fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen. Vegvesenet vert styrt gjennom den årlege leveranseavtalen. Fylkeskommunen har eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen.

Regional transportplan 2014-2023

Fylkestinget vedtok Regional transportplan 2014-2023 og Handlingsprogram 2014-2017 i desember 2013.

Ei viktig prioritering i handlingsprogrammet er satsinga på tunnelvedlikehald. I 2014 nytta fylkeskommunen 113,7 mill. kr til dette føremålet

TUNNELTRYGGLEIKSFORSKRIFT FOR FYLKESVEGTUNNELAR

I desember 2014 vedtok Regjeringa Forskrift for tunnelsikkerhet på fylkesvegtunneler, gjeldande frå 1.1.2015

Ressursbruk

Fylkeskommunen nytta 477,7 mill. kr brutto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2014. Dette er ein auke på 79,3 mill. kr frå året før. Til investeringar på fylkesvegnettet nytta vi samla 400,3 mill. kr. Redusjon i investeringar var 302,8 mill. kr i høve til 2013.

| Driftsutgifter til fylkesvegføremål (mill. kr) | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|--|----------------|--------------------|--------------------|---------------|
| Renter for vegforskoteringar | | 1,0 | | |
| Drift og vedlikehald (netto) | 343,8 | 312,2 ¹ | 329,4 ² | 329,4 |
| Skadefond for fylkesvegnettet | 50,2 | 21,6 | | |
| FTU-arbeid og tiltak | 6,4 | 5,5 | 5,6 | 5,0 |
| Fylkesvegferjer | 119,4 | 108,4 | 95,9 | 97,3 |
| Fond til samferdsleføremål | | 10,0 | | |
| Driftsmidlar til investering | 177,4 | 169,4 | 65,8 | 65,8 |
| Sum | 698,2 | 628,1 | 496,8 | 497,5 |

¹ Rekneskapsresultatet er inkludert ei avsetjing på 32,2 mill. kr til disposisjonsfond.

² Rekneskapsresultatet er inkludert eit overført underskot på 21,4 mill. kr

Tabell 16.

Drift og vedlikehald

Det var i budsjettet for 2014 sett av 329,4 mill. kr netto til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Rekneskapen syner eit overført underskot på 21,4 mill. kr. Midlane vil bli trekte frå tildelinga til Statens vegvesen i 2015.

Rekneskapen for drift av fylkesvegnettet syner eit samla meirforbruk på 15 mill. kr brutto. Meirforbruket på drift skuldast i hovudsak opprydding etter flaum i oktober med 8,5 mill. kr. Vidare vart kostnaden med vinterdrift omlag 1,3 mill. kr høgare enn føresett. Innanfor vedlikehald var det eit samla meirforbruk på 21 mill. kr. Årsaka til meirforbruket er i hovudsak knytt til tunnelvedlikehald med eit samla meirforbruk på 22 mill. kr. Det skuldast i hovudsak at vi fekk utført arbeid som var føresett utført i 2015.

Refusjon av meirverdiavgift vart om lag 14,6 mill. kr høgare enn føresett i budsjettet.




Diagram 14.

Det vart lagt 114 km nytt dekke og sett opp 15 km rekervo på fylkesvegnettet i 2014. Tala for 2013 var 168 km nytt dekke og 3 km rekervo.




Diagram 15:

Spordjupne seier noko om standarden på fylkesvegnettet. Dei siste tre åra har dekkelegging vore prioritert med mindre spordjupne som resultat.

Fylkestrafikktryggingsutvalet og trafikktryggingstiltak

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) hadde 6,2 mill. kr til disposisjon i 2014. Av disponibel ramme er det brukt 5,6 mill. kr. Midlane er brukte slik:

- Trafikktryggingstiltak i kommunane 4,6 mill. kr med eit mindreforbruk på 0,4 mill. kr
- Ulike aktivitetar knytt til trafikktrygging: ein mill. kr med eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr

19 kommunar fekk utbetalt midlar til trafikktryggingstiltak. Mindreforbruket skuldast at tiltaka ikkje er gjennomførte eller at tiltaka hadde lågare pris enn venta.

TRAFIKKTRYGGINGSPRisen

Trafikktryggingsprisen for 2014 gjekk til Vik idrettslag for å ha realisert ei rulleskiløype i Vik. Prisen var på 25 000 kr.



Foto: Marit Brennset

VEGINVESTERINGAR OG RASSIKRING

| Fylkesvegføremål | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|--------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| Investeringar (mill. kr) | 688,5 | 703,1 | 400,3 | 383,5 |

Tabell 17.

Samla ramme til investeringar var 383,5 mill. kr i 2014. Fylkeskommunen nyttta 400,3 mill. kr, 299,1 mill. kr til ordinære investeringar og 101,2 mill. kr til rassikring. Samla meirforbruk på veginvesteringane er på 16,8 mill. kr. Meirforbruket på ordinære investeringar var 21,1 mill. kr, medan vi hadde eit mindreforbruk knytt til rassikring på 4,3 mill. kr.

Vi nyttta 194,7 mill. kr til dei store fylkesvegprosjekta i 2014. Dalsfjordsambandet hadde eit meirforbruk på 6,6 mill. kr. Arbeidet på fv. 60 Olden – Innvik nyttta om lag 22,9 mill. kr meir enn føresett i budsjettet. Dette skuldast sluttoppgjer med auka kostnader til rigg, massar i kontrakt som ikkje har vore fakturert tidlegare og meir mva. enn føresett.

Fylkeskommunen nyttta 53,2 mill. kr til mindre utbetringer med eit samla mindreforbruk på om lag 8,4 mill. kr.

Til gang- og sykkelvegar nyttta fylkeskommunen 32,7 mill. kr. Her hadde vi eit meirforbruk 7,7 mill. kr. Det er knytt til raskare framdrift i arbeidet på fv. 545 Kinnvegen i Florø enn føresett.

Innan skredsikring har vi eit mindreforbruk på omlag 4,3 mill. kr. Det største avviket er på fv. 337 Bjørnabakken som har eit mindreforbruk på 3,3 mill. kr.

Store prosjekt

Dalsfjordsambandet

Dalsfjordsambandet vart opna 14. desember 2013.

Arbeidet med veg og tunnel frå Eikenes til Steiehalsen var ferdig i oktober 2013. På denne strekninga har det òg vore utført eit omfattande sikringsarbeid i fjellskjeringane på grunn av fjellforholda. Dette arbeidet var ferdig i mars 2014.

Det står att arbeid med planering, arrondering og tilsåing av massedeponia. Dette vil bli utført i 2015.

Det er registrert vibrasjonar i berekablane i sidespennet, og Statens vegvesen meiner det er nødvendig å montere demparar på kablane. Det er lagt opp til at dette vil bli montert i august 2015.

Fylkestinget godkjende i september 2014 ein forlikssavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og NCC Construction AS.

Bremangersambandet

Bremangersambandet opna 16. mai 2013. Grunnoppgjer og oppmåling av eigedomsgrenser er ikkje avslutta. Det skal gjennomførast noko mindre arbeid hjå nokre grunneigarar våren 2015.

Olden-Innvik

Prosjektet omfattar utbetring av delstrekningar mellom Olden og Innvik i Stryn kommune. I desember 2011 vedtok fylkestinget løying til bygging av Agjeldtunnelen. Han vart opna for trafikk 30. juni 2014.

I 2014 har det vore nytt 1,7 mill. kr på delstrekninga Ugle-Skarstein. Arbeidet har omfatta prosjektering, grunnerverv og arkeologiske utgravingar. Vidare prosjektering og grunnerverv er sett på vent til avgjerd om vidare framdrift.

Fylkestinget vedtok gjennomføring av siste parsell i desember 2014.

Trafikkulukker

Det var færre trafikkulukker med personskade på fylkesvegane i 2014 enn 2012 og 2013. Det er førebels rapportert inn 37 ulukker med personskadar i 2014, medan tala var 63 i 2012 og 45 i 2013. Då det erfaringsvis blir rapportert inn nokre ulukker inn i påfølgjande år, kan endeleg tal ulukker bli høgare for 2014.

Fylkesvegferjer

Fylkeskommunen nytta 96,1 mill. kr til ferjedrifta i 2014. Dette er 1,3 mill. kr lågare enn budsjettet.

Dei seks fylkesvegferjesambanda Måløy-Olleide-Husevågøy, Isane-Stårheim, Askvoll-Gjervik-Fure-Værlandet, Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna, Daløy-Haldorsneset og Mjånes-Hisarøy har hatt god regularitet i 2014. Dei fire første ferjesambanda har vore lyste ut på anbod i 2014. Det er inngått kontrakt med Fjord1 for drift av sambanda i neste kontraktsperiode som varer til 31.12.2025.

Tal personbileiningar (PBE) på kvart ferjesamband pr. år

Trafikkvekst 2013-2014 på ferjesambanda (ekskl. Mjånes-Hisarøy) synte ein vekst i passasjerar på 3,6 prosent og køyretøy på 4,3 prosent. Figuren nedanfor syner utviklinga i PBE fordelt på kvart samband.




Diagram 16.

PBE per år 2011–2014




Diagram 17.

VEGOPNINGAR I 2014

- Fv. 60 Agjeldstunnelen
- Fv. 152 Allgøya - rassikring

SKREDUTSETTE PUNKT SOM ER UTBETRA I 2014

- Fv. 152 Allgøya
- Fv. 53 Finnsåstunnelen vest - Naddvik
- Fv. 337 Buskredene
- Fv. 55 Vadheimstunnelen vest - Vadheim

KOLLEKTIVTRAFIKK

Rammevilkår/økonomi

Budsjettet til kollektivtransport var i 2014 på 390,2 mill. kr, rekneskapen er på 383,5 mill. kr.

| Driftsutgifter til kollektivtransport | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| Bilruter | 236,6 | 242,3 | 255,4 | 263,3 |
| Båtruter | 112,4 | 115,4 | 118,9 | 117,8 |
| Tilrettelagt transport | 8,6 | 8,7 | 9,2 | 9,1 |
| Sum kollektivtrafikk | 357,6 | 366,4 | 383,5 | 390,2 |

Tabell 18.

Fylkeskommunen hadde eit mindreforbruk på kollektivområdet i 2014 på 6,7 mill. kroner.

Årsakene til mindreforbruket er mellom anna effektiviseringar i ruteproduksjonen, for høge anslag på behov for ordinær og midlertidig skuleskyss, færre ungdomskortreiser, liten bruk av bygderuter med båt til veglause grender og høgare billettinntekter enn rekna med i lokalbåtkontraktane.




Diagram 18.

Driftsutgifter til kollektivtransport etter rekneskap 2012-2014

Tal reisande

Bussruter i det fylkeskommunale tenestekjøpet hadde 1,84 mill. passasjerar utanom skuleelevar i 2014, mot 1,74 mill. passasjerar i 2013. Rutetilbodet har vore på om lag same nivå i 2014 som i 2013.

Det var om lag 5150 grunnskuleelevar som hadde skuleskyss i 2014, ein nedgang på 850 frå året før.

I vidaregåande skule var det om lag 1800 elevar med skuleskyss, ein nedgang på 100 i høve til 2013.

Skuleskyssen utgjorde samla sett nærare 2,5 mill. reiser i 2014.

Bussanbod

Mange av arbeidsprosessane som tidlegare vart utførte av ruteselskapet, vert flytta over til fylkeskommunen i samband med anbodsutlysing. Dette gjeld til dømes ruteplanlegging, rutekunngjering, marknadsføring og billetteringssystem. Fylkeskommunen får eit mykje nærmare forhold til ruteproduksjonen, men utarbeidning og gjennomføring av anbodsprosessar, samt kontraktsoppfølging, krev mykje ressursar i administrasjonen.

23. juni 2014 starta Firda Billag Buss køyring av fylkeskommunale ruter i området som er omfatta av Nordfjordanboden. Drifta har gått etter planen, og vi er godt nøgde med transportøren.

Anboden for køyring av fylkeskommunale ruter i området som er omfatta av Sunnfjordanboden er lyst ut i november 2014. Tildeling av kontrakt skal etter planen skje i løpet av april 2015, og oppstart av drift er i juni 2016.

I samband med anbodsarbeidet er det inngått langsiktige leigeavtalar på rutebileterminalane i Førde, Florø, Svelgen, Sandane, Dale og Høyanger.

Parallelt med anbodsarbeidet for rutene i Nordfjord og Sunnfjord, er det starta arbeid med å hente inn detaljinformasjon på rutene i Sogneregionen, som er det neste - og siste - området som skal lysast ut. Dette omfattar òg drøftingar om bruksrett på rutebileterminalane i området.

Båtruter

Båtruter omfattar skuleskyss, ruter til veglause grender, bygderuter, lokalruter, gods-ruter og ekspressrutene som går mellom Sogn og Fjordane og Bergen. Rutetilboden har vore tilnærma uendra i 2014 samanlikna med 2013.

Ekspress-, lokalbåt- og godsrute er anbodsutsett. Dyktige transportørar gjer ein god jobb med drifta av båtrutene. Kontraktsoppfølging er likevel eit krevjande område for administrasjonen, med avtaletolkning, strengt regelverk og avklaringar knytt til driftsavtalane.

OPPSTART ANBODSDRIFT PÅ BUSS

«Nordfjordanboden»

Oppstart 2014

- Eid
- Hornindal
- Selje
- Stryn
- Vågsøy

«Sunnfjordanboden»

Oppstart 2016

- Askvoll
- Balestrand
- Bremanger
- Fjaler
- Flora
- Førde
- Gaular
- Gloppen
- Gulen
- Hyllestad
- Høyanger
- Jølster
- Naustdal
- Solund

«Sogneanboden»

Oppstart 2017

- Aurland
- Leikanger
- Luster
- Lærdal
- Sogndal
- Vik
- Årdal



Nordfjord er det første området i Sogn og Fjordane som fekk anbodsrouter på buss. Bussane i Nordfjord køyrer med den nye bussprofilen til fylkeskommunen.

Foto: Frode Romarheim.

Tal reisande med ekspress- og lokalbåt




Diagram 19.

Tal reisande med ekspress- og lokalbåtane har vore stabile dei siste åra.

Ungdomstilbod

Ungdomskort

Ungdomskortet kostar 370 kr pr. månad, og gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilboden i Sogn og Fjordane. Det vart i 2014 selt 11 367 periodar (å 30 dagar) med ungdomsskort. Dette er ein nedgang på om lag 650 frå 2013. Bruk av ungdomskort har hatt ein fallande tendens dei siste åra. Fylkeskommunen har ein kostnad på totalt 5,5 mill. kr til ungdomskort på buss og båt.

Trygt heim for ein 50-lapp

«Trygt heim for ein 50-lapp» vart etablert i 2002 som eit tiltak for å betre trafikktryggleiken for ungdom over 18 år. Tal reisande auka jamt frå 6000 i 2003 til over 9000 i 2009. Bruken av tilboden har blitt gradvis mindre dei seinare åra og var i 2014 på 6075 reisande. Om lag 80 prosent av bruken knyter seg til Førde og Sogndal.

«Trygt heim for ein 50-lapp» vart annonsert i avisar før påske og helgane 1. og 17. mai. I forkant av russefeiringa var det òg opplyst om tilboden på informasjonsskjermar på dei vidaregåande skulene.

I 2014 kosta ordninga om lag 1,5 mill. inkludert sommarruter.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Det er brukt ein mill. kr til fleksible skyssløysingar for ungdommar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag- og kveldstid. Midlane blir til dømes brukte til skibuss og transport til/frå ungdomsklubb og kino. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

Drosje

Det er no 158 drosjeløyve i Sogn og Fjordane, inkludert 27 reserveløyve. Av desse er 48 løyve tilrettelagde for rullestolbrukarar, både hovudløyve og reserveløyve. Tala er stabile frå året før.

Det er krevjande å halde oppe talet på drosjeløyve i distrikta. Det er òg ei utfordring å halde oppe talet på tilrettelagde drosjer.

Fylkeskommunen har gitt dispensasjonar frå kravet i forskriftena for universell utforming av bil til drosjeverksemeld slik at bilar i personbilsjiktet (inntil ni sete) vert godkjende med tilrettelegging for rullestol. Dette er krav som til dømes gjeld innkøyringshøgde for rullestol og gjeld ikkje sikkerheitskrav. Dette er gjort for å kunne gi eit tenleg tilbod på dei aktuelle stadane der det er gjeve dispensasjon.

Tilrettelagt transport

Tilrettelagt transport er eit viktig tilbod òg for brukarar som av ulike grunnar ikkje kan nytte det ordinære kollektivtilbodenet.

KOLLEKTIVTILBOD TIL UNGDOM:

- Ungdomskort på kollektivreiser er for ungdom mellom 16 og 19 år.
- «Trygt heim for ein 50-lapp» gjev billeg transport ut til distrikta natt til søndag for ungdom over 18 år.
- LTU - Midlar til fleksible skyssløysingar for ungdom mellom 13 og 19 år.

TT-ordninga

Det er brukt 6,0 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport i 2014. Dette er eit tilbod om drosjetransport til personar som er varig rørslehemma på grunn av fysisk eller psykisk funksjonshemming. Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunen får midlar etter folketal.

Serviceskyss

Serviceskyss er ei utvida form for tingingsruter. Serviceskyss er open for alle, men hovudmålet er å finne løysingar som aukar mobiliteten til eldre og funksjonshemma. Det vart brukt 2,9 mill. kroner til serviceskyss i 2014, om lag det same som i 2013. Det var over 20 500 reiser med serviceskyssen i 2014. Dette er ein auke på 2500 reiser frå 2013.

Universell utforming

I kravspesifikasjonane til bussanboda er det lagt inn eit betydeleg løft når det gjeld universell utforming. Alle bussane skal tilfredsstille nye krav til universell utforming.

«Betre infrastruktur, Rullande materiell, Aktiv logistikkforbedring» (BRA) er ei tilskotsordning for auka tilgjengeleight i kollektivtransporten. Statens vegvesen bidrar med 75 prosent av prosjektsummen, medan fylkeskommunen betalar 25 prosent i eigendel.

Fylkeskommunen fekk i 2014 midlar til å setje opp monitorar for visning av ruteinformasjon på strategiske knutepunkt i Sogn og Fjordane. Søknaden omfatta ein skjerm ved Skei skyssstasjon og to skjermar ved Førde sentralsjukehus. Prosjektet har vore vellykka, og fylkeskommunen er i gang med å montere fleire skjermar på andre kollektivknotepunkt i fylket. I første omgang gjeld dette Eid rutebilstasjon og Stryn rutebilstasjon.

Fylkeskommunen har i 2014 fått tilsegn om 150 000 kroner til eit BRA-prosjekt for prosjektering av oppgradering av Fugleskjerskaia i Florø med tanke på universell utforming og trafikktryggleik.

BRA-ordninga skal avviklast, og det vil ikkje bli delt ut midlar til nye prosjekt framover.

Transportløye

Fram til no har fylkeskommunane utstedt transportløye. Arbeidet har bunde mindre enn eit halvt årsverk i Sogn og Fjordane. Løyvegebyr har finansiert arbeidsressursane som har vore nytta.

I 2013 vedtok Stortinget at forvaltninga av ikkje-behovsprøvde transport- og godsløye skal overførast til Statens vegvesen. Den nye eininga - Nasjonal Transportløyveseksjon - er etablert i Lærdal med oppstart 01.01.2015.

Fylkestingsaker for samferdsle

- Sak 1/14: Årsrapport 2013 for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Sak 17/14: Tertiarrapport 1/14
- Sak 19/14: Planleggingsprogram for fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane for perioden 2015-2017
- Sak 30/14: Tertiarrapport 2/14
- Sak 31/14: Vurdering av alternativ for utbetring av fv. 55 i Høyangertunnelen
- Sak 47/14: Skredsikring fv. 722 Flovegen - val av alternativ
- Sak 49/14: Utbetring av FV 57 Dale-Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar
- Sak 50/14: Budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18)
- Sak 51/14: Nasjonal transportplan 2018-2027, analyse av lufthamnstrukturen

KOMMUNAR MED

TILBOD OM SERVICESKYSS:

- Askvoll
- Balestrand
- Flora
- Fjaler
- Gauldalen
- Gloppe
- Gulen
- Hyllestad
- Leikanger
- Luster
- Naustdal
- Sogndal
- Solund
- Vågsøy

Oppstart i 2014

- Aurland
- Eid
- Førde
- Jølster
- Stryn

KOSTRA NØKKELTAL

| Utvalde indikatorar for samferdslesektoren 2012-2014 | SFJ 2012 | SFJ 2013 | SFJ 2014 | Ref. fylke 2014 | Landet u/Oslo 2014 |
|--|----------|----------|----------|-----------------|--------------------|
| Netto driftsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsle i alt | 8 264 | 8 266 | 8 997 | 5 223 | 3 791 |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innb., fylkesvegar | 3 882 | 3 825 | 4 554 | 2 169 | 1 530 |
| Netto driftsutgifter i kr pr. innb., bilaruter | 2 143 | 2 282 | 2 387 | 1 525 | 1 529 |
| Netto driftutgifter i kr pr. innb., fylkesvegferjer, konsern | 1 099 | 996 | 881 | | |
| Netto driftutgifter i kr pr. innb., båtruter | 1 063 | 1 075 | 1 091 | | |
| Netto driftutgifter i kr pr. innb., transport for funksjonshemma | 77 | 87 | 84 | 33 | 56 |
| Brutto inv.utg.i kr pr. innb., fylkesvegar | 6 341 | 5 605 | 3 667 | 1 967 | 1 818 |
| Brutto investeringsutgifter i kr pr. innbygger, samferdsle i alt | 6 348 | 5 612 | 3 694 | 2 012 | 2 249 |
| Brutto driftsutgifter i kr pr. km. fylkesveg | 163 089 | 159 418 | 190 623 | 137 467 | 166 336 |

Tabell 19.

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa.

Bussane med den nye bussprofilen til fylkeskommunen plukkar opp elevar ved Eid vidaregåande skule.

Foto: Frode Romarheim



MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|--|--|--|--|
| Tenesteyting (T) | | | |
| T7: Fleire reiser kollektivt med buss og båt. | T7.1: Tal reisande med buss, båt (eks. skuleskyss). | T7.1-1: Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss. | Tal reisande med buss eks. skuleskyss var i 2014 1,84 mill. reisande. Tal reisande er over ambisjonsnivå. |
| | | T7.1-2: Fleire enn 460 000 reisande med båt. | Tal reisande med båt eks. skuleskyss har i 2013 og 2014 vore tilnærma uendra med høvesvis 457 940 og 457 047 reisande. |
| T8: Fylkesvegnettet har god framkome. | T8.1: Gjennomsnittleg spordjupne i millimeter. | T8.1-1: Mindre enn 19 millimeter. | Resultatet for 2014 er 17,6 millimeter, ein forbetring med 0,8 millimeter frå 2013. |
| T9: Kollektivtrafikktilbodet vert opplevd som godt. | T9.1: Tal som opplever tilbodet som godt. | T9.1-1: Positiv utvikling over tid. | Kundeundersøkinga for kollektivtilbodet i Nordfjord viser ein gjennomgåande høg kundetilfredsheit, med forbetringspotensiale på ruteinformasjon og tal avgangar. 86 prosent av dei spurte er ganske eller svært nøgde med den aktuelle reisa. 62 prosent er ganske eller svært nøgde med kollektivtilbodet der dei bur og ferdast. |
| Regional utvikling (R) | | | |
| R12: Forfallet på tunnelar blir redusert. | R12.1: Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året. | R12.1-1: Ingen stengde. | 13 tunnelar mørklagde ved utgangen av 2014, alle med minimumsbelysning i sidene. Ingen stengde tunnelar. |
| R13: Godt tilrettelagt ruteproduksjon. | R13.1: Tal passasjerkilometer med buss og båt (eks. skuleskyss) jf. registrerte data. | R13.1-1: Positiv utvikling over tid. | Passasjerkilometer i 2014 var ca 84,3 mill. km, mot 82,3 mill. km i 2013. Utviklinga har vore positiv. |

Den offentlege tannhelsetenesta

| Tenester | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 | Rekneskap 2014 | Budsjett 2014 |
|--------------------------------------|----------------|----------------|----------------|---------------|
| Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar | 10,5 | 24,4 | 21,3 | 19,1 |
| Tannhelsetenesta - pasientbehandling | 68,4 | 56,5 | 62,3 | 64,5 |
| Sum | 75,3 | 80,9 | 83,6 | 83,6 |

Tabell 20.

Dei netto driftsutgifter til tannhelsetenesta 2012–2014, i mill.kr. Tala for fellesfunksjonar i tannhelsetenesta inneheld resultatoverføring (disposisjonsfondet): eit overskot i 2012 på 5,2 mill.kr, eit overskot i 2013 på 7,1 mill.kr og eit overskot på 3,5 mill.kr i 2014.

Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta er regulert gjennom lov om tannhelsetenesta. Det er definert tal for måloppnåing i vedteke plandokument – strategisk handlingsplan for den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane 2014–2017.

Tannhelsetenesta har ansvar for desse gruppene:

- Barn og unge 0-18 år (gr. A)
- Psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon (gr. B)
- Grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon (gr. C1) og heimesjukepleie (gr. C2)
- Ungdom 19-20 år (gr. D)

28 072 personar i dei prioriterte gruppene var under tilsyn i 2014. Dette utgjer 94 prosent av totalt tal i desse gruppene og er noko høgare enn i 2013 (87 prosent). Den offentlege tannhelsetenesta hadde totalt 34 896 pasientar under tilsyn i 2014.

Tannhelsetenesta registrerer kvart år tannhelsedata på nøkkelårskull, 5-, 12- og 18-åringar. Nytt av året er at også 15-åringane skal registrerast, for å identifisere når tannhelseproblem kan oppstå.

- 86 prosent av 5-åringane hadde ikkje hol i mjølketennene. I 2013 og 2012 var talet 85 prosent.
- 12-åringane har i gjennomsnitt 0,8 tenner med hol – i 2013 og 2012 var talet 0,9. 15-åringane har i gjennomsnitt 2,1 tenner med hol, og 18-åringane 3,8. For 18-åringane er dette om lag det same som i 2013. For 15-åringane har vi ingen tidlegare resultat å samanlikne med.
- Barn og unge i Sogn og Fjordane har god tannhelse, men ni prosent av 18-åringane har meir enn ni hol i tennene, og desse pasientane treng større individuell oppfølging. Høg kariesaktivitet kan føre til større tannhelseproblem i vaksen alder.

Takstane for behandling av betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta vart auka med i snitt 3,5 prosent frå 1. januar 2014. Rekneskapet for 2014 er gjort opp med bruk av disposisjonsfond på kr. 3,459 mill. Overskotet skuldast i hovudsak vakansar. I overskotet ligg det og kr 0,660 mill. som er prosjektmidlar frå Helsedirektoratet.

Den offentlege tannhelsetenesta utførde til saman 101,5 årsverk i 2014. Av desse var 33,63 tannlegeårsverk og 14,42 tannpleiarårsverk. Det er utført omlag same tannlegeårsverk og tannpleiarårsverk i høve 2013. Rekruttering av tannlegar er framleis utfordrande, og det er vanskeleg å dekke lengre permisjonar som til dømes fødselspermisjonar.

Effektiviseringstiltak

Mange prioriterte pasientar møter ikkje til avtalt tannbehandling. I 2014 var dette 2002 timer. Det er ei betring frå 2612 timer i 2012. Vi har hatt auka merksemld på problemet, noko som har medført ei effektivisering av tenesta.

Likestilling, likeverd og mangfold

Tannhelsetenesta har også i 2014 jobba særleg med på tidlegare vedtekne plan for likestilling, likeverd og mangfold og nyttar denne ved tilsettingar.

Folkehelsearbeid

Dei faktorane som gjev god helse er også som regel gunstige for tannhelsa. Mange avgjerder som påverkar tannhelsa vert ofte tekne utanfor helsesektoren eller ansvarsområdet til Tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta må difor samarbeide med kommunar, statlege instansar og andre samarbeidspartnarar for å redusere helserisiko i befolkninga og betre helsa for den enkelte. Tannhelsetenesta skal delta i det generelle folkehelsearbeidet. Tannhelsetenesta har også i 2014 lagt stor vekt på å førebygge svak tannhelse blant risikogrupper. Tannhelsetenesta som regional utviklingsaktør må bidra til sosial utjamning når det gjeld tannhelse.

Spesielle saker i fylkestinget og fylkesutvalet

| | | |
|---------------|------------|---|
| Fylkestinget | Sak 45/14 | Endra organisering av Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Vest |
| Fylkesutvalet | Sak 120/14 | Endra organisering av Tannhelsetjenestens Kompetansesenter Vest |

KOSTRA NØKKELTAL


| Utvalde indikatorar for tannhelsetenesta 2012-2014 | SFJ 2012 | SFJ 2013 | SFJ 2014 | Ref. fylke 2014 | Landet u/Oslo 2014 |
|--|----------|----------|----------|-----------------|--------------------|
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner | 654 | 707 | 771 | 614 | 485 |
| Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner | 893 | 917 | 990 | 858 | 628 |
| Netto driftsutgifter i prosent av fylkeskommunen sine samla netto driftsutgifter | 3,5 | 3,7 | 3,8 | 4,3 | 4,2 |
| 18-åringer, andel behandla med DMFT>9 * | 12,5 | 8,8 | 9 | 11,4 | 10,1 |

* viser kor mange 18-åringar som har over 9 tenner med karies (behandla eller ubehandla).

Tabell 21.

Frå 2014 har vi endra rekneskapsføringa av tilskot til tilsegnstidspunktet. I ein overgangsperiode vert det avvik fordi bruk/avsetning av fond ikkje er med i KOSTRA-rapporteringa

Tannlege Siri Espedal ved Leikanger tannklinik studerer røntgenbilete.
Foto: Birthe Johanne F. Finstad



MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|---|--|--|--|
| Tenesteyting (T) | | | |
| T10: Fungerande tenesteproduksjon. | T10.1: Tal prioriterte pasientar under tilsyn. | T10.1-1: Gruppe A2 90 prosent Gruppe B 95 prosent Gruppe C1 85 prosent Gruppe C2 70 prosent Gruppe D 60 prosent | Gruppe A2 97 prosent Gruppe B 96 prosent Gruppe C1 87 prosent Gruppe C2 80 prosent Gruppe D 83 prosent |
| T11: Tannhelsetilstand prioritert klientell. | T11.1: DMFT = 0 1 | T11.1-1: 5-åringar 80 prosent 12-åringar 60 prosent 18-åringar 25 prosent | DMFT: 5-åringar 86 prosent 12-åringar 65 prosent 18-åringar 24 prosent |
| DMFT er definert som tal tenger (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylte (filled) på individnivå. DMFT gjev eit oversyn over total tannhelsetilstand, både sjukdomserfaring og no-situasjon | | | |
| Regional utvikling (R) | | | |
| R14: Kjennskap til tannhelsemessige utfordringar i fylket. | R14.1: Plandokument er oppdatert i samsvar med konkrete utfordringar på tannhelseområdet. | R14.1-1: Vurdere kvart år om plandokumentet må oppdaterast på fokusområdet. | Vi må ha merksemd på vårt plandokument til ei kvar tid. Må rette oss etter føringar frå Helsedirektoratet. |
| R15: Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar. | R15.1: Inngå forpliktande samarbeidsavtalar med kommunar og helseføretak på tannhelserelaterte område til dømes folkehelsearbeid. | R15.1-1: Avtale med alle kommunar og helseføretak. | Inngått samarbeidsavtale med alle kommunar, også på tenestenivå. Ikke samarbeidsavtale med helseføretak (Helse Førde). |

Bygg og eigedom

Bygge- og eigedomstenesta leverer tenester knytt til eigarfunksjonen til fylkeskommunen. Dette inneber ansvaret for å skaffe alle deler av den fylkeskommunale verksemda naudsynte bygg og tenlege lokale. Arbeidet omfattar alle sider av forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service.

Vi har eit overordna mål om at verdien av eigedomsmassen ikkje skal verte mindre verdifull. Grunneigedomane og bygningane skal heile tida vere tilpassa behovet til brukarane, og ha løysingar som er best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar.

Planlagde tiltak for investeringar og vedlikehald vart samla sett gjennomført innanfor dei økonomiske rammene i 2014.

BYGGE- OG INVESTERINGSPROSJEKT

Aktiviteten på større bygge- og investeringsprosjekt har i hovudsak i 2014 vore knytt til byggesteg 3 ved Flora vidaregåande skule og arbeidet med prosjektførebuing og anbodsgrunnlag for Sogndal vidaregåande skule, byggetrinn 2.

Ved Flora vidaregåande skule omfatta det siste byggesteget rehabilitering og ombygging av dei resterande bygga (blokk 1 og 2) ved skulen. Arbeidet er gjennomført og vart ferdigstilt som planlagt til skulestart 2014. fylkesordførar Åshild Kjelsnes opna anlegget 17. november 2014.

Tenesta har i tillegg gjennomført fleire større og mindre prosjekt innan ombygging, rehabilitering og sikring. Nokre av desse er

- rehabilitering av arbeidsplassar og personalrom ved Årdal vidaregåande skule
- nytt vindfang/inngangsparti ved Mo og Øyrane vidaregåande skule
- rehabilitering av glastak og sluser på Fylkesbygget
- ombygging av kantine på Fylkeshuset
- ny kjølemaskin ved Sogn Jord- og Hagrbrukskule

Vidare er prosjektet med skalsikring av den fylkeskommunale bygningsmassen framleis under arbeid, og det kontinuerlege arbeidet med oppgradering av fleire nødlys- og brannalarmanlegg er òg gjennomført i løpet av året.

PLANLEGGING / SKULEBRUKSPLAN

Bygge og eigedomstenesta har i 2014 vore involvert i arbeidet både med planlegging av nybygg, ombyggingar av eksisterande areal og avhending av bygg. Det er mellom anna etablert nye/ombygde areal tilrettelagt for desse programma

- helse- og oppvekst ved Sogndal vidaregåande skule (samarbeid med Sogndal Fotball)
- restaurant og matfag ved Sogndal vidaregåande skule (samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane)
- formgjevingsfag ved Hafstad vidaregåande skule (samarbeid med Førdehuset)

Vidare har vi gjennomført prosessar med avhending av eigedommene ved tidlegare Luster vidaregåande skule og den tidlegare avdelinga av Mo- og Jølster vidaregåande skule på Jølster

FYSISK MILJØ OG INNEKLIMA

Bygge- og eigedomstenesta søker kontinuerleg å sjå til at alle bygg skal ha eit godt innemiljø. Kartlegging skjer via enkle parameter på temperatur, relativ fuktigkeit og Co2-innhald i lufta ved ulik bruk. Aktuelle tiltak vert utført som akutte prosjekt eller som ein del av vedlikehaldsplanen etter behov.

UNIVERSELL UTFORMING

Vi har hausten 2014 sett i verk ein større analyse av korleis dei einskilde fylkeskommunale eigedommene er i høve gjeldane reglar for universell utforming. Dette er eit relativt krevjande registreringsarbeid på alle eigedommene våre. Resultat av arbeidet vert lagt fram i løpet av første kvartal i 2015. Tiltaksliste med aktuelle punkt for oppfylging vil òg bli utarbeida.

ENERGISPARING, ENERGIBRUK OG MILJØ

Bygge- og eigedomstenesta har arbeidd aktivt med å få effektive energiløysingar i dei fylkeskommunale bygga. Det er til dømes i 2014 investert i nytt varmepumpeanlegg ved Måløy vidaregåande skule, og fleire anlegg står for tur.

DRIFTSTENESTER

Bygge- og eigedomstenesta har i 2014 gjennomført eit større organisasjonsutviklingsprosjekt. Prosjektet gjekk i hovudsak ut på at alle tekniske driftstenester skulle samlast i bygge- og eigedomstenesta i tråd med ein prosess som allereie starta i 2003. Fylkesutvalet slutta seg til dette i juni 2014 og i løpet av hausten gjennomførde vi førebuande prosesser slik at innføringa gjekk som planlagt frå 01.01.15. Tenesta er då etablert med tre regionale driftsavdelingar i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

ANDRE OPPGÅVER

Bygge- og eigedomstenesta utfører òg forvaltningsoppgåver for tannhelsetenesta og samferdsleavdelinga.

Arbeidet ilag med tannhelsetenesta er vesentleg knytt til nye leigeavtalar og endringar i eksisterande avtalar. Når det gjeld samferdsle er det vesentleg arbeid med avklaringar og tingingar omkring eige- eller leigetilhøve for rutebilistasjonar i fylket. Konkret har dette siste året vore retta mot Sunnfjord-regionen i tråd med prosjektplan for konkurranseutsetting av dette bussrutetilbodet.



Det indre liv



Vindhellavegen.
Foto: Sverre Hjørnevik

Arbeidsgjevarområdet

ARBEIDSGJEVAROMRÅDE

Arbeidsgjevarområde dekkjer strategiske tiltak for rekruttering, personal- og organisasjonsutvikling, likestilling og arbeidsmiljø. Einingsleiarane har ansvaret for å utøve personalpolitikken til fylkeskommunen. Arbeidsgjevarpolitikken er i hovudsak styrt gjennom lovverk, forskrifter og avtaleverk. Fylkesrådmannen - personal gir støtte, råd og rettleiing til einingsleiarane.

Sentrale arbeidsoppgåver for fylkeskommunen som arbeidsgjevar har i 2014 vore

- oppfølging av Handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold
- oppfølging og administrering av bedriftshelsenester
- oppfølging og vidareutvikling av kompetanseregistreringssystemet
- gjennomføring av medarbeidarundersøking hausten 2014 - og oppfølging av denne
- gjennomføring av seminar for leiarar med arbeidsgjevarrolla i sentrum. Hovudtema var «Tilsetjingsreglementet i Sogn og Fjordane» og «Arbeidsgjevar sin styringsrett»
- gjennomføring av lokale lønsforhandlingar kap. 3.4.2, kap. 5.2, kap. 4.A.1 og 4.A.2
- gjennomføring av grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap (målgruppa er verneombod, lokalt arbeidsmiljøutval og leiarar)
- gjennomføring av introduksjonssamling for nye tilsette
- gjennomføring av fagseminar for reinhaldspersonale
- operativ leiarstøtte generelt innan personalforvaltning og spesielt i samband med skulebruksplanen
- tilrettelagt og gjennomført leiarsamling for alle leiarar med personalansvar, fagleiarar og hovudtillitsvalde. Tema for samlinga var «Leiarskap, innovasjon og endring»
- tilskot til hospitering og utdanning
- deltaking på rekrutteringsmesser i Trondheim, Oslo, Sogndal og Bergen
- deltaking på seminar for merkantilt personale

PERSONALPOLITISKE TILTAK

Fylkeskommunen løvde i 2014 600 000 kr til tilskot til hospitering. Av desse vart 200 000 kr prioriterte til søkerar over 55 år, jamfør seniorpolitisk handlingsplan. Totalt søkte 33 personar om tilskot, 21 kvinner og 12 menn. 14 av søkerane var over 55 år, 6 kvinner og 8 menn. Totalt fekk 32 søkerar tilskot til hospitering, 20 kvinner og 12 menn. 5 kvinner og 8 menn var over 55 år.

| Tilskot til hospitering 2012 | | Tilskot til hospitering 2013 | | Tilskot til hospitering 2014 | |
|------------------------------|------------|------------------------------|------------|------------------------------|------------|
| 13 kvinner | 227 503 kr | 21 kvinner | 306 877 kr | 20 kvinner | 245 492 kr |
| 5 menn | 137 948 kr | 12 menn | 292 064 kr | 12 menn | 338 403 kr |
| Tildelt totalt | 365 451 kr | Tildelt totalt | 598 941 kr | Tildelt totalt | 583 895 kr |

Tabell 22.

Det er gitt 1495 dagar permisjon til utdanning og kompetansetiltak. Kvinner har nytta 63,3 prosent av desse, mot 64,8 prosent i 2013.

| Prosentvis fordeling | Foreldre-permisjon | Barns sjukdom | Omsorgs-permisjon | Anna velferd |
|----------------------|--------------------|---------------|-------------------|--------------|
| Kvinne | 66,5 % | 65,3 % | 93,5 % | 63,3 % |
| Mann | 33,5 % | 34,7 % | 6,5 % | 36,7 % |

Tabell 23.

ARBEIDSMILJØARBEIDET

Fylkeskommunen arbeider mot hovudmåla i avtalen om eit inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen). Avtalen forpliktar oss til desse tre delmålsetjingane

- å redusere eller stabilisere sjukefråværet
- å legge til rette for at personar med redusert arbeidsevne får halde fram arbeidet sitt
- å redusere den gjennomsnittlege avgangsalderen for pensjonering

I arbeidet vårt for utvikling av arbeidsmiljøet skjer det ei vriding frå kollektive tiltak til meir individretta arbeid. Vi har ei målsetting om at sjukefråværet over tid ikkje skal vere over fem prosent. For å klare denne målsettinga, arbeider fylkeskommunen aktivt med førebyggande tiltak og oppfølging av sjukmelde medarbeidarar. Vi prioriterer tilrettelegging for å halde på tilsette som får helseplager eller utfordringar i samband med det fysiske og eller psykososiale i arbeidsmiljøet. Kvart år tilbyr vi grunnopplæring i arbeidsmiljøkunnskap. Målgruppa for dette 40-timars kurset er leiarar, verneombod og medlemer i arbeidsmiljøutvala. Tolv personar gjennomførte kurset i 2014.

Årstatistikken syner at det samla sjukefråværet er 4 prosent. Dette er veldig oppmuntrande tal, og viser at vi registrerer eitt prosentpoeng under stabiliseringsmålet som vi har sett for IA-arbeidet.




Diagram 20.

Fråværsutvikling – alle einingane frå 2010 til og med 2014.

SENIORPOLITISK ARBEID

Med seniorpolitikk legg vi til rette for å utvikle og gjøre nytte av kunnskapane, ferdighetene og arbeidsevna til seniormedarbeidaren på ein måte som både arbeidsgjevar og arbeidstakar er tente med. Ressursane seniormedarbeidarane våre står for er viktige for organisasjonen. Dei er produktive og har gode føresetnader for å tilegne seg ny kunnskap. Dei er samstundes medarbeidarar med god mellommenneskeleg innsikt, samt plikt- og ansvarskjensle. Fylkeskommunen vil legge forholda til rette slik at denne arbeidstakgruppa kan trivast og få personlege og faglege utviklende arbeidsoppgåver. Seniorpolitikk er også å legge til rette for ein tenleg og verdig avslutning av yrkeskarrieren for kvar einskild. Det er åtte tiltak/verkemiddel i den seniorpolitiske handlingsplanen vår. To av tiltaka, stimuleringstilskot og tilretteleggingstilskot, er direkteretta økonomiske bidrag. Planen er under revidering for å bli meir spissa og formålstenleg.

BEDRIFTSHELSETENESTER

Leverandøren vår, Stamina Helse bedriftshelseteneste, har levert eit omfattande og breitt spekter av tenester. Dei bestilte tenestene dekker behova fylkeskommunen har for helse-, miljø- og tryggleiksoppfølging og bistand etter krav i arbeidsmiljølova § 3-3, forskrift om systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (HMT) § 5 og forskrift om organisering, leiing og medverknad kapittel 13.

Forbettingsarbeidet innan HMT-området er i Sogn og Fjordane fylkeskommune eit klart definert leiaransvar, som vert kanalisiert gjennom kvalitetssystemet for HMT. Arbeidet sikrar eit arbeidsmiljø som gjev arbeidstakarane tryggleik når det gjeld fysiske og psykiske skadeverknader. Miljøaspektet er svært viktig for å førebyggje og motverke sjukefråvær. Arbeidet er tilrettelagt i samsvar med lovverk som skal sikre forsvarleg arbeidsmiljø, vernetenesta og drøftingar med samarbeids- og arbeidsmiljøutvala.

Tenesteleveransane samla frå Stamina Helse og Stamina Census i 2014 vart på om lag 673 timer, fordelt på tema som grafikken under viser.




Diagram 21.

MEDARBEIDARUNDERSØKING

Etter ein syklus på annakvart år gjennomfører fylkeskommunen ei medarbeidarundersøking. Medarbeidarundersøkinga for 2014 viser stabilitet i forhold til undersøkinga i 2012. Undersøkinga vart gjennomført av Stamina Census og hadde over 87 prosent oppslutning.

Samanlikna med 2012 viser undersøkinga at det er færre rollekonfliktar og større rolleklarheit i 2014. Arbeidsmengda er relativt normal for medarbeidarane i fylkeskommunen. Tilsette opplever at dei av og til har for mykje å gjere, men at dette er relativt normalt i arbeidslivet. Medarbeidarane i fylkeskommunen opplever arbeidsoppgåvene sine som stimulerande. Dei får brukt kompetansen sin og opplever arbeidet som viktig og meiningsfullt. Dette er eit av dei viktigaste faktorane for engasjement og arbeidsglede i arbeidslivet, og er ein styrke for fylkeskommunen. Samanfatta kan vi seie resultata viser stabilitet og eit normalt godt arbeidsmiljø.

MÅLEKART

| SUKSESSFAKTOR | MÅLEINDIKATOR | AMBISJONSNIVÅ | EVALUERING/RESULTAT |
|--|--|--|--|
| Medarbeidar og organisasjon | | | |
| M1: Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meiningsfullt. | M1.1: Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet. | M1.1-1: Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege. | Scoren er 80,5. Referansane våre i offentleg sektor syner at vi ligg i normalområdet. Truleg har vi lagt ambisjonen noko høgt. |
| M2: Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring. | M2.1: Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarvurdering. | M2.1-1: Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege. | Scoren er 58, noko lågare enn referansane i offentleg sektor. Truleg har vi lagt ambisjonen noko lågt. |
| M3: Sjukefråværet i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt. | M3.1: Registrerte data. | M3.1-1: Sjukefråvære på maks. 5 prosent. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i «Inkluderande arbeidslivsavtale» med NAV. | Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2014 på 4 prosent. |
| M4: Medarbeidarar opplever leiarane som støttande, motiverande, utviklande og rettferdige. | M4.1: Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet. | M4.1-1: Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege. | Scoren er 74. Referansane i offentleg sektor syner at vi ikke ligg i normalområdet. |
| M5: Fylkeskommunen har som arbeidsgjevar godt omdøme og trekker til seg sterke søkerarar til ledige stillinger. | M5.1: Registrert søknadsinngang. | M5.1-1: Positiv utvikling over tid. | Det var 341 søkerarar til 21 utlyste stillingar i sentraladministrasjonen i 2014. |

Likestilling, likeverd og mangfald

ARBEIDSSTYRKEN

1359 personar er tilsette i fylkeskommunen. 57,5 prosent er kvinner og 42,5 prosent er menn. 30 prosent av dei tilsette arbeider deltid, mot 33 prosent i 2013. Det er kvinner i sju av ti deltidsstillingar. Skeivfordelinga er i hovudsak eit utrykk for tradisjonelle familiemønster. Menn arbeider heiltid og kvinner deltid. Haldninga fylkeskommunen har til ynske frå arbeidstakarane om reduserte stillingar, fører til fleire deltidsstillingar og fleire deltidstilsette kvinner. Det er to hovudgrunnar til denne utfordringa i opplæringssektoren:

- Det er mange reinhaldar- og miljøarbeidarstillingar i opplæringssektoren. Mange av desse stillingane er deltidsstillingar.
- Krav til undervisningskompetanse i dei ulike faga gjer at undervisningsoppgåvene må løysast gjennom deltidsstillingar for å få timeplanen til å gå i hop med den økonomiske ramma.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik i fylkeskommunen var 89,5 prosent i 2014. I 2012 var snittet 90 prosent, og i 2013 var det 88,6 prosent.

| Stilling | Kvinner | % | Menn | % | Totalt | % |
|----------|---------|------|------|------|--------|-----|
| Heiltid | 491 | 36,1 | 466 | 34,3 | 957 | 71 |
| Deltid | 290 | 21,4 | 112 | 8,2 | 402 | 29 |
| Totalt | 781 | 57,5 | 578 | 42,5 | 1359 | 100 |

Tabell 24.
Inkl. lærlingar og eks. permitterte.

| Sektor | Heiltidstilsette | | Deltidstilsette | |
|-----------------------|------------------|------|-----------------|------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Kultur | 11 | 6 | 2 | 1 |
| Opplæring | 334 | 342 | 223 | 96 |
| Tannhelse | 62 | 15 | 46 | 3 |
| Sentraladministrasjon | 85 | 102 | 19 | 12 |

Tabell 25
Inkl. lærlingar og eks. permitterte.

| Stillingsgrupper | Kvinner | % | Menn | % | Totalt | % |
|---|------------|-------------|------------|-------------|-------------|--------------|
| Kontorstøtte | 112 | 9 % | 10 | 1 % | 122 | 10 % |
| Drifts- og støttestillingar til fagstillingar | 131 | 11 % | 61 | 5 % | 192 | 16 % |
| Sakshandsamarstillingar | 52 | 4 % | 73 | 6 % | 125 | 10 % |
| Fagstillingar Fylkesarkiv, Fylkesbibliotek m.m. | 17 | 1 % | 3 | 0 % | 20 | 2 % |
| Klinikksjef- og tannlegestillingar | 24 | 2 % | 15 | 1 % | 39 | 3 % |
| Pedagogstillingar | 300 | 25 % | 316 | 26 % | 616 | 51 % |
| Leiarstillingar | 51 | 4 % | 46 | 4 % | 97 | 8 % |
| Totalt | 687 | 57 % | 524 | 43 % | 1211 | 100 % |

Tabell 26
Tal årsverk fordelt på stillingsgrupper, eks. permitterte og lærlingar.

| Sektor | Menn | % | Kvinner | % |
|-------------------------------|-----------|-------------|-----------|-------------|
| Sentraladministrasjonen | 13 | 52 % | 12 | 48 % |
| Tannhelse | 1 | 50 % | 1 | 50 % |
| Kultur | 1 | 50 % | 1 | 50 % |
| Opplæring (skulane og ppt) | 32 | 46 % | 38 | 54 % |
| Totalt alle sektorarar | 47 | 47 % | 52 | 53 % |

Tabell 27
Leiarstillingar i fylkeskommunen 2014. Fordeling på sektor og kvinner og menn.

| 2011 | | 2012 | | 2013 | | 2014 | |
|------|---------|------|---------|------|---------|------|---------|
| Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner |
| 58 % | 42 % | 59 % | 41 % | 59 % | 41 % | 47 % | 53 % |

Tabell 28
Utviklingstrekk, fordeling av leiarstillingar mellom menn og kvinner.

LØNSSTATISTIKK OG LØNSFORHANDLINGAR

Samla er lønssnittet for kvinner i fylkeskommunen no 93,1 prosent av lønssnittet for menn, mot 91,7 i 2013. Tilsvarande tal for kommunesektoren var 91,4 i 2013 og 92,0 i 2014. Skilnaden minkar jamt. I 2011 var lønssnittet for kvinner 90,9 prosent.

Forklaringsa på skilnaden er i hovudsak stillingsstrukturen mellom kvinner og menn. Tradisjonelle kvinneyrke i fylkeskommunen er kontorstøtte-, drifts- og støttestillingar til fagstillingar. Dei utgjer 26 prosent av dei tilsette i fylkeskommunen, og det er kvinner i åtte av ti stillinger. Snittløna til desse gruppene er lågare enn for andre stillingsgrupper. Konkret betyr det at skilnaden ikkje er like stor innanfor dei ulike stillingsgruppene.

| Stillingsgruppe | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|--|-------|-------|-------|-------|
| Kontorstøttestillingar | 92,3 | 90,2 | 92,6 | 94,6 |
| Driftsstillingar og støttestillingar til fagstillingar | 98,5 | 98,4 | 98,4 | 97,6 |
| Sakshandsamarstillingar | 92,2 | 92,5 | 94,4 | 95,7 |
| Fagstillingar, Fylkesarkiv, Fylkesbibliotek m.m. | 105,6 | 108,9 | 113,9 | 109,0 |
| Tannlegestillingar | 90,2 | 92,8 | 93,4 | 95,9 |
| Pedagogiske stillingar | 99,1 | 100,5 | 100,0 | 99,6 |
| Leiarstillingar | 100,5 | 100,2 | 100,3 | 96,3 |
| Alle årsverk | 90,9 | 91,9 | 91,5 | 93,1 |

Tabell 29.

Løna til kvinner i prosent av løna til menn rekna etter årsverk for dei ulike stillingsgruppene i fylkeskommunen

Kap. 3.4.2 og 5.2 får all løn fastsett gjennom lokale forhandlingar. I kap. 5.2 har kvinner og menn fått ein tilsvarende lik del av lønsdanninga. I kap. 3.4.2 har kvinner fått ein mindre del av lønstillegga enn lønsdanninga tilseier. For kap. 4.A.1 er det omvendt, der har kvinner fått ein større del av lønstillegga enn lønsdanninga tilseier.

| Lokale lønsforhandlingar | Del av lønsdanninga | | Del av lønstillegga | |
|--|---------------------|--------|---------------------|--------|
| | Kvinner | Menn | Kvinner | Menn |
| Kap. 3.4 Einingsleiarar og lei- rarar i sentraladministrasjonen | 45,5 % | 54,5 % | 40,5 % | 59,5 % |
| Kap. 5.2 Sakshandsamarar, tannlegar og fagstillingar | 47,8 % | 52,2 % | 47,7 % | 52,3 % |
| Kap. 4.A.1 gjennomgåande stillingsgrupper, under- visningsstillingar og mellom- leiatar i skulane | 54,7 % | 45,3 % | 58,8 % | 41,2 % |

Tabell 30

Fordeling av lønstillegga mellom kvinner og menn samanlikna med lønsdanninga.

HANDLINGSPLAN FOR LIKESTILLING, LIKEVERD OG MANGFALD

Likestillingsutvalet vedtok justering av handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold 4. juni 2014. Planperioden er 2014 til 2017. Den justerte handlingsplanen byggjer vidare på handlingsplanen som fylkestinget vedtok i juni 2009, men med justering av mål og delmål.

Berande prinsipp for den justerte handlingsplanen er at mangfold er ein ressurs, og at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere inkluderande, syne omsorg og ha respekt for alle.

Visjonen er: Sogn og Fjordane fylkeskommunen skal vere kjent for å arbeide aktivt med likestilling, likeverd og mangfold.

Overordna mål

Ambisjonsnivået er at medarbeidarane og brukarane opplever at Sogn og Fjordane fylkeskommune er ei verksemd som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfold. Dette skal målast i medarbeidar- og brukarundersøkingar, og her er ambisjonsnivået at minst 80 prosent opplever dette.

Delmål

1. Mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg.
2. Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).
3. Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegele starte med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.
4. Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane når det gjeld krav om universell utforming.
5. Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.
6. Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette som ufrivillig arbeider deltid i fylkeskommunen, vere redusert frå 39 til 26. Det vil vere ein reduksjon på 33 prosent.
7. Innan utgangen av 2017 skal informasjonsproduksjon til fylkeskommunen formidle at fylkeskommunen er ein inkluderande arbeidsgjevar og tenestyta der dette er tenleg.

Tiltak

For å nå det overordna målet vårt og dei sju delmåla skal fylkeskommunen i komande planperiode arbeide med følgjande tiltak:

Tiltak overordna mål

For at fylkeskommunen også i neste planperiode skal tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i gjeldande lovkrav og for å nå vårt overordna mål må:

1. kvar eining fortsette med å kartlegge, registrere, rapportere, setje i gang og evaluere likestillings-, likeverds- og mangfaldstiltak.
2. fylkesrådmannen og fylkesdirektørane samle inn og samanfatte dei einingsvise rapportane og formidle dette i årsrapporten til fylkesrådmannen.

Med ansvar og rapportering lagt til kvar eining og kvar sektor vil fylkeskommunen samla kunne gi ei konkret og korrekt framstilling av tilhøva og likestillingsarbeidet i heile fylkeskommunen.

Tiltak delmål 1

Fylkesrådmannen skal ta stilling til om mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfold skal innarbeidast i nye regionale planar eller ved revisjon av eksisterande.

Tiltak delmål 2

Innan utgangen av 2014 skal fylkeskommunen tilfredstille aktivitets- og rapporteringsplikta i tråd med diskrimineringslova om seksuell orientering (ny lov frå januar 2014).

Tiltak delmål 3

Innan utgangen av 2015 skal Fylkesspegele starte med å publisere ein årleg mangfalds- og likestillingsstatus for Sogn og Fjordane.

Tiltak delmål 4

Innan utgangen av planperioden skal fylkeskommunen ha gjort ei ny kartlegging av eigedomane til fylkeskommunen når det gjeld krav om universell utforming.

Tiltak delmål 5

Innan utgangen av 2016 skal fylkeskommunen ta initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom dei offentlege aktørane i fylket om korleis offentlege nettsider kan bidra til betre integrering av innvandrarar.

Tiltak delmål 6

Innan utgangen av 2017 skal tal faste tilsette i fylkeskommunen som ufrivillig arbeider deltid vere redusert frå 39 til 26 personar, noko som er ein reduksjon på 33 prosent. Dette tiltaket må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk. I tillegg gjennom bruk av kompetansehevingstiltak.

Organisatoriske tiltak jamfør § 2.3 i hovudtariffavtalen

Fylkeskommunen skal som hovedregel tilsette arbeidstakrarar i heil stilling. Unntak skal drøftast med dei tillitsvalte med mindre det er tydeleg unødvendig. Ved ledighet skal arbeidsplanar og oppgåvefordeling gjennomgåast, for å vurdere samanslåing av deltidstillingar. Ved ledig stilling skal deltidstilsette ved intern utlysning i kommunen tilbydast utviding av arbeidsforholdet sitt inntil heil stilling, om vedkommande er kvalifisert for stillinga.

Arbeidsgjevar skal informere og drøfte prinsippa for bruk av deltidstillingar med dei tillitsvalte minst éin gang i året.
I tillegg gjeld følgjande interne prosessar:

1. Om det oppstår behov som ikkje kan vente til utviklingssamtalen, skal tilsette som jobbar deltid melde frå til nærmeste leiar om dei ynskjer utviding av stillinga si.
2. Tilsette som har ytra ynske om utviding av stilling, og som ikkje tek i mot eventuelt tilbod frå arbeidsgjevar, vil ikkje ha prioritet ved seinare høve. Om det har oppstått spesielle private grunnar som gjer det vanskeleg å utvide stillingsprosenten, skal det takast omsyn til det.

Kompetansehevingstiltak

1. Gjennom utviklingssamtalen skal leiarane kartlegge kven av dei tilsette med deltid som ynskjer å auke stillingsprosenten sin.
2. Kompetanseprofilen til den einskilde skal gjennom kompetanse- og opplæringssystemet vårt drøftast og avklarast mellom leiar og medarbeidar.
3. Den tilsette skal synleggjere kva kompetansehevingstiltak vedkomande ynskjer.
4. Tilsvarande skal leiar vurdere behovet for endra og/eller ny kompetanse ved eininga i eit perspektiv på minst tre år. Kompetansebehovet til eininga skal sjåast saman med ynska til dei tilsette.
5. Dersom det er nødvendig med kompetansehevingstiltak for at den tilsette skal kome i ein betre posisjon for utviding av stilling, skal det avtalast tiltak mellom leiar og medarbeidar. Dersom kompetansehevinga er innafor det behovet som leiar har kartlagt ved eininga, skal det avtalast verkemiddel for at den tilsette kan gjennomføre kompetansehevinga.

Tiltak delmål 7

1. Lage og implementere retningsliner for informasjonsproduksjonen til fylkeskommunen som støttar opp om målformuleringa i delmål 7.
2. Innan utgangen av 2017 skal heimesida til fylkeskommunen stette krava Direktoratet for fornying og ikt har til universell utforming.

LIKESTILLINGS-, LIKEVERDS- OG MANGFALDSARBEID I 2014

I 2014 har vi arbeidd mest med overordna mål og tiltak. Vi har ferdigstilt og vedteke justert handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfold. Den justerte handlingsplanen har vidareført det overordna målet frå 2009. Det betyr at sjølv om den justere handlingsplanen har nye delmål og tiltak, så har vi fortsatt trykk på at kvar eining og kvar sektor skal arbeide systematisk (kartlegge, setje seg mål, iverksetje og evaluere tiltak) med likestilling, likeverd og mangfold for sine ansvarsområder, men også støtte opp om den overordna handlingsplanen til fylkeskommunen. Det gir lokalt eigarskap og mangfold i likestillingsarbeidet. Det lokale arbeidet har i 2014 blant anna lagt vekt på

- lokalt arbeid med internasjonalisering, folkehelse, fredskorpsverksemd og arbeid mot mobbing, vald og rasisme
- systematisk arbeid for kartlegging og reduksjon av uynskt deltid
- sikre mangfold i arbeidsstokken
- starte opp arbeidet med ein ny kartleggingsrunde av eigendommene til fylkeskommunen med tanke på krav som gjeld universell utforming.
- ved tildeling av økonomiske midlar frå Innovasjon Norge var kvinner ei sentral målgruppe i 2014. Om lag 40 prosent av tilskotsløvingane frå Innovasjon Norge går til kvinnesettet tiltak.
- likestilling, likeverd og mangfold er tema i utviklingssamtalen
- utvikling av kompetanse og arbeidsmetodar for å løye samansette planutfordringar
- fleirspråkleg informasjonsmateriell om rettar og tilbod er lagt ut på tannklinikkane

I medarbeidarundersøkinga i 2014 blei dei tilsette spurde om dei opplever at fylkeskommunen legg vekt på likestilling, likeverd og mangfold for brukarar og tilsette. Mellom 80 og 90 prosent av dei tilsette er stort sett eller svært samde i påstanden om at

fylkeskommunen er ei verksemد som prioriterer og verdset likestilling, likeverd og mangfald. Scoren er tilsvarende for det interne likestillings-, likeverds- og mangfaldsarbeidet. Det betyr at resultatet er noko betre enn i 2012, og at vi er på det nivået vi ynskjer å vere.

Medarbeidarundersøkinga har også spurt dei tilsette om det sosiale samspelet i verksemda. Det er spørsmål som dekkjer tema som mobbing, diskriminering, forstyrrende konfliktar og samarbeid mellom kollegaer. Resultatet frå denne delen av undersøkinga syner også ei positiv utvikling sidan 2012, og i så måte i samsvarer dei med og støttar opp om funna kring likestilling, likeverd og mangfald.

Når det gjeld delmål 1 om at mål og tiltak for likestilling, likeverd og mangfald skal innarbeidast i regionale planar der det er naturleg, vart det i 2014 handsama ein regionalplan «Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane». Sentralt i denne planen er målet om 500 nye arbeidsplassar i året og samfunnsansvar som premiss for alle satsingar. Likeverd og mangfald står sterkt og aktivitetar basert på sosial dumping i Sogn og Fjordane vil ikkje bli prioriterte. Arbeidsinnvandrarar må møte eit Sogn og Fjordane som veit å syne godt vertskap.

Verdiskapingsplanen famnar breitt, og ikkje alle mål og tiltak er relevant for likestilling, likeverd og mangfald. Vi listar her nokre av dei mål og tiltaka som er relevante:

- Partnarskapen ønskjer ein offentleg sektor som leverer gode tenester slik at Sogn og Fjordane blir sett på som eit attraktivt og godt fylke å bu i.
 - Frå barnehage og utdanningstilbod til helsestell, transporttilbod, integrering av arbeidsinnvandrarar og tilrettelegging for gjennomgangsbustadar.
- Vi skal gjere ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrarane og skal legge betre til rette for utanlandsk arbeidskraft
- Gjennom ein målretta dialog mellom industrien, FoU- og utdanningssystemet og offentlege styresmakter avdekker vi framtidige kompetanse- og arbeidskraftbehov. Slik skaper vi oss eit konkurransesfortrinn i kampen om både norsk og utanlandsk arbeidskraft

I januar 2014 trådde «Diskrimineringsloven om seksuell orientering» i kraft. Fylkeskommunen har så langt følgt opp delmål 2 med å ha kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk som ein del av programmet på den årlege leiarsamlinga til fylkesrådmannen, og med å innarbeide aktivitets- og rapporteringsplikta knytt til denne lova i den overordna handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald. Elles er det slik at tenestetilboda våre til dømes på skulane og tannlegekontora er regulerte av blant anna opplæringslova, helsepersonellova og tannhelselova.

Når det gjeld tiltak 6, halvering av tilsette som ufrivillig arbeider deltid, så er det eit arbeid som må gjennomførast i tråd med gjeldande lov- og avtaleverk¹. I tillegg har vi også eit tiltak med økonomisk bistand til utdanning. Målet er at tilsette som arbeider ufrivillig deltid skal kvalifisere seg til nye arbeidsoppgåver og slik kunne auke stillingsprosenten sin. I 2014 søkte åtte personar på dette tiltaket. Tre tilfredsstilte søknadskrav og fekk støtte.

¹ Arbeidsmiljølova § 14.3 og hovudtariffavtalen sin § 2.3.

| | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|--------------------|------------|-----------|------------|------------|
| Mottekne søknadar | 3 | 2 | 2 | 8 |
| Godkjente søknadar | 2 | 2 | 2 | 3 |
| Tildelte midlar | 125 000 kr | 25 700 kr | 108 900 kr | 113 700 kr |

Tabell 31.

I årsrapporten for 2013 kom det fram at fylkeskommunen hadde 39 fast tilsette som ynskte auka stillingsprosent. Det var utgangspunktet for at justert handlingsplan sette seg som delmål å redusere frå 39 til 26 fast tilsette innan 2017. Einingsleiarane rapporterer om 40 fast tilsette som arbeider uynskt deltid (29 kvinner og 11 menn) i 2014.

Forvaltningsrevisjon og internkontroll

FORVALTNINGSREVISJON - STATUS

Fylkestinget handsamar forvaltningsrevisjonsrapportane til kontrollutvalet (KU). Følgjande prosjekt vart sluttførde i 2014:

Næringsretta tiltak, vedtaksoppfølging, energi og miljø, bygg- og eigedomstenesta

Fylkesrådmannen meiner at administrasjonen arbeider godt med desse sakene, og vi har no fått avslutta fleire eldre prosjekt. Ved utgangen av året er det slik på status for gjennomføring av fylkestingetsvedtak på prosjekt der det er restansar. (Prosjekt som enno ikkje er sende til fylkestinget, er ikkje omfatta av dette oversynet).

| Prosjekt | Vedtak | Gjennomført 2014 | Restanse |
|---|--------------|--|--|
| Kompetanseprofil | FT-sak 18/10 | Før det er aktuelt å implementere kompetansebudsjet og rekneskap for alle dei fylkeskommunale verksemndene, er det behov for å vidareutvikle og teste modellane til Mo og Øyrane vgs og tannhelsetenesta. I 2014 har desse to tilnærma seg utviklingsarbeidet praktisk utifrå eigne utfordringar og behov. | Fylkeskommunen går vidare med å utvikle piloten frå nokre avdelingar til å gjelde heile skulen (Mo og Øyrane vgs). Opptrappingsplan over 2-3 år. |
| Internkontroll | FT-sak 1/10 | | System for internkontroll er på plass. Det er etablert ein løpende dialog mellom kontrollutvalet og fylkesrådmannen om internkontrollarbeidet. Etter dette reknar vi prosjektet som avslutta. |
| Byggeprosjekt | FT-sak 2/11 | | Forseinka oppfølging som skuldast prioritering av oppfølginga av skulebruksplanen så langt det gjeld bygge- og eigedomstensta. Ny oppfølging etter 31. desember 2014. |
| Innkjøp | FT-sak 18/10 | Rapport vart lagt fram for kontrollutvalet 27.5.14. Mange av oppfølgingspunkta er starta. Nokre er ferdige. KU ber i vedtaket om ny rapport | Utvalet får rapport innan 2. mars. 2015 Fylkeskommunen vil då ha kome lenger angående vurderingar av konkurransegjennomføringsverktøy og andre tilrådinger. |
| Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbod til lærlingar | FT-sak 19/10 | | Sikre at informasjon om fagopplæring, lærlingordning med vidare på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon. Dette vert gjort i samband med oppgradering av heimesida våren 2015 |

| Prosjekt | Vedtak | Gjennomført 2014 | Restanse |
|------------------------|-------------|--|---|
| Tryggleik og beredskap | Ft-sak 7/14 | Alle tiltakspunkt i rapporten fra forvaltningsrevisjonen er gjennomgått, og oppdaterte risikovurderingar på avdelingsnivå er henta inn frå avdelingane/tenesteeiningane. Det er laga tilbakemelding til kontrollutvalet og skisse for vidare arbeid med tryggleik og beredskap i 2015. | Utarbeide ei oversikt over transportberedskapsbehovet i fylket, herunder eit samla oversyn over kaier som kan nyttast i tilfelle vegstengingar. <ul style="list-style-type: none">• ytterlegare risikovurderingar innan for samferdsle• samle dei ROS-vurderingane som er gjort innanfor den enkelte sektor i eit felles dokument for heile fylkeskommunen.• klargjering av fylkeskommunen si rolle sett i høve til eksterne samarbeidspartnarar (Politi, brann, redning, Fylkesmann, Statens vegvesen, kommunane). |

Tabell 32

Oppfølging av politiske vedtak og avviksrapportering.

Fylkeskommunen har etablert slike rutinar for rapportering av avvik når det gjeld gjennomføring av politiske vedtak:

- Samla avviksrapportering vert årleg gjort slik:
 - o Fylkesrådmannen rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av fylkesutvalet og fylkestinget i årsrapporten
 - o Fylkesdirektørane rapporterer samla om avvik av betydning i viktige politiske vedtak gjort av hovudutvala i årsmeldingane. Etter at årsmeldingane for hovudutvala er avvikla, vil fylkeskommunen gje ei samla avviksrapportering her:

Utover det som er rapportert i avsnittet over om status for forvaltningsrevisionssaker, er det registrert at administrasjonen ikkje har følgd opp følgjande saker om **ferjeavløysingsprosjekt**: FT-vedtak 46/13, pkt. V, jf. også HS-vedtak 34/14 og FU-vedtak 56/14. Bakgrunnen er at staten har utsett å kome med vurdering av aktuell ny modell før gjennom kom. prp for 2016, som vert lagt fram i mai 2015.

Fylkesdirektørane har ikkje meldt om avvik av betydning i vedtak gjort i dei respektive hovudutvala i 2014.

INTERNKONTROLL

I ein prøveperiode på to år - 2012 og 2013 - peika leiargruppa ut kva felles arbeidsområde organisasjonen skulle risikovurdere som ledd i internkontrollen.

For året 2014 brukte fylkesrådmannen dialogmøta med einingane til å identifisere dei relevante risikoane på kvar einskild eining. Ut frå dette fastsette han kva arbeidsområde som skulle risiko vurderast.

Einingane risikovurderte såleis følgjande arbeidsområde i 2014:

- tannhelsetenesta: det psykososiale arbeidsmiljøet
- samferdsleavdelinga: kontraktsoppfølging kollektiv
- opplæringsavdelinga: enkeltvedtak i opplæringssektoren
- næringsavdelinga: sakshandsaming og tilskotsforvaltning
- kulturavdelinga: tilskotsforvaltning
- plan- og samfunnsavdelinga: sakshandsaming og tilskotsforvaltning

I 2014 vart risikovurderingane lagt opp noko annleis enn i dei føregående åra då vurderingane var svært skjematiske. Einingane måtte i fjer svare meir utfyllande på risikokartlegginga enn ved berre å krysse av i eit hjelpestkjema. Kartlegginga skulle såleis byggast opp med både prosatekst og hjelpestkjema.

Einingane har lagt varierande arbeidsinnsats i risikovurderingane som vart utførte i 2014. Totalinntrykket til fylkesrådmannen er likevel at einingane har hatt godt utbytte av arbeidet.

Verdigrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune

OVERORDNA NORMER

Fylkestinget har vedteke at dei overordna normene for fylkeskommunen skal vere:

Open, med innsikt, integritet og respekt

Normene er eit uttrykk for det vi arbeider for å oppnå og ønskjer å halde fast på. Det gjeld for både folkevalde og tilsette i fylkeskommunen. Alle har eit sjølvstendig ansvar for sine eigne handlingar, og alle skal arbeide for god etisk praksis.

Normene er eit felles sett av verdiar som skal hjelpe oss å utvikle og nå måla, visjonane og strategiane til fylkeskommunen. Dei er basis for alle handlingane våre, så vel internt som andsynes omverda. Dei overordna normene gjeld difor forholdet til samfunnet og veljarane, fylkeskommunen som organisasjon, tilsette, brukarar og miljøet.

Samfunnet og veljarane

Fylkeskommunen skal utvikle og forpakte verdiar i vidaste meinings og til beste for samfunnet. Det skal vi gjere utan å gjøre skade på menneske, miljø, materielle verdiar eller samfunnet elles. Vi skal forvalte midlane og ressursane i fylkeskommunen så rasjonelt, berekraftig og økonomisk som mogeleg.

Både tilsette og folkevalde pliktar å følgje lover, forskrifter og reglement som gjeld for fylkeskommunen. Det betyr at alle lojalt skal følgje både politiske og administrative vedtak.

Som folkevalde og tilsette kan vi kome i situasjonar som gir oss sjansen til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personar utanfor fylkeskommunen kan også fremje særinteresser og utøve press som kan vere vanskeleg å handtere, og som kan setje integriteten til den enkelte på prøve.

Vi må vere medvitne om risikoene for korruption og arbeide med å førebygge og hindre at det får utvikle seg. Kontroll og oppfølging er viktig for å førebygge og avdekke utilbørlege handlingar eller korruption. Kontroll skjer mellom anna gjennom openheit og innsyn i den fylkeskommunale verksemda. Det sikrar også rettstryggleiken til den enkelte og sikrar god etisk standard.

Gjennom å vise omverda at vi tek risikoene for korruption på alvor, signaliserer vi at vi vil sikre høg etisk standard. Vi markerer at det ikkje løner seg å misbruke posisjon og tillit for å tilgodesjå seg sjølv eller andre - eller å setje fram tilbod om det.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er eit arbeidsfellesskap der både folkevalde og tilsette må yte sitt for å realisere visjonane, måla og verdiane til organisasjonen. Saman skal vi skape ein organisasjon som vi kan vere stolte av, og som er respektert av andre.

Effektiv ressursbruk er naudsynt for at fylkeskommunen skal oppfylle mål og plikter overfor samfunnet og brukarar. Når vi utøver mynde som forvaltarar er det viktig at vi er lojale mot skrivne og uskrivne lover om god forvaltingsskikk. Vi skal handsame saker grundig utan unødig tidsbruk, samstundes som vi respekterer ålmenne krav til innsyn i sakshandsaminga. Vi skal utnytte ressursane effektivt utan å misbruke fylkeskommunale verdiar, og vi skal opptre profesjonelt i alle forretningstilhøve.

Det er viktig å utøve myndighet på ein trygg måte. Slik skaper vi eit levande lokaldemokrati og ei tillitsskapande forvaltning.

Folkevalde og tilsette

Fylkeskommunen skal medverke til at tilsette og folkevalde utviklar seg fagleg og menneskeleg. Slik kan dei utvikle potensialet sitt

VERDIGRUNNLAGET

Fylkestinget har fastlagt dette verdigrunnlaget for fylkeskommunen:

- Demokratisk forankra
- Gode tenester
- Høg tillit
- Utviklingsorientert

til beste for både seg sjølve og fylkeskommunen.

Forholdet mellom folkevalde og tilsette og innbyrdes dei imellom, bør vere prega av tillit, ansvar, engasjement, entusiasme, integritet, ærlegdom, rettferd og lojalitet. Kvar og ein har plikt til å stå for og praktisere dei etiske verdiane til fylkeskommunen.

Tenestemenn og folkevalde er inhabile dersom dei har tilknyting til ei sak eller til partar i saka som kan skape tvil om dei vil handsame saka på en objektiv og upartisk måte. Føremålet med inhabilitetsreglane er å sikre korrekte avgjelder, oppretthalde tilliten til dei som avgjær, og trygge avgjerdstakarane mot at det kan reisast tvil om truverdet deira. Objektivitet er avgjerande for at publikum skal ha tillit til at det skjer ei forsvarlig saksbehandling.

Både tilsette og folkevalde skal varsle om kritikkverdige forhold i fylkeskommunen. Det er både lovleg og ynskt, og gjeld også når varslinga kjem i konflikt med, eller kan skade interessene til fylkeskommunen. Hemn eller straff for forsvarleg varsling er forbode. Det er viktig for å sikre trygge rammer for varslaren. Vernet gjeld alle former for irettesettande tiltak som til dømes ugrunna omplassering, dårlegare lønsutvikling, fråtak av arbeidsoppgåver, oppseiling og avskil.

Brukarar og publikum

Brukarane er ofte avhengige av tenestene frå fylkeskommunen. Det kan gjøre dei sårbare og gir oss stor makt. Ein fylkeskommune med høg etisk standard, har folkevalde og tilsette som reflekterer over etiske spørsmål og jamleg har etikk på dagsorden.

I møtet med brukarane skal tilsette vise respekt for den enkelte, ta vare på velferden og tryggleiken deira og ta omsyn til teieplikta.

Vi skal levere det brukaren treng til rett tid og til rett kvalitet. Vi skal legge vekt på nærliek, menneskeleg behandling, kvalitet, kompetanse og effektivitet. Tillit og truverde er sentralt i forholdet til brukarane våre.

Miljøet

Vi har ansvar for å forvalte ressursane vi har, på ein god måte, spesielt dei ikkje-fornybare ressursane. Vi vil ha ei berekraftig samfunnsutvikling, som sikrar livskvaliteten og livsgrunnlaget både i dag og for komande generasjonar. Aktivitetane i lokalsamfunna skal skje innan bereevn til naturen både lokalt og globalt, og vi ønskjer difor å redusere ressursforbruket og miljøbelastninga.

Vi skal ta omsyn til verknadane handlingane våre kan ha for det globale miljøet. Vi skal unngå ureining, og bør arbeide for å minske øydeleggingane dersom ulukker skjer.

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Framside: Storøyn i Barsnesfjorden
Foto: Ronny Bäckström